

# Sogn og Fjordane Fylkeskommune Førde vidaregåande skule

<b>Oppdragsgivar</b>	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
<b>Oppdrag</b>	Førde vidaregåande skule
<b>Rapport type</b>	Rom og funksjonsprogram
<b>Prosjektnr.</b>	18190
<b>Dato</b>	12.03.2019

REF



# Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Førde vidaregåande skule

Innhald:		side
<b>1</b>	<b>Generell innleing</b>	<b>4</b>
1.1	Prosjektet	4
1.2	Bakgrunn	4
1.2.1	Politiske vedtak og føringar	4
1.3	Prosjektorganisasjon	4
1.3.1	Oppdragsgjevar	4
1.3.2	Styringsgruppe	4
1.3.3	Prosjektgruppe	4
1.3.4	Programmeringsteam	5
1.3.5	Brukargrupper	5
1.4	Framdrift	5
<b>2</b>	<b>Eksisterande situasjon</b>	<b>5</b>
2.1	Skulestad Øyrane	5
2.1.1	Plassering og tilkomst	5
2.1.2	Planstatus	6
2.1.3	Studietilbod	7
2.1.4	Tomt.	7
2.1.5	Kartgrunnlag	8
2.1.6	Havnivåstigning og stormflo. Elveførebygging.	8
2.1.7	Grunntilhøve	8
2.1.8	Teknisk infrastruktur	9
2.1.9	Naboar og nærområde	9
2.1.10	Bygningar	9
2.1.11	Utomhusanlegg	9
2.1.12	Drift.	10
<b>3</b>	<b>Overordna føringar for prosjektet</b>	<b>11</b>
3.1	Mål for den framtidige skulen	11
3.1.1	Skule- og elevmiljø	11
3.1.2	Kvalitet på opplæring	11
3.1.3	Elevperspektiv	11
3.1.4	Framtidsperspektiv	11
3.1.5	Samhandling	11
3.2	Forskrift om miljøretta helsevern	11
3.3	Fagfornyninga (Meld. St. 28 (2015–2016))	12
3.4	Undervisning og tilpassa opplæring	12
3.5	Arealbehov og funksjonar	12
3.6	Hovudprinsipp for utforming av bygningar og utomhusanlegg	12
3.7	Tryggleik og beredskap	13
3.8	Lover, forskrifter, vedtekter og standardar	13
3.9	Motstrid	13
3.10	Toleransar	13
3.11	Arkitektur	13
3.12	Fargar	13
3.13	Generalitet / fleksibilitet	13
3.14	Framtidig utbygging	14

3.15	Universell utforming	14
3.16	Miljøkriterier	14
3.17	Energi og vatn	15
3.18	Brannkrav	15
3.19	Lydkrav	15
3.20	Kvalitet på det fysiske miljøet	16
3.21	Materialkvalitetar	16
3.22	Utføring	16
3.23	Fundamentering / geoteknikk	16
3.24	Bygningskonstruksjon og bygningsmessige hjelpearbeid	16
3.25	Våtrom	17
3.26	Kostnadsramme	17
<b>4</b>	<b>Brukarar</b>	<b>18</b>
4.1	Elevar og tilsette i skulen	19
4.2	Andre brukarar av skulen	19
4.3	Eksamenskule	19
4.4	Tannklinikk	19
<b>5</b>	<b>Funksjonskrav</b>	<b>20</b>
5.1	01 Bygg- og anleggsteknikk (BA)	21
5.2	02 Teknikk og industriell produksjon (TIP)	23
5.3	03 Medium og kommunikasjon (MK)	26
5.4	04 Kunst, design og arkitektur (KD)	30
5.5	05 Spesialrom – realfag, naturfag og språk	34
5.6	06 Helse og oppvekst (HO)	40
5.7	07 Restaurant- og matfag	43
5.8	08 Elektro	44
5.9	09 Service og samferdsle	50
5.10	IKT og mediefag - utgår!	50
5.11	11 Fellesrom (undervisning)	50
5.12	12 Elevtenester	53
5.13	Fellesområde	54
5.14	14 Skuleleiing og personalfunksjonar	65
5.15	15 Kroppsøving / idrett inkl. uteområde	75
5.16	16 Bygningsdrift	84
5.17	17 Vaksenopplæring / GMU	87
5.18	18 Arbeids- og kvardagstrening AKT	89
5.19	Fagskule – utgår!	91
5.20	20 Tannklinikk	91
5.21	Utomhus	97
5.21.1	Eksisterande uteområde	98
5.21.2	Uteopphaldsareal:	98
5.21.3	Tilkomst og trafikkløysingar	98
5.21.4	Parkering	99
5.21.5	Parkar og hagar	100
5.21.6	Andre utomhusanlegg	100
<b>6</b>	<b>Romprogram</b>	<b>100</b>
<b>7</b>	<b>Arealvurderingar</b>	<b>101</b>



### 1.3.4 Programmeringsteam

Grete Marøy Sellevold	ARK	Nordplan AS
Thorbjørn Sefland	ARK	Nordplan AS
Svein Melseth	RIB	Nordplan AS
Erlend Fauske	Koordinator for	Sweco AS
Elin Skjerven Talhaug	RIV	Sweco AS
Mats-Ove Leirvåg	RIE	Sweco AS
Johan Hereid	RIBR	Sweco AS
Krishna Aryal	RIGEO	Sweco AS

### 1.3.5 Brukargrupper

Det er etablert følgjande brukargrupper med leiarar:

01 Bygg og anleggsteknikk	Ivar Johan Aaberg
02 Teknikk og industriell produksjon	Ivar Johan Aaberg
03 Media og kommunikasjon	Mona Fossdal
04 Kunst, design og arkitektur	Mona Fossdal
05 Spesialrom – realfag	Jan Taule
06 Helse og oppvekst	Harald Wiken
07 Restaurant og matfag	Harald Wiken
08 Elektro	Reidun Kristiansen
09 Service og samferdsle	Reidun Kristiansen
10 Utgår	
11 Fellesrom	Inger Karin Oppedal
12 Elevtenester	Kari-Ann Bruland
13 Fellesområde inne og ute	Programmeringsarkitektane TS / GMS
14 Administrasjon og kvardagstrening	Paul Lemvik
15 Kroppsøving / idrett inkl. Uteområde	Magne Frøholm
16 Bygningsdrift inkl. reinhald	Jan Ove Gjermundstad
17 Vaksenopplæring	Inger Karin Oppedal
18 Arbeids- og kvardagstrening (AKT)	Kari-Ann Bruland
19 Utgår	
20 Tannklinikk	Clara Øberg / Elisabet Skrede

## 1.4 Framdrift

Prosjektet vert sendt ut på totalentreprisekonkurranse våren 2019 med anbudsfrist til hausten. Byggherren arbeider med vidare planlegging av framdrifta.

## 2 Eksisterande situasjon


### 2.1 Skulestad Øyrane

#### 2.1.1 Plassering og tilkomst


Mo og Øyrane vidaregåande skule  
Skulestad Øyrane  
Øyravegen 1  
6801 Førde

Tlf 57 63 73 00  
[post.moy@sfj.no](mailto:post.moy@sfj.no)





Kart over Førde sentrum. Skulestad Øyrane ligg nord for Førde sentrum. Hafstad vgs sine programområde flyttast og samlokalisert til Øyrane.




Busstasjonen ligg midt i Førde sentrum. I dag er det om lag 700 m (via gangveg) mellom skuleområdet på Øyrane og busstasjonen.

### 2.1.2 Planstatus

Tomta er omfatta av ny områdeplan for Indre Øyrane. Områdeplanen har vore lagt ut til offentlig ettersyn november/desember 2018. Planen skal opp til politisk behandling av Førde kommune i slutten av mars 2019.

Områdeplanen er førande for utvikling av Førde vidaregåande skule. Det er krav til å utarbeide detaljreguleringsplan for området. I tillegg til område for eksisterande skule o\_BU er det opna opp for at område o\_BAT kan nyttast til undervisningsføremål/barnehage. Det er også opna opp for at krav til uteoppholdsareal for skule kan løysast innanfor parkområde o\_BLK. Dette er felles park- og leikeområde for heile Indre Øyrane. Detaljreguleringsplanen skal bygge på valt løysing i entreprisekonkurransen og vil bli utarbeidd parallellt med samspelsfase/forprosjekt.



Utsnitt plankart. Tomteareal avsett til byggeføremål ved Øyrane vidaregåande skule.: 30,1 daa.

### 2.1.3 Studietilbod

#### Mo og Øyrane vidaregåande skule

Mo og Øyrane vidaregåande skule har for skuleåret 2018-19: 481 elevar fordelt på 37,5 grupper. 147 av desse elevane er lokalisert på Avdeling Mo (tidlegare Mo landbruksskule). Grupper og elevtal kan ha litt variasjonar frå år til år. I tillegg kjem elevtilbod på vaksenopplæring og GMU som føregår på dagtid.

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektrofag
- Helse- og oppvektsfag
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag
- Service og samferdsle
- Teknikk og industriell produksjon
- GMU (Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom)
- Opplæring på UPH (Ungdomsavdeling for psykisk helsevern)
- Vaksenopplæring
- Div. kurstilbod

#### Hafstad vidaregåande skule

Hafstad vidaregåande skule har for skuleåret 2018-19: 574 elevar fordelt på 19 grupper. I tillegg kjem elevtilbod på vaksenopplæring, som føregår på kveldstid.

- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Påbygging til generell studiekompetanse
- Studiespesialisering
- Vaksenopplæring

### 2.1.4 Tomt.

#### Eksisterande Øyrane vidaregåande skule

Gnr. 21 Bnr. 581 Eigar: Sogn og fjordane fylkeskommune  
Adresse: Øyravegen 1, 6801 Førde





Tomteareal	25.253 m <sup>2</sup>
Bebyggd areal BYA:	8310 m <sup>2</sup>
1, 2 og 3 etasjer	
%-BYA eks.parkering	32,9 %
%-BYA med parkering	41,6,0%
Eks. parkeringsplassar:	
Bilparkering	2185 m <sup>2</sup>
(94 p-plassar)	
Supplerande parkering ved bygg og TIP.	
Scooter/MC parkering	162 m <sup>2</sup>
Sykkelparkering	146 m <sup>2</sup>

Tomta for Øyrane vg skule ligg like nord for Førde sentrum, på austsida av Riksveg 5 mellom Førde – Florø. Området nord, sør og aust for tomta er i dag dyrka mark på Indre Øyrane. Indre Øyrane er ei elveavsetning i utløpet av Jølstrelva til Førdefjorden. Tidlegare gjekk det gamle elveløpet i ein meandersving tilbake opp mot kyrkje, med utløp ved Korsavegen. Her var det historiske gamle sentrum i Førde, med kyrkje og tingstove. Etter at Jølstra tok nytt elveløp på Hafstadsida i 1780, vart det gamle elveløpet ei bakevje som har grodd til over tid. I dag er dette gamle elveområdet ein viktig biotop for plantar og fuglar, med spesiell verneverdi.

### 2.1.5 Kartgrunnlag

Det er innhenta digitalt grunnkart i sosi-format (juni 2018) som ligg ved som del av anbudsgrunnlaget. Når det gjeld planlagde og nyleg gjennomførte tiltak for veg og anna infrastruktur er tilbydar sjølv ansvarleg for å innhente den informasjon som er naudsynt.

### 2.1.6 Havnivåstigning og stormflo. Elveførebygging.

Krav til cotehøgder ferdig golv i nybygg og krav til vasstett konstruksjon under terreng grunna høg grunnvannstand og havnivåstigning/stormflo ligg i føresegner til områdeplan.

### 2.1.7 Grunntilhøve

Det er utført geotekniske grunnundersøkingar – datarapport i samband med områdeplan Indre Øyrane. Grunnundersøkingane er utført med geoteknisk borerigg, totalt 14 totalsonderingar. Oppsummering frå rapporten:

*Undersøkingane syner at tjukna på lausmassane hovudsakleg er større enn 25 m. Eit unntak er området ved Sjøhola der det er registrert berg i dagen, samt lausmassedjupne på mellom 7,1 og 21,8m. Grunntilhøva er relativt homogene og består hovudsakleg av middels fast til fast lagra materiale, men med einskilde lag som er laust lagra. Middels fast og fast lagra materiale er tolka som grusig sand. Medan laust lagra materiale består av antatt humushaldig sandig silt.*

Det er også utført grunnundersøkingar i området der Statens vegvesen har planlagt ny bru over Løken, frå Indre Øyrane til Langebruvegen, i prosjekt «Førdepakken».

Følgjande rapportar vert lagt som vedlegg anbudsgrunnlag:

- «Rapport Indre Øyrane områderegulering – Grunnundersøkingar – datarapport», Multiconsult, datert 31.10.2016.
- «Førdepakken, tiltak 12. Indre Øyrane - Langebruvegen. Datarapport fra geotekniske grunnundersøkelser», Statens vegvesen 07.07.2016.

Rapportane er reine datarapportar uten faglege vurderingar.



### 2.1.8 Teknisk infrastruktur

Plankart vedk. teknisk infrastruktur i grunnen og luftspenn vert lagt ved som vedlegg til anbudsgrunnlaget. Det er nyleg etablert fjernvarmeanlegg (Førdefjorden Energi AS) som går i gang- og sykkelvegnett på sørleg del av tomteområde for Øyrane vgs og vidare i planlagt gangveg-akse nord-sør i områdeplanen for Indre Øyrane. Ut over det som kjem fram av vedlegg til anbudsgrunnlaget, er tilbyder sjølv ansvarleg for å innhente den informasjon som er naudsynt.

### 2.1.9 Naboar og nærområde

Indre Øyrane ligg like utanfor det som er definert som sentrum i Førde. Området er sentrumsnært og det er kort gangveg frå sentral busstasjon. Øyrane vgs ligg like ved Rv 5. Støysoner og krav til nybygg kjem fram i føresegner til områdeplan.

Nærområdet rundt skulen er i dag landbruksareal, men er planlagt som ein ny sentrumsnær bydel med tett bustadutbygging, offentleg areal (barnehage og omsorgsbustadar) og næring. Utbygginga for Førde vgs må ta omsyn til planlagt ny bebyggelse, spesielt når det gjeld nærområde til bustadar og felles parkområde.

### 2.1.10 Bygningar



Byggeår: 1994

Areal på Øyrane: ca. 11.000 m<sup>2</sup>.

Bruk: vidaregåande skule for yrkesfag. I 2014 vart landbruksskulen på Mo lagt under Øyrane vgs med nytt namn: Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Det er utført bygningsteknisk gjennomgang og utarbeidd tilstandsrapport for bygning og tekniske anlegg av Nordplan AS / Sweco AS, 2018. Vert vedlagt anbudsgrunnlag.

Teikningsgrunnlag for bygning og tekniske anlegg vert og lagt ved anbudsgrunnlaget.

### 2.1.11 Utomhusanlegg

Den vidaregåande skulen har eit spesielt flott opparbeidd grøntområde. Vest på tomta, mot rundkøyring og Rv5 er det laga mindre terrengvollar mellom anna for å dempe trafikkstøy for uteopphaldsområde ved skulen. Skuleområdet har elles ei spesielt fin parkmessig opparbeiding med gangvegsamband, plantebed som skil parkeringssoner, vasspeil og kunstnerisk utsmykking. Hovudtilkomst i sør-austleg hjørne, der det er lagt inn sнопlass for buss og plass til oppstilling for to bussar.

Øyrane vg skule fekk i 2005 pris for «vakreste uteanlegg» frå Sogn og Fjordane hagelag.



#### **2.1.12 Drift.**

I byggetida vil det foregå normal drift i eksisterande anlegg på byggeområdet. Entreprenøren må ta omsyn til dette. Det vil vere nødvendig å legge dei mest støyende aktivitetane til tidspunkt som er avklart med byggherren.

## 3 Overordna føringar for prosjektet

### 3.1 Mål for den framtidige skulen

Førde vgs. er både eit skuleutbyggings- og skuleutviklingsprosjekt. I dette arbeidet må ein ta omsyn til nasjonale føringar, samtidig som strategiarbeidet i første fase må vere meir overordna enn skulane sine noverande handlingsprogram.

#### 3.1.1 Skule- og elevmiljø

Hovudmålet er å bygge for eitt samla og sterkt skulemiljø for alle elevane, og som skal legge til rette for gode relasjonar mellom elevar og tilsette. Denne relasjonen er viktig for elevar sin læring og trivsel. Skulebygget skal legge til rette for at elevar og tilsette blir kjent og kan vere ilag på tvers av fagområde, samtidig som alle elevar skal tilhøyre sitt utdanningsprogram. På ettermiddag og kveld skal skulebygget vere tilrettelagt for ulike målgrupper som t.d. hybelbuarar og elevar i vaksenopplæring.

#### 3.1.2 Kvalitet på opplæring

Skulen skal ha høg kvalitet på opplæring som vert gitt, både i klasserom og verkstad. Den nye skulen skal skape ein kollektivt samarbeids- og utviklingskultur for å forbetre undervisningspraksis og læring for elevane. Opplæringa skal gi gode overgangar til opplæring i bedrift, vidare yrkesutdanning eller studiar ved høgskule og universitet. Skulen skal vere «tett på» alle elevar med støtte og oppfølging frå til avslutta kompetanse i yrkesfag og studiekompetanse. Skulen skal legge til rette for differensiert undervisning basert på individuelle elevbehov.

#### 3.1.3 Elevperspektiv

Gode relasjonar mellom lærarar og elevar er svært viktig for elevane si læring og trivsel. Alle vaksne ved skulen er viktige for elevane og dei vaksne har ansvar for å legge til rette for å fremje positive relasjonar til elevane og mellom elevane. Vi ønsker eit skulebygg der vaksne er synlege og tilgjengelege for elevane. Vi ønsker ein skule der personalet samarbeider tett om elevane og planløysinga må legge til rette for møteplassar for personale og for lærarar og elevar.

#### 3.1.4 Framtidsperspektiv

Bruk av mykje eksisterande bygningsmasse er føresetnader for utbygginga. Likevel må den nye skulen byggjast so fleksibel som råd er, slik at skulen kan tilpasse seg nye sentrale føresetnader som t.d. endringar i læreplanar. Løysingane skal vere fleksible slik at dei kan dekke nye funksjonar, handtere grupper med ulik storleik og kunne endre areala til nye føremål ved nye behov.

Utviklinga av informasjonsteknologien går stadig fortare og Førde vidaregåande skule skal vere ein skule der bruk av IT-teknologi står sentralt. Skulen skal ruste elevene til eit framtidig arbeidsliv som vil krevje høg grad av digital kompetanse. Alle elevane skal få høve til å utvikle digitale læringsstrategiar og oppnå nødvendig digital kompetanse. Dei digitale møteplassane skal vere mobile og ein må utstyre alle læringsareala med tanke på det.

#### 3.1.5 Samhandling

Den nye skulen må gje rom for læring på tvers av fagområde og identifisere viktige områder for samhandling og sambruk av funksjonar – både m.o.t. fellesareal og verkstadar og spesialrom. Samhandling mellom ulike fagområde vil bli stadig viktigare i samfunnet. Bruk av noverande rom og lokalisering for nokre utdanningsprogram og programområde (definert seinare i dokumentet) påverkar rammene for samhandling og samarbeid. God samhandling innber også å konkretisere effektive modellar for arealbruk, investeringar, drift og kompetanse.

### 3.2 Forskrift om miljøretta helsevern

Prosjektet skal stette krava i forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar med tilhøyrande rettleiar.

### 3.3 Fagfornyinga (Meld. St. 28 (2015–2016))

I fagfornyinga (fornyning av kunnskapsløftet), blir det lagt vekt på at eit samfunn i endring ògså krev ein skule som har evne til fornying og endring. Med verknad frå 2020 blir det innført ei fornying av alle faga i skulen, for å gje elevane meir djupnelæring og betre forståing. I tillegg vil den gi skulen sitt breie dannelsingsoppdrag ein tydeligare plass i skulekvardagen. Dette med ein ny overordna del som peikar på verdiar og prinsipp for opplæringa. Her blir det lagt vekt på dei fire kompetanseområda sosial læring og utvikling, kompetanse i fag med rom for djupnelæring, grunnleggande ferdigheiter òg lære og læring. Det blir peika på dei tre tverrfaglege tema folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, samt berekraftig utvikling.

### 3.4 Undervisning og tilpassa opplæring

I Stortingsmelding 61(1984-1985) vert det slått fast at alle har rett til tilpassa opplæring. Dette vart vidareført i kunnskapsløftet, òg i fagfornyinga som blir innført frå 2020. Her heiter det at skulen skal legge til rette for læring for alle elevar og stimulere den enkelte sin motivasjon, lærelyst og tru på eiga mestring. Retten til tilpassa opplæring er ògså heimla i opplæringslova § 1-3.

### 3.5 Arealbehov og funksjonar

Skulen sine vurderingar, referansar / samanlikningar med andre skular (Askøy, Åsane, Voss, Sogndal), og FEF-modellen, er lagt til grunn ved utarbeiding av romprogrammet. Ein skal ògså i vidare arbeid sjå til FEF-modellen, men det er skulen sine vurderingar som er styrande for arealbehovet, både samla og for ulike utdanningsprogram og funksjonar.

Skulen skal utformast så fleksibelt at ein skal kunne tilpasse seg endringar i elevgrupper utan at dette skal medføre stor tekniske eller økonomiske konsekvensar.

Samla rom- og funksjonsprogram er resultat av arbeid i brukargruppene, prosjektgruppa og styringsgruppa. I brukargruppene sitt arbeide har ein teke utgangspunkt i følgjande punkt:

- Den fysiske plasseringa og innhald av «hjarte» i skulen.
- Dagens arealfordeling på ulike utdanningsprogram, programområder og elevtenester etc. Meirbehov må grunngjevast.
- Føresetnadar for gjenbruk og sambruk av areal.

Realisering av Førde vgs. må basere seg på at mykje av dagens areal- og bygningsmasse må gjenbrukast eller tilpassast nye formål. Dette kan legge føringar for lokalisering og dimensjonering av andre funksjonar. På bakgrunn av dette er det behov for å legge nokre prinsipielle føringar i rom- og funksjonsprogrammet for gjenbruk og arealbruk. I tillegg må evt. miljømål m.o.t. materialval og energi definerast.

### 3.6 Hovudprinsipp for utforming av bygningar og utomhusanlegg

Prosjektet skal utformast i samsvar med krav frå byggherre og brukarar.

Boblediagram (Kap. 5 Funksjonskrav) som viser hovudprinsipp for organisering av skulen med *basar / hjartet i skulen* skal leggest til grunn for konkurransefasen og for vidareutvikling av prosjektet i samspelsfasen.

Ved utarbeiding av rom og funksjonsprogram er areal klassifisert som *nybygg, ombygging og gjenbruk* (sjå fargekodar blå, grøn, gul i romprogram). Metoden er nytta som arbeidsgrunnlag ved programmering og utarbeiding av budsjett. Tilbydar er ansvarleg for vidareutvikling av prosjektet i samsvar med funksjonskrav og budsjettmål, og står fritt i høve til denne klassifiseringa.

Det vert gjort merksam på at vedlagde illustrasjonar er prinsippsskisser, og er såleis ikkje komplett i høve til funksjonskrav / romprogram. Dei er heller ikkje utfyllande og korrekt i høve til storleikar / mål. På same måten er areal i vedlagt romprogram rettleiande. Det er tilbydar sitt ansvar å tilpasse rom (areal og volum) i samsvar med funksjonskrav / brukarkrav.

Tilbydar er ansvarleg for å tilby løysingar som fyller krava for tildeling av tilskot til fleirbrukshall frå Idrettsavdelinga i Kulturdepartementet.



Tilbydar skal gjennom heile prosessen med planlegging og gjennomføring gjere sitt beste for at det vert levert gode løysingar for byggherre og brukarar.

### **3.7 Tryggleik og beredskap**

Tryggleik mot personskadar, både for elevar, tilsette og vedlikehaldspersonale skal ivaretakast i prosjektet. Arbeidstilhøve skal leggast til rette slik at ein unngår belastningsskadar for dei tilsette.

Det skal vere trygg tilkomst for vedlikehaldspersonale til alle område med tekniske installasjonar, også til tak.

For utomhusanlegget skal trygge løysingar i høve til trafikkavvikling vektleggast.

### **3.8 Lover, forskrifter, vedtekter og standardar**

Totalentreprenøren er ansvarleg for at kontraktarbeidet vert gjennomført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, gjeldande relevante standardar og rettleiarar samt lokale vedtekter og føresegner. Også kostnader knytt til forskriftskrav eller evt. pålegg frå bygningsmyndighetene på eksisterande bygg eller anlegg som kjem fram som følge av tiltaket, skal medtakast i pris frå tilbydar.

All utrustning skal vere sertifisert og merka der det er krav om dette.

Prosjektet skal så langt som mogleg gjennomførast utan dispensasjonar. Søkand om dispensasjon kan nyttast berre dersom dette vert godkjent av byggherren. Evt. søknad om dispensasjon skal ikkje leggast til hinder for tilskot / finansiering.

### **3.9 Motstrid**

Ved evt. motstrid som kan føre til avvik eller reduserte tilskot gjeld lover, forskrifter, vedtekter og krav frå kulturdep. / idrettsavdelinga før byggherren sine krav.

### **3.10 Toleransar**

Om ikkje anna er nemnt gjeld toleransekrav i samsvar med *Byggforskblad 520.008 Toleranser, anbefalte toleransekrav til ferdig overflate*. Der det utifrå funksjonskrav ikkje er behov for strengare toleranseklasse gjeld normalkrav i NS 3420.

### **3.11 Arkitektur**

Det skal leverast eit anlegg av god arkitektonisk kvalitet med ei harmonisk og heilskapleg utforming. Ved utforming av anlegget skal det søkast gode arkitektoniske løysingar på dei konkrete behova funksjonsprogrammet skisserer, basert på framtidretta plan-, form- og konstruksjonsprinsipp, fleksibilitet, generalitet, tekniske løysingar og materialbruk. Miljømessige kvalitetar, visuell openheit, dagslys, varierte romareal, visuell og fysisk kontakt mellom bygg og uterom skal vektleggast. Bygningar og utomhusanlegg skal vere stadstilpassa, og det skal takast omsyn til dei som vert naboar til anlegget.

### **3.12 Fargar**

Totalentreprenøren skal i samarbeid med byggherren utarbeide komplett fargeplan for sin leveranse samt laust inventar. Byggherren skal ha høve til å bestemme fargar innafør leverandøren sitt standardutval. Som grunnlag for byggherren sitt val skal entreprenøren levere farge- og materialprøvar og evt. oppstrøksprøvar av måling. Byggherren ynskjer i utgangspunktet eit "roleg" fargeval med hovudfokus på bruk av einsarta lyse fargar. Fargesetting skal vere i samsvar med krav til universell utforming, dvs. ledeliner, kontrastar mv.

### **3.13 Generalitet / fleksibilitet**

Anlegget skal utformast fleksibelt og generelt slik at det over tid kan tilpassast nye læreplanar og nye elevgrupper utan at det må gjerast omfattande endringar med store tekniske og økonomiske konsekvensar. Planstruktur og hovedkonstruksjonar skal ha maksimal generalitet og fleksibilitet. Fysiske avgrensingar mellom ulike sonar / rom må så langt det er råd vere tilrettelagt for ombygging. Anlegget skal ha planmessig openheit for endringar, dvs.

at hindringar i form av søyler, bjelkar, bæreveggar, våtrom eller tekniske føringsvegar skal minimaliserast. Det skal velgast ein brannstrategi som tilrettelegg for framtidige endringar.

Ved dimensjonering av klimaanlegga sine storleikar skal det reknast med 100 % samtidighet i alle rom, dvs. at alle rom er maksimalt utnytta med eit maksimalt mengde personar samstundes. Dette vil føre til at tekniske installasjonar vert overdimensjonert i forhold til normal drift, og krava til fleksibilitet og generalitet for installasjonane vert på denne måten vurdert å være oppfylte. I tillegg skal viftene i ventilasjonsanlegga kunne girast opp med inntil 15 % auke i luftmengder/viftefrekvens, med trykkforhold som følgjer anleggs karakteristikken til det ferdige anlegget.

Elles gjeld følgjande krav til reserveplass/reservekapasitet for tekniske installasjonar:

- Ventilasjonssjakter med 20 % reserveplass for framtidig montasje av kanalar for spesialventilasjon.
- Rørsjakter med 20 % reserveplass for framtidig montasje av røyrinstallasjonar.
- Elektrosjakter med 20 % reserveplass for framtidig montasje av kablar.
- Elektrotavler med 20 % reservekapasitet og reserveplass for framtidig montasje av utstyr.
- Horisontale føringsveier med 20 % reserveplass for framtidig montasje av utstyr.

Tekniske installasjonar skal i størst mogeleg grad ikkje installerast i innvendige skiljeveggar, slik at framtidig fjerning og oppsetting av skiljeveggar kan gå føre seg med minimalt inngrep i installasjonane.

Tekniske installasjonar i rom som kan delast opp eller kan slåast saman, må sonedelast og styrast slik at dei både kan styrast enkeltvis i ulike soner eller samla som ei større sone.

Det skal takast særskilde omsyn til generalitet og fleksibilitet ved utforming av teknologihallen. Hallen skal ha ei generell rektangulær form med romhøgde lik 2 etasjehøgder. Hallen skal ha traverskran som betjener heile golvarealet i verkstad for plate / sveis. Resten av hallen skal vere førebudd for ettermontering av kranskiner. Etter komplettering av kranskiner skal traverskran kunne betjene heile hall-arealet. Ved endra behov skal det vere høve til å ettermontere dekker for å doble effektivt golvareal i hallen. Planløyning, konstruksjonar og tekniske installasjonar skal vere førebudd for dette.

### 3.14 Framtidig utbygging

For å ivareta kravet til framtidig utvikling av anlegget skal prosjektet ivareta moglegheitene for ombygging, utbygging og påbygging. Moglegheitene skal vurderast og dokumenterast i konkurransefasen og vidareutviklast i samspels- og gjennomføringsfasen.

### 3.15 Universell utforming

Det vert stil krav til universell utforming av produkt og omgjevnader på en slik måte at dei kan nyttast av alle i så stor grad som mogeleg utan behov for tilpassing og spesiell utforming. Det vert vist til TEK teknisk forskrift og NS 11001-1:2018.

Dei prosjekterande skal kontrollere at universell utforming er ivaretatt ved å legge sjekklister *Byggforsk 220.311 Sjekkliste for prosjektering av universelt utformede bygningar og utearealer* til grunn. Utfylt sjekklister skal uoppfordra leggjast fram for byggherren.

### 3.16 Miljøkriterier

Gode klima- og miljøløyningar skal vektleggast. Det er tilbydar som er ansvarleg for at miljømessige konsekvensar vert ivaretekne. Vi oppmodar om å vurdere omfattande bruk av tremateriale.

Følgjande miljøkrav gjeld ved val av materiale:

Materiale som ikkje skal nyttast:

- Materiale på miljøvernstyresmaktene si Obs-liste.
- Produkt utan godkjent dokumentasjon av innhald.
- Produkt med helsefaremerking dersom det finnast andre alternativ.
- Nye, uprøvde material.

- Særskilte produkt:
  - PVC-holdige produkt med mindre det kan dokumenterast at det ikkje finnast alternativ til det spesifiserte bruksområdet. PVC-takfolie kan nyttast.
  - Materiale og andre produkt tilverka av tropiske treslag.
  - Materiale som er impregnert med tungmetall eller arsenholdige antiråtemiddel.
  - Open mineralullisolasjon.
  - Ubehandla betong og andre flater som gjev frå seg støv innvendig.
  - Disocyanatar/polyuretan eller andre fuge-/tetningsmasser, lim etc. som gjev frå seg gassar ved normal bruk eller i brann.
  - Produkt som inneheld EDHP-mjuknarar.
  - Tepper og andre «lodne» flatebelegg skal normalt ikkje brukast.

Materiale som nyttast skal ha:

- Ubetydeleg avgassing av uherda kjemiske stoff. Derimot kan materiale med høg, men rask avgassing nyttast, føresett at det vert gjennomført uttørring før bygget vert teke i bruk.

### 3.17 Energi og vatn

Val av energieffektive løysingar skal vektleggast.

Det skal installerast energimålarar som gjer det mogeleg å følge opp energi- og vassforbruket på en effektiv og hensiktsmessig måte.

Det skal skiljast mellom:

- Elektrisk energi til teknisk drift
- Elektrisk energi til oppvarming
- Anna energiforbruk til oppvarming
- Vassforbruk

Det skal installerast utstyr for regulering av maksimaleffekten for elektrisk kraft. I tillegg skal det og vurderast om bygningen skal delast opp i hensiktsmessige soner.

### 3.18 Brannkrav

Dei branntekniske tilhøva skal løysast med eit tryggleiksnivå som stettar forskriftene. Dette kan gjerast etter preaksepterte løysingar etter TEK, eller med grunnlag i analyse. Det skal i det innsendte materialet føreligge brannteknisk strategi som summerer opp hovudkrava i valde løysingar for anlegget.

Eventuell naudsynt etablering av hydrantar skal prosjekterast og takast med i pris.

I gjennomføringsfasen skal det utnemnast ein aktør som får det overordna ansvaret for branntetting, uavhengig av kva fag gjennomføringa eller tettinga høyrer til.

Dokumentasjon for branntetting skal mellom anna innehalde type gjennomføring, type tettesystem/produkt, produktgodkjenning samt mengder og lokasjon slik at den er sporbar.

Nødvendig oppgradering av eksisterande anlegg ihht. tilstandsanalyse skal inngå i prosjektet.

### 3.19 Lydkrav

Anlegget skal utførast i samsvar med krava i NS 8175, lydklasse C. Det skal utarbeidast Lydkonsept av rådgjevar akustikk (RIAkustikk). Luftlydisolasjon skal oppfylle krava i tabell 6 og 7, trinnlydkrava i tabell 8 og 9, medan etterklangstida skal tilfredsstillende krava oppgjeve i tabell 10. Evnt. krav som byggherren har ut over dette er opplyst om i tilbudsgrunnlaget.

Dersom det oppstår tvil om utførelsen, skal tilbydar dokumentere ved akustiske berekningar og målingar at krava er overheldne. Dersom det viser seg at krava ikkje er overheldne, skal tilbydar dekke alle kostnader til dokumentasjon, målingar og utbetring.

### 3.20 Kvalitet på det fysiske miljøet

Det skal leverast eit anlegg av god estetisk, teknisk og handverksmessig kvalitet. Alle konstruksjonar og materialar skal vere robuste, og må tole dei påkjenningar ein må rekne med at dei kan verte utsett for. Krav og tilrådingar frå SINTEF Byggforsk samt aktuelle standardar, normer, normalreglement og rettleiingar frå materialleverandørar etc. skal oppfyllest.

Levetida for nye bygningar og anlegg settast til minimum 60 år.

### 3.21 Materialkvalitetar

Det skal nyttast materiale med ein kvalitet som samsvarar med forventa, normal levetid for den aktuelle bygningsdelen. Det skal ikkje nyttast materiale med forventa levetid vesentleg lengre enn eller stuttare enn bygningsdelen si levetid. Materialval skal vere utan helseskadelege avgassar og vera av normal nøktern standard.

Materiale med eksponert overflate skal ha:

- God slitasjemotstand, vere smussavvisande og ha lågt behov for pleiemiddel.
- Låg porøsitet, jamn og glatt overflate med matt eller halvmatt glans.
- God kjemikaliemotstandsstyrke.
- Vaskbar overflate.

### 3.22 Utføring

Kvaliteten på utføringa, definert ved bransjestandardar og forskrifter, skal tilpassast levetid og funksjon. Kvaliteten skal samstundes reflektere røff bruk på skuler gjennom varige og robuste løysingar. Det inneber at ved bygningsdelar med lang levetid og kritisk funksjon, skal det vere høge kvalitets- og toleransekrav til, og vise versa.

Løysingsforslaget må være utforma på ein slik måte at alle driftsmessige omsyn vert ivareteke på ein god måte. Preaksepterte løysingar skal primært nyttast.

### 3.23 Fundamentering / geoteknikk

Vedlagt konkurransegrunnlaget ligg notat for vurdering av grunnforhold for nye Førde vidaregåande skule. Notatet er utarbeidd av Sweco AS og byggjer på tidlegare utførte grunnundersøkingar utført i i samband med områdeplan for Indre Øyrane og vegprosjekt «Førdepakken», jfr. punkt 2.1.6 Grunntilhøve.

Det er ikkje utført grunnundersøkingar på eksisterande tomt der Øyrane vgs ligg i dag. Sweco anbefalar å utføre grunnundersøkingar for å kartlegge grunnforhold for kvart bygg som skal etablerast. Omfang av grunnundersøkingane må vurderast, men Sweco trur at omfanget kan vere ca. 15 stk. totalsonderingar. Det vert tilrådd laboratorieundersøkingar for å ha tilstrekkeleg datagrunnlag for å vurdere bæreevne og setningsstørrelsar for dei enkelte tilfelle. Desse vurderingane skal ligge til grunn for omfang av nødvendig geoteknisk undersøking og prosjektering.

Vedlegg - Notat Geoteknikk\_10206950-RIG-N01\_A01

### 3.24 Bygningskonstruksjon og bygningsmessige hjelpearbeid

Ved utforminga av bygningskonstruksjonen må det takast omsyn til samspelet med dei tekniske installasjonane.

Dette omfattar mellom anna:

- Dilatasjonsfuger utformast slik at tekniske installasjonar som kryssar fugene ikkje vert utsett for større rørsler enn dei er berekna for.
- Installasjonar i grunn som skal førast inn i bygningskonstruksjonane skal sikrast mot faren for setningar og vassinntrenging.
- Konstruksjonane dimensjonerast/ forsterkast slik at dei er førebudd for naudsynt holtaking for tekniske installasjonar og liknande. Dette gjeld og prefabrikkerte konstruksjonar som holdekke etc.
- Konstruksjonane skal forsterkast slik at innfesting av teknisk utstyr og innreiing vert tatt vare på, mellom anna spikarslag i lettvegger.



- Andre naudsynte bygningsmessige hjelpearbeid for tekniske installasjonar.

### 3.25 Våtrom

For utføring av våtrom skal den til ein kvar tid gjeldande utgåve av «*Byggebransjens våtromsnorm*» leggjast til grunn. Dette gjeld krav til løysingar og materialbruk, men også krav til organisering og styring. Om entreprenøren ikkje er BVN-godkjent må han dokumentere tilsvarande kompetanse.

Fuktsikre løysingar skal veljast, jfr. *Byggforsk 474.511 Vurdering av fuktsikkerhet – Kontrollpunkter*.

For følgjande rom leggjast våtromsnorma til grunn for både bygningskonstruksjonar og tekniske installasjonar:

- Dusjrom/bad
- Bøttekott

For følgjande rom leggjast våtromsnorma til grunn for golv og i våte soner på vegg:

- Toalett
- Garderober
- Storkjøkken
- Kantinekjøkken
- Kjemilaboratorium
- Tekniske rom
- Ventilasjonsrom

### 3.26 Kostnadsramme

Kostnadsramme / styringsmål for prosjektet er sett til 720 mill. kr. inkl. mva. Av dette utgjer ca. 692 mill. bygning og utomhusarbeid i samsvar med kontoplan i Norsk prisbok 2018.

Resterande 28 mill. er sett av til grunnkjøp, laust inventar, spesialutrustning m.v.

Kostnader knytt til rekkefølgjekrav i utbyggingsplan, prisstigning fram til ferdigstilling og finansieringskostnader inngår ikkje i kostnadsramma. Kostnadsramma er basert på kostnadsoverslag desember 2018. Vurderingar knytt til finansiering (tilskot m.v.) er ikkje trekt inn i samband med kostnadsvurderinga.

Kroppsøvningsprosjektet har eit potensiale på tildeling av spelemidlar på ca. 14,9 mill. i tillegg til evt. ekstra utlyste midlar til aktivitetssalar.

## 4 Brukarar

### Dimensjoneringsgrunnlag:

Nøkkeltal samla for Øyrane/Hafstad (eks Mo)		Tal	Grupper	Merknad
Studiespesialisering		363	12	
Kunst, design, arkitektur		45	3	
Medier og kommunikasjon		45	3	
Påbygg generell studiekompetanse		30	1	
Bygg og anlegg		86	7	
Teknikk og industriell produksjon		61	5	
Elektro		61	5	
Helse og oppvekst		113	8	
Restaurant og matfag		31	2	
Service og samferdsle VG1/VG2 av YSK 4-årig		29	2	
Vaksenopplæring		72	6	BA,HO,RM,SS
Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom (GMU)		24	2	
Arbeids- og kvardagstrening (AKT)		20	-	
Oppfølgingstenestene (OT)		30	-	
<b>SUM elever</b>		<b>998</b>	<b>56</b>	
<i>Sum elevar kroppsøving, inkl. Mo</i>		1007	62	
<b>LÆRARAR og ASS.</b>		<b>142</b>		
<b>BASE 1</b> Studiespesialisering	41	49		
Kunst, design, arkitektur	4			
Medier og kommunikasjon	4			
Vaksenopplæring				kveldstid
<b>BASE 2</b> Restaurant og matfag	5	36		
Helse og oppvekst	16			
Service og samferdsle	5			
Fellesfag	10			
<b>BASE 3</b> Bygg og anlegg	11	57		
TIP	12			
Elektro	8			
Realfag	11			
Fellesfag	12			
Vaksenopplæring	3			dagtid
<b>LEIING og FELLES TENESTER</b>		<b>50</b>		
Adm. leiing	5			
Avdelingsleiarar	8			
Kontor/Merkantil	5			
Bibliotek	3			
IKT	5			
Oppfølgingsteneste (OT)	3			
Arbeids- og kvardagstrening (AKT)	6			
Elevtenester	15			
<b>DRIFT</b>		<b>22</b>		
Reinhaldarar	12			
Driftspersonell	6			Inkl. lærling
Kantinepersonell	4			
<b>Sum tilsette Førde vg skule</b>		<b>214</b>		
<b>+ Førde Tannhelseklinikk</b>		<b>14</b>		

*Ikkje alle stillingar er 100%-stillingar.*

#### **4.1 Elevar og tilsette i skulen**

Førde vidaregåande skule skal dimensjonerast for om lag 1000 elevar og 214 tilsette (eks. avdeling Mo), og handtere naturlege variasjonar i grupper på utdanningsprogramma slik som i dag. Fleksible løysingar for lett tilgang og god sambruk av rom er særst viktig.

#### **4.2 Andre brukarar av skulen**

I tillegg til dette har skulen tilbod knytt til arbeidslivsfag og utdanningsval. Skulen har og samarbeid med fagskulen. Det skal tilretteleggast for bruk av skulen på kveldstid, bl.a. til vaksenopplæring.

#### **4.3 Eksamenskule**

Skulen vil ha rolle som eksamenskule. Nokre eksamenstal for 2018 (Hafstad):

Hausten 2018:

- Skriftleg eksamen (både privatistar, NUS-elevar og litt leigde eksamenar): 359 kandidatar (eksamensperiode 13.11 – 30.11 + 5 dagar med leigde eksamenar i desember)
- Munnleg eksamen privatistar + NUS-elevar: 106 kandidatar fordelt på 23 parti (eksamensperiode 04.12. – 19.12)

Våren 2018:

- Skriftleg eksamen: totalt 961 kandidatar, derav 335 privatistar (eksamensperiode 22.05 – 05.06 + leigde eksamenar 5 dagar i starten av mai)
- Munnleg eksamen privatistar: 88 kandidatar fordelt på 20 parti (eksamensperiode 20.04 – 05.05)
- Munnleg eksamen elevar: 211 kandidatar fordelt på 39 parti (eksamen i juni)

Tal kandidatar som gjennomfører eksamen på Hafstad er ganske stabilt frå år til år.

#### **4.4 Tannklinikk**

Førde tannklinikk skal samlokalisert med Førde vidaregåande skule. Dei har ikkje sambruk med skulen, og skal planleggast som eiga eining med eigen inngang og funksjonar. Klinikken vil ha pasientar i alle aldrar og med stort spenn i funksjonsnivå. Førde Tannhelseklinikk er ei eiga eining med 14 tilsette.


## 5 Funksjonskrav

For å oppfylle «Mål for den framtidige skulen» (kap.3) og skape «ein skule» skal nybygg etablerast i ei samla og kompakt løysing saman med eksisterande bygg. Heile skulen, med unntak av nybygg for kroppsøving, eksisterande blokk F lager for driftsavdelinga og blokk G kaldlager for byggavdelinga, skal bindast saman med innvendig vrimleareal med korte gangavstandar organisert kring eit sentralt område: «**Hjartet i skulen**». Området må ligge nær hovudinngangen og skal og vere senter for orientering og kommunikasjon. Hjartet i skulen skal signalisere åpenheit og legge til rette for samarbeid mellom lærarar og elevar, og samhandling mellom grupper av elevar. I Hjartet i skulen må det vere vrimleareal med sosiale møteplassar og område for kulturformidling (utstilling). Det må vere direkte tilgang til servicesenter/ resepsjon, kantine, bibliotek, samlingsrom m.v. (sjå og kap. 5.13 Fellesområde). Realisering av planane om å binde saman heile skulen krev integrering av fellesområde og innvendig vrimle- og gangareal.

Undervisninga organiserast i basar. Programutgreiinga tek utgangspunkt i følgjande basar:

- **Base 1, Studieførebuingsbasen:** Studiespesialisering (Fellesrom) og MK / KDA bør plasserast sør for eksisterande hovedbygg. Elevantenester, Skuleleiing og personalfunksjonar, Vaksenopplæring og Arbeids- og kvardagstrening kan og plasserast her. Tannklinikken kan evt. plasserast i toppetasje. Etablering av denne basen aktualiserer riving av elektropaviljongen (Blokk E).
- **Base 2, Helsebasen:** HO /RM /SS skal halde fram i eksisterande Blokk B og hovudbygget Blokk A. OT kan og plasserast i denne basen.
- **Base 3, Teknologibasen:** bør etablerast på nordsida av eksisterande hovedbygg. Aktuell løysing er gjenbruk av lokale for Bygg og TIP, og nybygg med teknologihall og lokale for Elektro og Spesialrom (lab. for realfag) mellom eksisterande Blokk C (Bygg) og Blokk D (TIP): Løysinga aktualiserer riving av deler av eksisterande paviljongar for å rydde plass for nybygg.
- **Kroppsøvingbasen bør** etablerast aust for eksisterande skule / ny gangveg.

Hovudtilkomst til skulen leggst mot aust (frå ny gangveg) slik det er naturleg i høve til områdeplanen.



*Hovedprinsipp for organisering av skulen.*



### **Teknologibasen.**

Teknologihallen er eit samarbeidsprosjekt mellom gruppe 01 Bygg, 02 Tip, 05 Spesialrom, 08 Elektro og 11 Fellesrom. Ved utforming av den nye teknologihallen skal det, som ei tilrettelegging for framtidige endringar i studietilbodet mellom dei tekniske utdanningsprogramma, leggast særskild vekt på fleksibilitet og generalitet. Kvar avdeling har programmert sin del av hallen (sjå «Verkstad i teknologihall» og «Prosjektrom i teknologihall»). Hallen skal samla sett ha ei enkel rektangulær form og ei høgde på 2 heile etasjar med netto takhøgde min. 7,4m.

I sveise- og plateverkstaden (sjå TIP) skal det etablerast traverskran. Resten av teknologihallen skal tilretteleggast for ettermontering av kran. Det skal og tilretteleggast for ettermontering av dekker dersom ein i framtida finn at ein ikkje har bruk for den store romhøgda og vil nytte bygget annleis.

Ein del av hallen skal utformast som eit prosjektrom (gruppe 11) for skiftande bruk og prosjekt. Prosjektrommet skal vere likeverdig tilgjengeleg for bygg, tip, elektro, og kunst, design og arkitektur.

### **Spesifikasjon av rom**

Alle rom i Romprogram FVS inngår i prosjektet sjølv om dei ikkje er spesifisert særskilt under avsnitt 5.1 – 5.20. Krav under innleiinga «Teknisk:» i spesifikasjonane for kvart rom er formidla frå brukarar til programmeringsarkitekt i programmeringsfasen. Denne informasjonen er å sjå på som utfyllande i høve til krav i egne kapittel for tekniske fag.

## **5.1 01 Bygg- og anleggsteknikk (BA)**

Utdanningsprogrammet dimensjonerast for 7 klasser og 86 elevar:

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk	5 grupper	62 elevar
Vg2 Byggteknikk (Tømrar og Betong)	2 grupper	24 elevar

Vaksenopplæring har undervsining på bygg- og anleggsteknikk.

Romprogrammet føreset at avdelinga får nye klasserom, grupperom, verkstadareal og elevgarderober. Behovet for verkstadareal er føreset løyst i ny teknologihall mellom eksisterande Bygg og TIP.

Verkstadane i Bygg er skiten sone. Nye garderober for Bygg skal ligge som eit skille mellom verkstadar og øvrige areal.

Det må takast omsyn av delar av aktiviteten i verkstadar for Bygg skaper mykje støy, noko som krev effektiv skjerming mot øvrige rom / funksjonar. I verkstadar skal nyttast støyabsorberande himlingar.

Byggavdelinga har sambruk med TIP om datarom.

For utfyllande krav til tavler, laust inventar, dagslys, solskjerming og glasfelt ved dører i klasserom / grupperom vert det vist til generell tekst i kapittel 5.11 Fellesrom.

Rom som er spesifisert som del av teknologihall («rom i rommet» el. tilsv.) kan alternativt etablerast utanfor teknologihall dersom dei einskilde romma ikkje har krav til ekstra takhøgde.

### **01.06-10 Klasserom**

Stk. x Areal:	5 stk x 50m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Teorirom.
Persontal	12 elevar + 1 lærar. Romma skal ha spisskapasitet for 15 elevar.
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	Nær verkstadar BA.
Kritiske rommål (b <sup>x</sup> l <sup>x</sup> h):	Oppstilling av elevbord 4 i breidda og 3 i djupna (sett frå tavla) + reservekapasitet 3 elevplassar.
Fast inventar og utstyr:	Vaskeservant med speil over.
Spesialutrustning:	Digital tavle samla mål 5 x 1,4 m. Det må vere mogeleg å skrive på tavla med tusj/penn i tillegg til at den skal nyttast digitalt.

Laust inventar og utstyr: 12 elevbord 70x120 cm, 12 elevstolar. Bord/kateter 70x160 cm og god kontorstol for lærar. Skap b x h = 100x200 cm, hylle 2 stk b x h = 90x200, oppslagstavle 100x100 cm. List på ein av veggane der ein kan feste elevarbeid og plakatar. Såpedispenser og haldar for tørkepapir, søppelbøtte.

Teknisk: Dokking og skjerm til lærarpc kopla mot prosjektor/ tavle + stasjonær pc. Elektrisk/ladepunkt til elev pc. Synkronisert klokke på vegg.

Andre krav: Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 01.11-13 Grupperom

Stk. x Areal: 3 stk x 12m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Gruppeundervisning / samtalerom.

Persontal: 4 elevar + 1 lærar.  
Plassering i anlegget: I tilknytning til klasserom / verkstadar.

Kritiske rommål (b x l x h): Grupperomma skal være nær kvadratiske (dvs. ikkje lange og smale).

Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tommar på ein vegg, slik at det er mogeleg med trådløs oppkobling av PC (både for elevar og lærarar).

Laust inventar og utstyr: 4 elevbord 120x70 cm, 4 elevstolar. Bord 120x70 cm og stol for lærar. Søppelbøtte.

Teknisk: Trådløs oppkobling + ladepunkt for pc-ar.

Andre krav: Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 01.35 Verkstad i teknologihall

Stk. x Areal: 1 stk x 200m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Tynnplateverkstad + rørmodular + ventilasjon + taktekkar. Stillasfag. Transport med truck.

Persontal: Opptil 24 elevar + 2 lærarar. Spisskapasitet for 30 elevar.

Lydkrav: Støyande aktivitet ! Lydabsorberande plater på vegg / himling.

Dagslys / utsyn: Ja

Plassering i anlegget: Del av teknologihall. Nær BA.

Kritiske rommål (b x l x h): B x L x H = 12,5m x 16m x 7,4m.

Transportopningar: 5x5m Port inn til hall + dør ved siden av.

Fast inventar og utstyr: Utslagsvask. Spyleslange/ brannslange + vassuttak og avløp til rør moduler + rist/ sluk i golv/ trykkluft. Eigne rom for varme arbeid og verkstadkontor med glasvegg skal inngå i leveranse, sjå «Spesialutrustning» for meir info:

Spesialutrustning:

Blekkslagar/ventilasjon	Taktekker	Rørfag
Platesaks	Mulighet for å tekkje taka på rør modulane.	Plastsveis Speilsveis Elektromuffe
Plateknekke	Takhøgde for arbeide på tak 6,5 m	Arbeidsstasjoner 4 stk. 2,5x3m
Slagsaks		Gjenging av rør
Falsemaskin/lockformer		Solide bord med skrustikke.
Sikkemaskin		
Platevalse b. 1,25m	Skap/bod til oppbevaring av verktøy	
Engelsk hjul		
Rondellsaks		
Bod/skap oppbevaring av verktøy		Bod/skap oppbevaring av verktøy
		Rørreol 6m x3m
Lager til deler	Lager til Taktekker	Lager til rør deler
Eige rom til varme arbeid med punktavsug, 4mx6m. Dør inn må minst være 1,2 m brei. Lodding, sliping, tig sveis. Gass til sveising og propan.		
Plass til Varmepumpe		

Store flyttbare bord, gjerne med hjul. 2x3m 3stk (heve senke)
Verkstadkontor 3x3 m

Laust inventar og utstyr: Augeskyller. Såpedispenser, tørkepapirhaldar og søppelbøtte.  
Behaldarar for sortering av avfall: metall – plast – treverk – papp – isolasjon - farleg avfall. Ladeskap for lading av verktøy

Overflater: Handsaming av tunge konstruksjonar krev robuste overflater.  
Overflater må vere glatte for enkelt reinhald.

Teknisk: Strømsentral uttak 32 amp ++ for kvar 4 meter.  
Strømuttak / eigen kurs for kvar enkelt maskin.  
Gasstilkopling.

#### 01.54 Garderobe elevar

Stk. x Areal: 1 stk x 15 m<sup>2</sup> .  
Funksjon: Garderobe for elevar.  
Persontal 15.  
Plassering i anlegget: Teknologibase, nær BA.  
Fast inventar og utstyr: Vaskerenne 1200mm med to blandebatteri v/k vatn, speil over renne.  
Laust inventar og utstyr: 15 garderobeskap b=300mm h=2000mm, benk framfor skaprekkeja.  
Såpedispenser og tørkepapirhaldar, søppelkorg.

## 5.2 02 Teknisk og industriell produksjon (TIP)

Utdanningsprogrammet dimensjonert basert på utlyst tilbod 2019/ 20 for 5grupper og 61 elevar:

Vg1 Teknisk og ind. produksjon	3 grupper	37 elevar
Vg2 Industriteknologi	1 gruppe	12 elevar
Vg2 Kjøretøy	1 gruppe	12 elevar

Avdelinga har bruk for klasserom, grupperom, verkstadareal, lab og garderober.  
Behovet for verkstadareal er føresette løyst i ny teknologihall mellom eksisterande Bygg og TIP.

Verkstadane i TIP er skiten sone. Garderobene for TIP skal ligge som eit skilje mellom verkstadar og øvrige areal.

Det må takast omsyn til at delar av aktiviteten i TIP, då særskilt platearbeid er svært støyskapane. Det er såleis krav om effektiv skjerming mot øvrige rom / funksjonar.  
I verkstadar skal nyttast støyabsorberande himlingar / veggpater.

For utfyllande krav til tavler, laust inventar, dagslys, solskjerming og glasfelt ved dører i klasserom / grupperom vert det vist til generell tekst i kapittel 5.11 Fellesrom.

Rom som er spesifisert som del av teknologihall («rom i rommet» el. tilsv.) kan alternativt etablerast utanfor teknologihall dersom dei einskilde romma ikkje har krav til ekstra takhøgde.

#### 02.08 Klasserom kjøretøy

Stk. x Areal: 1 stk x 75m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Teorirrom.  
Persontal 12 + 1 lærar. Spisskapasitet for 15 elevar.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Nær verkstad kjøretøy.  
Kritiske rommål (b x l x h): Oppstilling av elevbord 4 i breidda og 4 i djupna (sett frå tavla) + plass til modellar.  
Transportopningar: Dør med netto lysmål b x h = min. 1,6 x 2,0m for transport av tyngre modellar med pallejekk + manøvreringsplass for pallejekk i kommunikasjonsone.  
Fast inventar og utstyr: Vaskeservant med speil over.  
Spesialutrustning: Tavle mål 6 x 1,5 m. Det må vere mogeleg å skrive på heile tavla (med tusj/penn), i tillegg til at den skal nyttast digitalt med trådløs oppkobling.

Laust inventar og utstyr: 12 (-15) elevbord 70x90 cm, 12 (-15) elevstolar, bord 150x90 cm og stol for lærar. Skap/ hylle 6x100cm 1 stk, oppslagstavle 150x100 cm . Såpedispenser og haldar for tørkepapir, søppelbøtte.  
Teknisk: Dokking og skjerm til lærarpc kopla mot prosjektor/ tavle.  
Elektrisk/ladepunkt til elev pc 15 stk. Synkronisert klokke på vegg.  
Andre krav: Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 02.09-11 Klasserom

Stk. x Areal: 3 stk x 50m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Teorirom  
Persontal 12 elevar + 1 lærar Romma skal ha spisskapasitet for 15 elevar.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Nær verkstadar TIP.  
Kritiske rommål (b x l x h): Oppstilling av elevbord 4 i bredda og 3 i djupna (sett frå tavla) + reservekapasitet 3 elevplassar.  
Fast inventar og utstyr: Vaskeservant med speil over.  
Spesialutrustning: Tavle mål 4 x 1,3 m. Det må vere mogeleg å skrive på heile tavla (med tusj/penn), i tillegg til at den skal nyttast digitalt med trådlus oppkobling.  
Laust inventar og utstyr: 12 (-15) elevbord 70x90 cm, 12 (-15) elevstolar utan hjul. Bord/kateter 150x90 cm og kontorstol for lærar. Hylle 1 stk 60x200 cm, oppslagstavle 150x100 cm. List på ein av veggane der ein kan feste elevarbeid og plakatar. Såpedispenser og haldar for tørkepapir, søppelbøtte.  
Teknisk: Dokking og skjerm til lærarpc kopla mot prosjektor/ tavle.  
Elektrisk/ladepunkt til elev pc 15 stk. Synkronisert klokke på vegg.  
Andre krav: Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 02.12-13 Grupperom

Stk. x Areal: 2 stk x 12m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Gruppeundervisning / samtalerom.  
Persontal 4 elevar + 1 lærar.  
Plassering i anlegget: 1 rom tilknytt plate/ sveis i teknologihall.  
Kritiske rommål (b x l x h): 1 rom etablerast som «rom i rommet» i eksisterande verkstad. Grupperomma skal være nær kvadratiske (dvs. ikkje lange og smale).  
Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tommar på ein vegg, slik at det er mogeleg med trådlus oppkobling av PC (både for elevar og lærarar) + stasjonær pc.  
Laust inventar og utstyr: 4 elevbord 120x85 cm, 4 elevstolar. Bord 120x70 cm og stol for lærar. Søppelbøtte.  
Teknisk: Trådlus oppkobling + ladepunkt til elev pc + stasjonær pc.  
Andre krav: Glasvegg med utsyn mot verkstad.

### 02.14 Datarom

Stk. x Areal: 1 stk x 60m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Undervisning DAK.  
Persontal 12 elevar + 1 lærar Spisskapasitet for 15 elevar.  
Dagslys / utsyn: Datarom må ligge mot yttervegg og ha tilfredsstillande solskjerming.  
Plassering i anlegget: Nær TIP.  
Kritiske rommål (b x l x h): Elevbord skal oppstillast langs vegg slik at elevane sit med ryggen mot rommet. Plass for utviding til 15 elevar. Plass for plottar og 3D-printer med avsug i rommet.  
Fast inventar og utstyr: Vaskeservant med speil over.  
Spesialutrustning: Tavle mål 6 x 1,5 m. Det må vere mogeleg å skrive på heile tavla (med tusj/penn), i tillegg til at den skal nyttast digitalt. 12 (-15) fastmonterte pc-ar for elevar + pc for lærar. Plottar og 3D printer.  
Laust inventar og utstyr: 12 (-15) elevbord 90x120cm cm. 12 (-15) elevstolar med hjul. Bord/kateter 120x90 cm og kontorstol for lærar. Skap bxl 60x100cm. Oppslagstavle 120x80 cm. List på ein av veggane materiale der ein kan feste elevarbeid og plakatar. Såpedispenser og haldar for tørkepapir, søppelbøtte.  
Teknisk: Lærar-pc kopla mot prosjektor/ tavle + stasjonære elev-pc 15 stk.  
Andre krav: Glasfelt ved dør.

### 02.36 Verkstad plate/sveis i teknologihall

Stk. x Areal:	1 stk x 220m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Bearbeiding av tunge stålkonstruksjonar, sveising, transport med truck. Det skal settast av areal for plasskrevjande og fastmonterte maskiner. Mange maskiner er svært tunge og krev ekstra fundament. HMT-hensyn krev sikkerhetssoner rundt maskinene. Det skal være fastmontert valse, kantpresse, stansemaskin, søyleboremaskin, platesaks, CNC-styrt skjæremaskin og sag til kapping av stangmateriale. Det skal etablerast 15 sveisebåser langs vegg med stasjonære avsug. Det skal i tillegg være mobile avsug for sveising på golvet i verkstad. Sveisebåsar kan sambrukast med byggavdeling.
Persontal	15 elevar + lærar.
Lydkrav:	NB! Bearbeiding av stål er svært støyande. Køyring av traverskran avgjer vibrasjonar mot bygningskonstruksjonar. Det må monterast lydabsorberande plater i verkstad og sliperom, og det må takast særskilde omsyn til tilgrensande funksjonar !!!
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	Del av teknologihall. Nær TIP. Tilkomst med stor bil for materialleveranse.
Kritiske rommål (b x l x h):	Netto romhøgde 7,4m.
Transportopningar:	Port lysopning 5 x 5m, dør ved sidan av.
Fast inventar og utstyr:	Låsbart lager for verktøy, elektrodar/ sveisetilsett, og sliperom med avsug og ekstra lydisolasjon (HMT-krav) etablerast som rom i rommet.
Spesialutrustning:	15 sveisebåsar b=1,6m med stasjonære avsug. Jorda sveiseplan av nedstøypte l-lbjelkar i golv. Traverskran med løftekapasitet 3000 kg og netto løftehøgde 5,5 m frå ok. golv til løftekrok.
Overflater:	Handsaming av tunge stålkonstruksjonar krev robuste overflater.
Teknisk:	400 V til maskinpark. Sluk i verkstad og ved port.

### 02.54-56 Garderobe elevar

Stk. x Areal:	3 stk x 15 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Garderobe for elevar.
Persontal	15 pr. garderobe.
Plassering i anlegget:	Teknologibase / TIP.
Fast inventar og utstyr:	Vaskerene 1200mm med to blandebatteri v/k vatn, speil over renne.
Laust inventar og utstyr:	15 garderobeskap b=300mm h=2000mm, sittebenk l=1200mm (alternativt benk framfor skaprekkja), såpedispenser og tørkepapirhaldar, søppelkorg.

### 02.57 Garderobe lærar H

Stk. x Areal:	1 stk x 12 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Herregarderobe for lærarar.
Persontal	12
Plassering i anlegget:	Teknologibase / TIP.
Fast inventar og utstyr:	Vaskerene 1200mm med to blandebatteri v/k vatn, speil over renne.
Laust inventar og utstyr:	12 garderobeskap b=300mm h=2000mm, sittebenk l=1200mm (alternativt benk framfor skaprekkja), såpedispenser og tørkepapirhaldar, søppelkorg.

### 02.58 Garderobe lærar D

Stk. x Areal:	1 stk x 6 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Damegarderobe for lærarar.
Persontal	6
Plassering i anlegget:	Teknologibase / TIP.
Fast inventar og utstyr:	Vaskeservant, speil over vask.
Laust inventar og utstyr:	6 garderobeskap b=300mm h=2000mm, sittebenk (alternativt benk framfor skaprekkja), såpedispenser og tørkepapirhaldar, søppelkorg.

### 5.3 03 Medium og kommunikasjon (MK)

Utdanningsprogrammet dimensjonerast for 3 grupper og 45 elevar:

Vg1 Medium og kommunikasjon	1 gruppe	15 elevar
Vg2 Medium og kommunikasjon	1 gruppe	15 elevar
Vg3 Medium og kommunikasjon	1 gruppe	15 elevar


**Målsetting:**

Medium og kommunikasjon er ei treårig vidaregåande utdanning som gir studiekompetanse. Det er to obligatoriske programfag som følgjer elevane over tre år: *Mediesamfunnet* og *Medieuttrykk*. I tillegg blir det tilbydd inntil 6 valfrie medieprogramfag: Bilde, Mediespesialisering, Lyddesign, Grafisk design og Tekst og Medieutvikling.

Opplæringa i faget *Mediesamfunnet* skal bidra til at eleven utviklar kompetanse om mediebruk, medieyrke og om tradisjonelle og nye arbeidsformer i mediebransjen. Programfaget er strukturert i tre hovudområde: *Mediebransjen*, *Individet og media* og *Media i samfunnet*. Elevane skal produsere medieuttrykk innan journalistikk, reklame, informasjon og underholdning, og bruke og vurdere ulike kjelder og kommunikasjonsformer for å løyse faglege utfordringar i eigne produksjonar. Dei skal også produsere medieuttrykk for ein tenkt eller reell oppdragsgjevar, og utarbeide avtalar og dokumentere arbeidsflyt. Opplæringa skal legge til rette for å utvikle sjølvstende, samarbeidsevne og kritisk vurderingsevne.

Opplæringa i *Medieuttrykk* skal gi eleven kompetanse til å vurdere og produsere medieuttrykk, og skal fremje ideskaping og bidra til å utvikle elevens uttrykksrepertoar. Eleven skal få utvikle kommunikasjonskompetanse og verktøyferdigheiter gjennom å løyse praktiske oppgåver individuelt og i samarbeid med andre. Dei skal lære å bruke utstyr, programvare og filformat tilpassa produkt og kvalitetskrav i mediebransjen, og å bruke bransjefagleg terminologi og arbeidsmetodar. Programfaget skal bidra til å utvikle omstillingsdyktige elevar som kan skape tradisjonelle og nye mediebodskap for ulike kanalar ved å bruke design, tekst, lyd og bilde. Faget er delt inn i tre hovudområde: *Medieproduksjon*, *Ideskaping og mediedesign*, og *Medieuttrykk og kommunikasjon*.

Eksamensforma er praktisk i alle mediefaga (både i dei obligatoriske og i dei valfrie MK-programfaga) på VG1, VG2 og VG3. På VG3 kan elevane bli trekt ut enten i ein praktisk- eller ein skriftleg eksamen i faget mediesamfunnet.



Den horisontale streken symboliserer korridor/gang. Basisklasseromma som ligg under streken skal ha dagslys medan spesialromma ikkje skal /bør ha dagslys. Stort fotostudio skal vere vegg-i-vegg med lageret. Viss mogleg kan gjerne også filmstudioet vere vegg-i-vegg med lageret. Dei to lyd-romma bør vere nær basisklasseromma og utstyrslageret, og ein bør ha tilgang til desse romma frå gangarealet. Alle romma bør vere i nærleiken av kvarandre, også basisklasseromma – sidan elevane arbeider praktisk også i desse romma.



### Nye romfunksjonar:

Eksisterande romfunksjonar ligg i dag på Hafstad vgs og skal i si heilheit erstattast av nye romfunksjonar på Øyrane. MK skal lokalisrast i Base 1, saman med studiespesialisering, fellesfag og Kunst, Arkitektur og Design (KDA). MK og KDA har mykje sambruk av rom og skal plasserast nær kvarandre. Det er ønskjeleg at desse programområda vert plassert på plan 1, nær vestibyle og bibliotek.

Basisklasserom for MK skal nyttast både til praktisk undervisning, til fagteori i dei praktiske programfaga, og til undervisning i fellesfaga. Romma kan vere ordinært utforma, og kan t.d. sambrukast med Kunst, design og arkitektur (KDA) i fellesfaga. Sambruk med studiespesialisering ved hjelp av timeplanmessige løysingar. Basisklasserom skal ligge nær praksisrom.

Grupperom skal nyttast til gruppearbeid for elevane og til samtale lærar/elev. Grupperomma skal ligge nær basisklasseromma.

Fotografering, lyd og film er ein viktig del av den praktiske undervisninga. Det er behov for to fotostudio og to lydstudio, slik at alle elevane i ei gruppe/klasse får plass til å jobbe med praksisfaget på same tid. Dei to like studioromma kan vere vegg-i vegg. Det eine rommet må vere stort nok for å samle gruppa, det andre studioet kan vere av mindre storleik. Filmstudio/regirom skal ha plass til ei gruppe på 15 elevar.

MK skal ha tilgang til, og bør ligge nær Arbeidsrom/Printerrrom/VR, som er planlagt i tilknytning til bibliotek. MK og KDA vil vere dei største brukarane av dette rommet, men det er ønskjeleg at dette er lett tilgjengeleg for fleire elevgrupper/programområde.

Det er viktig å synleggjere og få vise fram ulike arbeid som elevane jobbar med gjennom året. Det er difor ønskjeleg at det vert tilrettelagt for utstillingsplass for elevarbeid ved vestibyleområde – hjartet i skulen.

For utfyllande krav til tavler, laust inventar, dagslys, solskjerming og glasfelt ved dører i klasserom / grupperom vert det vist til generell tekst i kapittel 5.11 Fellesrom.

#### 03.01-3 Basisklasserom VG1, VG2, VG3

Stk. x Areal:	3 stk x 85m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Rom for teori og praktisk arbeid.
Persontal	15 elevar i mediefagstimar, 30 elevar i fellesfag + 1 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	Base studiespesialisering, nær Kunst, design og arkitektur (KDA).
Spesialutrustning:	Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar.
Laust inventar og utstyr:	15 STORE elevbord ca. 170 x 70 cm, 30 elevstolar, bord/kateter med skuffeseksjon og stol for lærar. Oppstilling av elevbord 5 i breidda og 5 i djupda (sett frå tavla). 1 skap 210 cm h, 100 cm b, 60 cm d. cm. Oppslagstavle til å henge opp elevarbeid: 1m (h) x 4m (b) evt. 2 tavler a 1m h x 2m b. 4 PC-bord med elevstol for stasjonær PC. Nettverksuttak til stasjonære PC.
Teknisk:	Trådlaus oppkobling av PC (både for elevar og lærarar).
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

#### 03.04 Grupperom

Stk. x Areal:	1 stk x 12 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Gruppeundervisning / samtalerom.
Persontal	4-6 elevar + 1 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – som for undervisningsrom klasse C
Dagslys / utsyn:	Ikkje krav, men ønskjeleg. Grupperom utan dagslys skal ha glassfelt mot korridor.
Plassering i anlegget:	I tilknytning til klasserom / praksisrom. Tilgang frå korridor.
Spesialutrustning:	Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tommar på ein vegg, slik at det er mogeleg med trådlaus oppkobling av PC (både for elevar og lærarar). Alternativ løysing er integrert digital tavle/skjerm.

Laust inventar og utstyr: 2-4 elevbord (eller eit stort bord midt i rommet), 4-6 elevstolar, bord og stol for lærar.

Andre krav: Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 03.05 Verkstad Fotostudio (stort)

Stk. x Areal: 1 stk x 80 m<sup>2</sup>.

Funksjon: Fotografering. Sambruk m KDA og andre fellesfag på studiespesialisering.

Persontal: Ca 10-12 elevar + 1 lærar.

Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for undervisningsrom klasse C

Dagslys / utsyn: Nei, skal vere lokale utan dagslys.

Plassering i anlegget: I nærleiken av basisklasserom MK.

Kritiske rommål (b x l x h): Min. fri romhøgde 4 meter for oppheng av utstyr i taket.

Spesialutrustning: Rommet må vere utstyrt med bakgrunnsteppe frå tak og ha pantograf takskinnesystem med blitzoppsett. Lerret/bakgrunnar som skal takmonterast.

Laust inventar og utstyr: 1 hylle: 280 cm b, 191 h, 60 cm d. + 2 enkelthyller på vegg 3m lengde (til rullar). TV (på hjul), og whiteboard på hjul.

Teknisk: Det må vere tilstrekkeleg straumkurs i/ved tak, og det må vere godt med stikkontaktar i rommet. Nettverksuttak til stasjonære PC-ar.

Andre krav: Tilgang. Elevar må kunne låse seg inn frå utsida av skulen på kveldstid med nøkkelkort til studio, men ikkje til utstyrsrom. Bør vere ein sitteplass utanfor studioet (benk, sofa el.l) sidan elevar ofte må sitte utanfor for å vente på tur til fotografering.

### 03.06 Verkstad Fotostudio (lite)

Stk. x Areal: 1 stk x 30 m<sup>2</sup>.

Funksjon: Fotografering. Sambruk m KDA og andre fellesfag på studiespesialisering.

Persontal: Ca 5 elevar + 1 lærar.

Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for undervisningsrom klasse C

Dagslys / utsyn: Nei, skal vere lokale utan dagslys.

Plassering i anlegget: I nærleiken av teorirom MK.

Kritiske rommål (b x l x h): Min. fri romhøgde 4 meter for oppheng av utstyr i taket.

Fast inventar og utstyr:

Spesialutrustning: TV montert på vegg med svingskinne.

Rommet må vere utstyrt med bakgrunnsteppe frå tak og ha pantograf takskinnesystem med blitzoppsett. Lerret/bakgrunnar som skal takmonterast.

Laust inventar og utstyr: 1 hylleseksjon 60 cm djupne.

Teknisk: Det må vere tilstrekkeleg straumkurs i/ved tak, og det må også vere godt med stikkontaktar i rommet.

Andre krav: Tilgang. Elevar må kunne låse seg inn frå utsida av skulen på kveldstid med nøkkelkort til studio, men ikkje til utstyrsrom. Bør vere ein sitteplass utanfor studioet (benk, sofa el.l) sidan elevar ofte må sitte utanfor for å vente på tur til fotografering.

### 03.07 Verkstad Filmstudio

Stk. x Areal: 1 stk x 95 m<sup>2</sup>.

Funksjon: Film/TV/fleirkameraproduksjon.

Persontal: 15 elevar + 1 lærar

Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for spesialrom musikk/lydstudio klasse C. Rommet må vere akustisk tilrettelagt med lyd demping og lyd isolering for opptak av lyd til film.

Dagslys / utsyn: Nei, skal vere lokale utan dagslys.

Plassering i anlegget: I nærleiken av basisklasserom MK. Direkte tilknytning/dør til lager.

Kritiske rommål (b x l x h): Min. fri romhøgde 4 meter for oppheng av utstyr i taket.

Spesialutrustning: Rommet må vere utstyrt med bakgrunnsteppe frå tak på to veggjar og ha pantograf takskinnesystem med lysoppsett. TV (på hjul), og whiteboard på hjul.

Laust inventar og utstyr: 3 hylleseksjonar 60 cm djupne, diverse studiomøblar.

Teknisk: Det må installerast funksjonelt LED-lys system utan særleg varmeutvikling tilpassa studiobelysning. Det må vere tilstrekkeleg

straumkurs i/ved tak og vegg, og det må også vere godt med stikkontaktar i rommet. Kabling lyd/bildesignal internt i vegg.

### 03.08 Verkstad kontrollrom (regirom)

Stk. x Areal: 1 stk x 20 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Kontrollrom til filmstudio.  
 Persontal: Ca. 5-8 elevar + 1 lærar.  
 Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for spesialrom musikk/lydstudio klasse C. Rommet må vere tilrettelagt for sambruk filmstudio.  
 Dagslys / utsyn: Nei, skal vere lokale utan dagslys.  
 Plassering i anlegget: Vegg-i vegg med filmstudio.  
 Laust inventar og utstyr: Arbeidsbord og stolar.  
 Teknisk: Rommet må ha tilstrekkeleg med straumkursar, og det må vere kabelstrek mellom kontrollrom og filmstudio. Minst 5 stk HD-SDI og XLR. Nettuttak. (ETHR-nett). 20 straumuttak.  
 Andre krav: Rommet må vere tilknytt filmstudio med glasvegg/stort glasvindaug i mellom 200 cm (b) x 100 cm (h).

### 03.09 Lydrom (stort)

Stk. x Areal: 1 stk x 50 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Lydproduksjon, podcast, lydopptak, lydmiiks mm. Sambruk språkfag.  
 Persontal: Inntil 10-12 elevar + 1 lærar.  
 Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for spesialrom musikk/lydstudio klasse C. Rommet må vere akustisk tilrettelagt med lyddepmping og lydisolering for opptak av lyd.  
 Dagslys / utsyn: Nei. Kan vere dagslys, men ikkje nødvendig.  
 Plassering i anlegget: I nærleiken av MK basisklasserom, og lite lydrom.  
 Laust inventar og utstyr: Hyller 2 stk. Stort rundt bord med mikrofonstativ (fleirtal), og med straumuttak (og nettuttak) midt i bordet, tilpassa å sitte kring i t.d. sirkel. Bord med 3 stasjonar med lydredigeringsutstyr/miksebord langs veggane.  
 Teknisk: Det må vere tilstrekkeleg straumkurs ved vegg, og det må også vere godt med stikkontaktar i rommet. Kabling lyd/bildesignal internt i vegg. Straumuttak midt i bordet.

### 03.10 Lydrom (lite)

Stk. x Areal: 1 stk x 12 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Lydproduksjon, podcast, lydopptak, lydmiiks mm. Sambruk språkfag.  
 Persontal: Inntil 4-6 elevar + 1 lærar.  
 Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for spesialrom musikk/lydstudio klasse C. Rommet må vere akustisk tilrettelagt med lyddepmping og lydisolering for opptak av lyd.  
 Dagslys / utsyn: Nei. Kan vere dagslys, men ikkje nødvendig.  
 Plassering i anlegget: I nærleiken av basisklasserom MK, og stort lydrom.  
 Laust inventar og utstyr: Hyller 2 stk. Bord med 1 stasjon med lydredigeringsutstyr/miksebord langs veggane. Oppheng for greenscreen på ein vegg.  
 Teknisk: Det må vere tilstrekkeleg straumkurs ved vegg, og det må også vere godt med stikkontaktar i rommet. LED-lys i taket (to-punkts). 5 straumpunkt + nettuttak.

### 03.11 Utstyrsrom/lager

Stk. x Areal: 1 stk x 30 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Oppbevaring medieutstyr: foto, film, lydutstyr.  
 Persontal: Inntil 5 personar  
 Lydkrav: Nei  
 Dagslys / utsyn: Nei. Bør ikkje vere vindaug.  
 Plassering i anlegget: Nær basisklasserom MK og dør til korridor. Direkte tilknytning/dør til stort fotostudio, og gjerne også til filmstudio.  
 Laust inventar og utstyr: 5 hyllemeter (tilsvarande 2 hylleseksjonar) med 60 permanente uttak til ladestasjonar (ladere til fotokamera, filmkamera, lydopptakarar, lyseinheiten mm). 4 skap. 2-3 hylleseksjonar 70 cm djupne. 8 hylleseksjonar med 40 cm djupne. 1 bord.

- Teknisk: Uttak til ladestasjonar (ladere til fotokamera, filmkamera, lydopptakarar, lyseinheiten mm). Vanlege stikkontaktar. Lågeffekslading.
- Andre krav: Må vere eit avlåst rom (mykje dyrt utstyr). Adgangskontroll.

## 5.4 04 Kunst, design og arkitektur (KD)

Utdanningsprogrammet dimensjonert for 3 klasser og 45 elevar:

Vg1 Kunst, design og arkitektur	1 gruppe	15 elevar
Vg2 Kunst, design og arkitektur	1 gruppe	15 elevar
Vg3 Kunst, design og arkitektur	1 gruppe	15 elevar


### Målsetting:

Kunst, design og arkitektur er ei treårig vidaregåande utdanning som gjev studiekompetanse. Det er to obligatoriske programfag som følgjer elevane over tre år: *Design og arkitektur*, og *Kunst og visuelle verkemiddel*. Det er praktisk eksamensform i både dei to obligatoriske programfaga, og i alle dei valfrie faga.

I *Kunst og visuelle verkemiddel* skal elevane lære å bruke varierte teknikkar, reiskap og materiale i to og tredimensjonale arbeid. Dei skal nytte analoge og digitale verktøy, lære å teikne, male og fotografere, og utforme installasjonar og skulpturar. Dei skal også lære om kunst og kulturhistorie. Opplæringa i kunst og visuelle verkemiddel skal rettast inn mot opplevingar, utforsking og utvikling av kunstnariske uttrykk. Opplæringa skal medverke til forståing for eigen og andre sin kultur og for breidda av kunst og kultur i vår tid. Opplæringa skal også omfatte arbeid i ulike materiale og verktøy, både i tradisjonelle og nye teknikkar og i analoge og digitale verktøy. Dei tre hovudområda i faget er: *Visuelle verkemiddel*, *Materiale, uttrykk og teknikkar*, og *Kunst og kulturhistorie*.

I faget *Design og arkitektur* skal opplæringa legge til rette for praktisk arbeid, og skal fremje idéutvikling- og kreativitet. Bruk av materiale og ulike typar verktøy, medrekna digitale, inngår i arbeidet for å framstille prototypar, ferdige modellar og presentasjonar. Krittisk tenking skal fremjast gjennom individuelt arbeid og i samarbeid med andre. Elevane skal arbeide med design og arkitekturoppgåver, med form og materiale. Dei skal jobbe med planprosessar for bygg, utføre arkitekturmodellar i målestokk, arbeide med form og proporsjonar, utvikle arbeidsteikningar og designprototypar. Dei tre hovudområda i faget er: *Utforske og planleggje*, *Design, Produksjon og presentasjon* og *Design- og arkitekturhistorie*.

Det er viktig å synleggjere og få vise fram ulike arbeid som elevane jobbar med gjennom året. Det er difor ønskjeleg at det vert tilrettelagt for utstillingsplass for elevarbeid ved vestibyleområde – hjartet i skulen.



a) Lagerrom for keramikk, tre mm, maskinrom, tre- og keramikksal, rom til keramikkomn, og grafikkverkstad bør ligge ved sida av kvarandre/vegg-i-vegg. (Alternativt kan grafikkverkstaden ligge vegg-i-vegg med tekstilrom/verkstad formgjeving/lager for kunst/materiell).

b) Tekstilrom, lager for kunst/materiell og ved verkstad formgjevingsfag.

c) Dei tre basisklasseromma bør ligge nær kvarandre, og også i nærleiken av verkstadane og lagerrom. Basisklasseromma blir også nytta ved praktisk arbeid i formgivingsfaga.

### Nye romfunksjonar:

Eksisterande romfunksjonar ligg i dag på Hafstad og i Førdehuset, og skal i si heilheit erstattast av nye romfunksjonar på Øyrane. Plasserast i BASE 1 Studieførebuingsbasen. KDA og MK har mykje sambruk av rom og skal plasserast i nærleiken av kvarandre. Det er ønskjeleg å ligg på plan 1, nær vestibyle og bibliotek. Det skal vere lett tilkomst for materialleveransar og eventuell tilgang på kveldstid.

Basisklasserom skal nyttast både til praktisk undervisning, til fagteori i dei praktiske programfaga, og til undervisning i fellesfaga. Romma kan vere ordinært utforma, og kan t.d. sambrukast med Media og kommunikasjon (MK) i fellesfaga. Sambruk med studiespesialiserande ved hjelp av timeplanmessige løysingar. Basisklasserom for VG3 må vere noko større, fordi ein har meir kunstfag/praktiske fag det siste året. Basisklasserom skal ligge nær praksisrom.

Praksisrom for verkstad tre og keramikk, keramikkrum, grafikkverkstad og lager i tilknytning til treverkstad skal ligge samla. Arbeidsrom for formgjevingsfag, tekstil og lager skal ligge samla, med skyvbar glasvegg mellom verkstadane.

Grupperom skal nyttast til gruppearbeid for elevane og til samtale lærar/elev. Grupperomma skal ligge nær basisklasseromma.

KDA skal ha tilgang til verkstadhall i basen for bygg og teknologifag til arbeid med større kunstinntallasjonar og modellbygging i storformat. Hallen er tenkt plassert mellom bygg- og tip-avdeling, slik at ein også kan få tilgang og nytte maskiner for tre- og metall i samband med modellarbeid.

KDA skal ha tilgang og bør ligge nær Arbeidsrom/Printerrrom/VR, som er planlagt i tilknytning til bibliotek. MK og KDA vil vere dei største brukarane av dette rommet, men det er ønskjeleg at dette er lett tilgjengeleg for fleire elevgrupper/programområde.

For utfyllande krav til tavler, laust inventar, dagslys, solskjerming og glasfelt ved dører i klasserom / grupperom vert det vist til generell tekst i kapittel 5.11 Fellesrom.

### 04.01-2 Basisklasserom VG1 og VG2

Stk. x Areal:	2 stk x 85m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Rom for teori og praktisk arbeid.
Persontal	15 elevar i KDA-fagstimar, 30 elevar i fellesfag + 1 lærar
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	Base studiespesialiserande, nær Medier og kommunikasjon (MK).
Fast inventar og utstyr:	Utslagsvask/vaskerenne med 3 kranar.
Spesialutrustning:	Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar.
Laust inventar og utstyr:	15 STORE elevbord ca 170 x 70 cm, 30 elevstolar, bord og stol for lærar. Oppstilling av elevbord 3 i breidda og 5 i djupda (sett frå tavla). Skap 3 stk 100 b x 60 cm d x 210 cm h, hylle 1 stk 20 cm d Oppslagstavle til å henge opp elevarbeid: 2 stk 1m (h) x 2 m (b). 3 stk skuffeseksjonar 88 cm b, 89 cm h, 59 cm d til teikningar, papir og utstyr. Min. 2 PC-bord med elevstol for stasjonær PC.
Teknisk:	Nettverksuttak til stasjonære PC.
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 04.03 Basisklasserom VG3

Stk. x Areal:	1 stk x 110 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Teorirom.



Persontal	15 elevar i KDA-fagstimar, 30 elevar i fellesfag + 1 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	Base studiespesialisierende, nær Medier og kommunikasjon (MK).
Fast inventar og utstyr:	Utslagsvask/vaskeremme med 3 kranar.
Spesialutrustning:	Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar.
Laust inventar og utstyr:	15 STORE elevbord ca 170 x 70 cm, cm, 30 elevstolar, bord og stol for lærar. Oppstilling av elevbord 5 i breidda og 5 i djupda (sett frå tavla). Skap 3 stk 100 b x 60 cm d x 210 cm h, hylle 1 stk 20 cm d Oppslagstavle til å henge opp elevarbeid: 2 stk 1m (h) x 2 m (b). 2 stk skuffeseksjonar 88 cm b, 89 cm h, 59 cm d til teikningar. Min. 2 PC-bord med elevstol for stasjonær PC.
Teknisk:	Nettverksuttak til stasjonære PC.
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangone.

#### 04.04 Grupperom

Stk. x Areal:	1 stk x 12 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Gruppeundervisning / samtalerom.
Persontal	4-6 elevar + 1 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – som for undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ikkje krav, men ønskeleg. Grupperom utan dagslys skal ha glassfelt mot korridor.
Plassering i anlegget:	I tilknytning til klasserom / praksisrom. Tilgang frå korridor.
Spesialutrustning:	Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tommar på ein vegg, slik at det er mogeleg med trådløs oppkobling av PC (både for elevar og lærarar). Alternativ løysing er integrert digital tavle/skjerm.
Laust inventar og utstyr:	2-4 elevbord (eller eit stort bord midt i rommet), 4-6 elevstolar, bord og stol for lærar.
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangone.

#### 04.05 Verkstad tre og keramikk

Stk. x Areal:	1 stk x 55 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Arbeid med tremateriale og keramikk. Sambruk for alle tre årstrinn.
Persontal	15 elevar + 1 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – som for undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	JA
Plassering i anlegget:	I nærleiken av basisklasserom KDA. Vegg-ivegg med grafikkverkstad.
Transportopningar:	Ekstra brei dør eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).
Fast inventar og utstyr:	Vaskekum/renne med tre kranar.
Laust inventar og utstyr:	15 høge krakkar og 4 kvadratiske, høge arbeidsbord (ca 130x130cm, h= 88 cm). Hyller og skaplass til oppbevaring av elevarbeid/utstyr: Skap 100 cm (b) x 60 cm (d) x 210 (h) . Hyller. 2 stk skuffeseksjonar 88 cm b, 89 cm h, 59 cm d til teikningar.
Andre krav:	Glasfelt (med ei dør) mellom treverkstad og grafikkverkstad. Kan vere aktuelt med tilgang på kveldstid.

#### 04.06 Verkstad grafikk og trykk

Stk. x Areal:	1 stk x 45 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Til trykking/grafikk.
Persontal	15 elevar + 1 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	I nærleiken av teorirom KDA. Vegg-i-vegg med tre og keramikkverkstad.
Transportopningar:	Ekstra brei dør eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).
Fast inventar og utstyr:	Vaskekum/renne med tre kranar.
Spesialutrustning:	Luftavsug/avtrekk til etseskap. (Er plassert på toppen av etseskapet)
Laust inventar og utstyr:	Arbeidsbord/benker 15 høge krakkar og 4, kvadratiske, høge arbeidsbord (1.29 x 129 cm, 88 cm h). Skuffeseksjonar til oppbevaring av elevarbeid/utstyr: 3 stk 88 cm (b) x 89 cm (h) x 59 cm (d) . Skap (2stk) 100 cm (b) x 60 cm (d) x 210 cm (h).

Andre krav: Grafikk/trykkpresse (bordstorleik): 80 x 135 cm. Tørkestativ til grafikk, storleik: 1 m (b) x 1.20 m (d), 1.5 m (h).  
 Glasfelt (med ei dør) mellom treverkstad og grafikkverkstad.  
 Kan vere aktuelt med utleige på kveldstid. Tilkomst vurderast opp mot adgangskontroll.

#### 04.07 Rom for keramikkovn

Stk. x Areal: 1 stk x 10 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Rom for brenning av keramikk – lagerrom keramikk.  
 Persontal: Ca 2 elevar + 1 lærar.  
 Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – som for undervisningsrom klasse C. (Ikkje lydkrav mot verkstad tre og keramikk)  
 Dagslys / utsyn: Nei.  
 Plassering i anlegget: Rom i tilknytning til verkstad tre og keramikk.  
 Transportopningar: Ekstra brei dør eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).  
 Fast inventar og utstyr: Veggmonterte hyller i stål – djupne 300mm.  
 Spesialutrustning: Keramikkovn.  
 Teknisk: Luftavtrekk, med vifte ut. Effekten på keramikkomnen som i dag står i FH er på 15 KW. Den er kopla til m styringsboks, ikkje kontakt.

#### 04.08 Verkstad formgjeving

Stk. x Areal: 1 stk x 100 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Verkstad for 3D-teknikkar, teikning, maling, og ulike materiale.  
 Persontal: 15 elevar + 1 lærar.  
 Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.  
 Dagslys / utsyn: Ja, treng godt dagslys.  
 Plassering i anlegget: I nærleiken av basisklasserom KDA, og tekstilrom.  
 Transportopningar: Ekstra brei dør eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).  
 Fast inventar og utstyr: Utslagsvask/vaskerenne med 3 kranar.  
 Spesialutrustning: Digital interaktiv tavle mål 6 x 1,5 m. Det må vere mogeleg å skrive på heile tavla (med tusj/penn). Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar.  
 Laust inventar og utstyr: 15 stk store arbeidspultar (ca. 170 x 70 cm) + elevstolar.  
 Arbeidsbord og stolar for 2 stk stasjonær PC. Skap 3 stk 100 cm (b) x 60 cm (d) x 210 cm (h), + låsbare metall elevskap, skuffeseksjonar for teikningar mm. Oppslagstavle for oppheng elevarbeid, 3 stk: 1m (h) x 2m (b) . Papirkuttemaskiner, deriblant ei stor som står på golv (1.45 x 1,35 m).  
 Teknisk: Det er ein 3-fasa straumuttak til papirkuttemaskina.

#### 04.09 Verkstad tekstil

Stk. x Areal: 1 stk x 65 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Verkstad for arbeid med tekstil og ulike materiale.  
 Persontal: 15 elevar + 1 lærar.  
 Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.  
 Dagslys / utsyn: Ja – treng godt dagslys.  
 Plassering i anlegget: I nærleiken av basisklasserom KDA.  
 Transportopningar: Ekstra brei dør eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).  
 Fast inventar og utstyr: Utslagsvask/vaskerenne med 3 kraner. Vaskemaskin og kjøleskap.  
 Spesialutrustning: Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar.  
 Laust inventar og utstyr: 15 stk arbeidspultar + elevstolar. 2 stk stasjonære PC-ar, (den eine kopla til trykkpresse). Trykkpresse og datautstyr for overføring av dekor på tekstilprodukt. Bord langs vegg til symaskiner.  
 Stort- og høgt «klippebord» på ca. 2 x 3 m. Skap, hyller.  
 5 stk. strikkemaskiner (som skal stå på bord).  
 Oppslagstavle for oppheng elevarbeid.  
 Teknisk: Fleire el-kontaktpunkt bortetter veggane til sy- og strikkemaskiner.

#### 04.10 Maskinrom

Stk. x Areal: 1 stk x 50 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Til bruk for kutting, saging og bearbeiding av 3D-arbeid i tremateriale etc.  
 Persontal: 2-3 elevar + 1 lærar.

Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – spesialrom med støyande aktivitet klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja, men vurderast spesielt.
Plassering i anlegget:	I nærleiken av basisklasserom KDA. Vegg-i-vegg med tre- og keramikkverkstad.
Fast inventar og utstyr:	Utslagsvask/renne med 3 kranar.
Spesialutrustning:	Sirkelsag, fres, avrettar og dimensjonshøvel. Kompressor og veggmontert slange, bandpussemaskin, Rundell pussemaskin, Smerg.-maskin, slipestein, søylebor, bandsag, 2 høvlebenkar, og fresebord. Det skal vere Sponavsug.
Laust inventar og utstyr:	Malingskap og andre oppbevaringskap til verktøy etc.
Andre installasjonar:	
Teknisk:	Avtrekk til maling/kjemikalieskap (på toppen av skapet).

#### 04.11 Lager/oppbevaring

Stk. x Areal:	1 stk x 25 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Lagerplass for tremateriale, plankar, keramikk, glasur mm.
Persontal	2-3 elevar + 1 lærar.
Dagslys / utsyn:	Nei
Plassering i anlegget:	I nærleiken av basisklasserom KDA. Vegg-i-vegg med verkstad maskinrom.
Transportopningar:	Ekstra brei dør, eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).
Laust inventar og utstyr:	Hyller for oppbevaring av tremateriale, keramikk, glasur mm.

#### 04.12 Materiallager/modellrom

Stk. x Areal:	1 stk x 25 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Rommet skal nyttast til oppbevaring av teiknemodellar, byster, skjelett etc., og til kassar med forbruksmateriale. Det skal også nyttast til oppbevaring av utstyr (symaskiner, limpistolar, sakser, kniver etc), og til store teikneark, teiknemateriell, maling/maleutstyr og anna formgjevingsutstyr.
Persontal:	2-3 elevar + 1 lærar.
Plassering i anlegget:	I nærleiken av basisklasserom KDA. Vegg-i-vegg – eller rett i nærleiken av verkstad formgjeving. NB: Døra til rommet frå korridor.
Transportopningar:	Ekstra brei dør, eller tofløya dør (for å flytte materiale inn/ut).
Laust inventar og utstyr:	Djupe hyller og skuffer til oppbevaring av papir, og hyller til anna utstyr. Djupne på hyller: 110 cm, 80 cm, 40 cm og 20 cm.

## 5.5 05 Spesialrom – realfag, naturfag og språk

Felles rom (sambruk) for fleire utdanningsprogram. Eksisterande romfunksjonar ligg i dag både på Øyrane og på Hafstad vgs. Desse skal i si heilheit erstattast av nye romfunksjonar på Øyrane. Spesialromma skal plasserast samla på same etasjeplan: 2 naturfagrom, biologilab, fysikklab, kjemilab, med tilhøyrande førebuingssrom, kjemikalierom, vekstrom, lager og grupperom.

#### Målsetting:

Ved alle læringsareal skal det vere fokus på tilpassingsdyktige løysingar, der det må gjevast rom for læring på tvers av fagområde. Spesialromma skal møblerast slik at dei er mest mogleg fleksible i bruk.

#### Lab-rom

Rom for lab-undervisning dimensjonerast slik at 30 elevar kan gjennomføre forsøk i par, samt at ein kan gjennomføre timar med deling av grupper under forsøk ved hjelp av to-lærarsystem i eitt og same rom. Det må vere nok plass for at lærar kan hjelpe elevar med forsøk, og tilstrekkeleg sikringsavstand mellom elevarbeidsplassane.

Alle lab-rom skal kunne nyttast som naturfagrom, og bør opplevast som generelle rom der ein kan forvente ei repeterande romløyning og interiør som er kjend for lærar uavhengig av kva lab-rom han bookar. Lab-rom må difor ha ei felles/lik utforming og vere likt utstyrt, m.o.t. fleirbruk. Når lab rom er ledige frå lab-undervisning skal dei også kunne nyttast som generelle teorirom.

Nokre av lab-romma skal i tillegg vere noko ytterlegare tilrettelagt for spesialiserte undervisning i fysikk, kjemi, biologi. Til dømes vil kjemi lab ha noko ekstra sikkerhetsutstyr og plasserast i nær tilknytning til kjemikalierom, biologirum til vekstrom osv.

#### Utforming:

Alle lab-rom skal utformast som breie «liggande» rom, slik at ein kan møblere fire rekker med pultar ut frå tavle, med 8(6) elevarbeidsplassar på kvar rekke. Romma skal utformast på ein slik måte for at det skal vere god kontakt mellom elev- og lærararbeidsplass, t.d. ved kjemiforsøk. I i biologi- og fysikklab skal det vere doble elevbord, medan det i kjemilab skal vere ekstra solide og litt større arbeidsbord som kan ha plass til to elevar på kvart bord. I naturfagromma skal det vere enkle elevbord som kan låsast til doble bord, slik at ein har fleksibilitet for gruppearbeid, samt avvikling av prøver i desse romma med grupper opp til 30 elevar.

Naturfagromma kan dele eit stort førebuingssrom, kjemi- og biologilab kan dele eit stort førebuingssrom. Det minste førebuingssrommet kan då ligge til fysikk-lab. Alle laboratorium skal som hovedregel ha minst to ferdselsveggar som er uavhengige av kvarandre. Inngangsdør frå korridor til labrom skal vere fremst i rommet ved lærararbeidsplass. Dør mellom labrom og førebuingssrom må plasserast slik at den tilfredsstiller krav om rømning ved lab rom, iht. arbeidstilsynets krav.

Det skal vere gode dagslysforhold og høve til å blende(mørklegge) rommet, slik at ein kan utføre øvingar i eit mørkt rom, t.d. spektrometriøving.

#### Fast inventar og utstyr:

Det skal vere tilstrekkeleg plass til møblering langs vegg i form av både laust og fast inventar. Langs vegg skal det t.d. vere arbeidsbenk med vaskar og skap og plass til avtrekksskap. Ved vaskar skal det vere mogleg å henge opp stativ for tørking av glasutstyr. Alle lab-rom må ha eiga oppvaskmaskin. På anna vegg skal det vere plass til doble høgskap for oppbevaring av utstyr, modellar m.v.



*Eksempel innredning*

Det skal vere mogleg å henge opp plansjar og oppslagstavler i alle lab rom, t.d. av det periodiske system, samt veggplass til lab-frakkar, verne- og brannsløkkingsutstyr og mobilhotell ved inngang. I kvar lab skal det vere 2 nødbrytarar, ein ved lærararbeidsplass og ein i motsatt ende av rommet. Nødvendig nødhjelpsutstyr skal vere godt synleg og merka, slik at det er lett å finne.

Alle benkeplater, inkludert elevbord og kateter, må tole syre og andre etsande væsker. Det same gjeld golvbelegget. All fast innredning skal vere tilpassa lab-funksjon, og leverast av spesialleverandør.

For alle lab-rom må det vere minst 2 avtrekksskap per rom langs vegg, med skjerming for sprut. (Fysikk lab treng ikkje avtrekksskap). Avtrekk er viktig på alle rom der det skal gjerast naturfags-forsøk, og det skal også vere punktavtrekk over lærararbeidsplass, samt tilstrekkeleg punktavtrekk for elevarbeidsplassar.

Det skal vere el-uttak ved kvar elev- og lærararbeidsplass (skinner i taket), samt tilstrekkeleg kontaktpunkt langs veggjar, særleg ved bakre rekke i rommet. Det skal vidare vere eige sikringssskap på alle spesialrom.

Fremst i rommet skal det vere demonstrasjonsbenk/lærar bord, med tilhøyrande/integrert liten vask ved enden av kateter. Her skal det også vere el-uttak på begge sider av tavle og kateter.

Kjemi-lab utformast med ekstra tilrettelegging for kjemiforsøk. Det skal møblerast med ekstra avlange og solide arbeidsbord, tilrettelagt for gruppeforsøk i kjemiundervisning. Alle benkeplater, inkludert elev- og lærarbord, samt golvoverflate, må tole syre og andre etsande væsker. Det skal her vere nøddusj med sluk i golv. Det er ynskjeleg at funksjonar som oppvaskmaskin, vaskerenner, tørkestativ kan plasserast på ei kortside i rommet.

#### **Vekstrom:**

Vekstrom skal ha tilknytning til biologi-lab, og ha gode lysforhold med moglegheit for å blende av.

#### **Førebuingsrom:**

Førebuingsrom plasserast slik at alle tilhøyrande lab-rom har direkte tilkomst, samt at det er tilkomst til trafikkareal utanfor lab-rom. I førebuingssrommet skal det vere lagringsplass for kjemikalier, gassbeholdarar og anna materiell, og arbeidsplass for å førebu dette opp mot undervisning/forsøk. Arbeidsplass og oppbevaring omfattar avtrekksskap, skap for lagring med avtrekksvifte, vanlege skap/hyller, arbeidsbenk, kjøle- og frysemoglegheit, traller og reingjering av utstyr.

Spesialskap for oppbevaring av kjemikalier og gassar skal vere solide, låsbare, med eige avtrekksvifte.

#### **Kjemikalierom:**

Eit eige kjemikalierom for oppbevaring av farlege kjemikalier, skal ha tilkomst til kjemi lab sitt førebuingssrom. På dette rommet skal det vere skap med avtrekksvifte, tilrettelagt for lagring av kjemikalier og gassar. Spesialskap for oppbevaring av kjemikalier og gassar skal vere solide, låsbare, med eiga avtrekksvifte.

### **05.01-2 Naturfagrom**

Stk. x Areal:	2 stk x 100m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Labrom/Teorirom.
Persontal	30 elevar + 2 lærar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja. Blende moglegheit.
Plassering i anlegget:	Nybygg, Base: Teknologi.
Kritiske rommål (b x l x h):	«Liggande» rom med tavle på langvegg.
Transportopningar:	Terskelfritt, transport traller mellom rom.
Fast inventar og utstyr:	6 stk høgskap dobbeldør m/øvre del glass 100x60 cm. Arbeidsbenk 60 cm djupne med tilhøyrande underskap, ca. 9,6 lm, integrert med 4 stk vaskekummar, 8 stk blandebatteri med svanehals. 4 tørkestativ. Oppvaskmaskin. Vaskerenne. Overskap: ca. 6 stk 60x40cm. Arbeids- og demonstrasjonsbenk lærar ca. 300 x 80 cm, h=90cm, med integrert el-stikk, liten vask med svanehals og øyeskyllestasjon.
Spesialutrustning:	Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar. 2 stk avtrekksskap. Punktavtrekk over arbeidsbord: 1 for lærar +8 stk for elevar. 2 stk nødbryter.
Laust inventar og utstyr:	Enkle elevbord 30stk, 70x80 cm, 30 elevstolar, stol for lærar. Oppstilling av elevbord: 4 rekker med 8(6) elevarbeidsplassar. Tavle periodisk system ca. 1,5x1,5m. Brannsløkkingsutstyr. Verneutstyr. Garderobeoppheng ytterklede og lab frakkar. Mobilhotell. Hyllar.
Overflater:	Sklisikkert golv.
Teknisk:	Separat avtrekkssystem.
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangsone.



### 05.03 Biologi lab

Stk. x Areal:	1 stk x 100m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Labrom/Teorirom.
Persontal	30 elevar + 2 lærarar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja. Blende moglegheit.
Plassering i anlegget:	Nybygg, Base: Teknologi.
Kritiske rommål (b x l x h):	«Liggande» rom med tavle på langvegg.
Transportopningar:	Terskelfritt, transport traller mellom rom.
Fast inventar og utstyr:	<u>8 stk høgskap</u> dobbeldør m/øvre del glass 100x60 cm (3 stk med skuffeinnredning i underdel). <u>Arbeidsbenk</u> 60 cm djupne med tilhøyrande underskap: ca. 9,6 lm, integrert med 4 stk vaskekummar, 8 stk blandebatteri med svanehals. 4 tørkestativ. Oppvaskmaskin. Vaskerenne. <u>Overskap</u> ca. 6 stk 60x40cm. <u>Arbeids- og demonstrasjonsbenk</u> lærar ca. 300 x 80 cm, h=90cm med integrert el-stikk, liten vask med svanehals og øyeskyllestasjon.
Spesialutrustning:	Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar. 2 stk avtrekksskap. Punktavtrekk over arbeidsbord: 1 for lærar + 8 stk for elevar. 2 stk nødbryter.
Laust inventar og utstyr:	<u>Doble elevbord (2 elevar) 15stk</u> 140x80 cm, 30 elevstolar, stol for lærar. Oppstilling av elevbord: 4 rekker med 8(6) elevarbeidsplassar. Tavle periodisk system 1,5x1,5m. Brannsløkkingsutstyr. Verneutstyr. Garderobeoppheng ytterklede og lab frakkar. Mobilhotell. Hyller.
Overflater:	Sklisikkert golv.
Teknisk:	Separat avtrekkssystem.
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 05.04 Fysikk lab

Stk. x Areal:	1 stk x 100m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Labrom/Teorirom.
Persontal	30 elevar + 2 lærarar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.
Dagslys / utsyn:	Ja. Blende moglegheit.
Plassering i anlegget:	Nybygg, Base: Teknologi.
Kritiske rommål (b x l x h):	«Liggande» rom med tavle på langvegg, eller anna passande løysing.
Transportopningar:	Terskelfritt, transport traller mellom rom.
Fast inventar og utstyr:	<u>3 stk høgskap</u> dobbeldør m/øvre del glass 100x60 cm. Fastmontert <u>skuffeseksjon</u> med arbeidsbenk, ca. 300x60cm. <u>Arbeidsbenk</u> med tilhøyrande underskap: ca. 9,6 lm, integrert med 2 stk vaskekummar, 4 stk blandebatteri med svanehals. 1 tørkestativ. <u>Arbeids- og demonstrasjonsbenk</u> lærar ca. 300 x 80 cm, h=90cm med integrert el-stikk, liten vask med svanehals og øyeskyllestasjon.
Spesialutrustning:	Whiteboard/digital tavle mål 6 x 1,5 m. Dobbel prosjektorløysing for todelte digitale presentasjonar. Ekstra tavle på kortvegg. 2 stk nødbryter.
Laust inventar og utstyr:	<u>Doble elevbord (2 elevar) 15stk</u> 140x80 cm, 30 elevstolar, stol for lærar. Oppstilling av elevbord: 4 rekker med 8(6) elevarbeidsplassar. Tavle periodisk system 1,5x1,5m. Brannsløkkingsutstyr. Verneutstyr. Garderobeoppheng ytterklede og lab frakkar. Mobilhotell. Hyller.
Overflater:	Sklisikkert golv.
Teknisk:	Separat avtrekkssystem.
Andre krav:	Glasfelt mot fellesrom / gangsone.

### 05.05 Kjemi lab

Kapittelet omfattar rom for elevtenestene, PPT for vidaregåande skule, karriererettleiing for vaksne, og oppfølgingstenestene (OT). Elevtenestene dimensjonerast som arbeidstad for 14 tilsette. I tillegg til dette skal ein ha 1 kontor for sambruk med andre etatar.

Oppfølgingstenestene dimensjonerast for 30 elevar og 2 tilsette (3 lærarar som har undervisning og nokre som har kurs, dei kan dele på kontorarbeidsplass).

### Elevtenestene:

Det er viktig at elevtenesta er lett tilgjengeleg for elevar å oppsøke, i nærleiken av hjarte i skulen. Dei må sitte samla slik det blir kontorarbeidsplassar i nærleiken av kvarandre, med eit felles møterom til ca.15-20 personar i landskapet dei tilhøyrer. Slik kan ein lett ha eit fagleg og godt samarbeid og utnytte mogelegheitene til å ha arbeidsmøter rundt ein skilde saker. Det er positivt om ein kan få fleire etatar inn i skulen og kan ha samlokalisering/ tilknytning til elevtenesta, som PPT, BUP, helsesøster, karriererettleiar for vaksne.

Samlokalisering vil auke mogelegheitene for tverretatleg samarbeid. Dersom elevtenestene vert plassert ved administrasjonen kan ein samarbeide om resepsjonsfunksjon og møterom m.v..

Det er ønske om eigne kontor utan innsyn frå utsida. Det må vere plass til 1 besøkande på kontora. Ved fleire besøkande må ein ha høve til å nytte møterom. Helsesøster ynskjer det skal vere vask på kontoret. Det skal vere venterom i tilknytning til elevtenesta (diskre) med tilknytt toalett. Ventesona i elevtenestene skal vere skjerma for innsyn. Avdelinga må vere triveleg å kome inn i, utan trange korridorar eller institusjonspreg. Besøkande kan henvende seg til ekspedisjon tilknytt administrasjonen (hvøedresepsjon), eller direkte til næraste ledige kontor i elevtenestene. Kvilerom må plasserast slik at det vert moglegheit for tilsyn frå kontora. Elevtenestene må ha eit lager til utstyr til aktivitetar og ulike markeringsdagar i dette området.

### 12.01-15 Kontor

Stk. x Areal: 15 stk x 8m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Fast kontorarbeidsplass.  
 Persontal: 1 tilsett + 1 besøkande.  
 Lydkrav: Konfidensielle samtalar.  
 Dagslys / utsyn: Ja  
 Fast inventar og utstyr: Servant på rom 12.08-09 Helsesøster.  
 Laust inventar og utstyr: Skrivebord 1800x800mm, avlastningsbord, kontorstol, besøkstol.

### 12.16-17 Kvilerom / samtalerom

Stk. x Areal: 2 stk x 10m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Samtalerom for rådgjevarar/ elevevar/ føresette. Kvilerom for elevar / tilsette. Sambruk v/ skjerming psykisk helse.  
 Persontal 4  
 Lydkrav: Konfidensielle samtalar.  
 Plassering i anlegget: Utforming og plassering krev at rommet kan skjermast ved bruk som samtalerom. Samtidig må det vere moglegheit for tilsyn frå nærliggande kontor når det vert brukt som kvilerom, kan løysast med glasvegg og gardiner.  
 Laust inventar og utstyr: Sofa lang nok til å ligge på. 1 sofastol. Lite bord.

### 12.18 Venterom

Stk. x Areal: 1 stk x 10 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Venterom for elevar og føresette.  
 Persontal 4  
 Plassering i anlegget: Skjerma, men likevel nær felles resepsjon for elevtenestene og administrasjonen. Må ha moglegheit for tilsyn frå dei næraste kontora i elevtenestene. Tilgang til toalett.  
 Laust inventar og utstyr: 4 venteromstolar, hyller for informasjon.

### 12.19 Møterom

Stk. x Areal: 1 stk x 20 m<sup>2</sup>.  
 Funksjon: Møte- og samtalerom.  
 Persontal: 16  
 Lydkrav: Konfidensielle samtalar.

Plassering i anlegget: Nær venterom for elevtenestene / felles resepsjon for elevtenestene og administrasjonen.  
Spesialutrustning: Videoskjerm med trådløs oppkobling.  
Laust inventar og utstyr: Møtebord og stolar for 16 personar.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC (både for elevar og lærarar).

### 12.20 Lager utstyr

Stk. x Areal: 1 stk x 12m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Lager for utstyr.  
Plassering i anlegget: Nær venterom.  
Laust inventar og utstyr: Reolar.

### 12.21 Toalett

Stk. x Areal: 1 stk x 2m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Toalett for besøkande.  
Plassering i anlegget: Ved venterom / helsesøsterkontor.  
Fast inventar og utstyr: Vegghengt toalett, servant, speil over servant.  
Laust inventar og utstyr: Toalettppapirhaldar, såpedispenser, tørkeppapirhaldar, søppelkorg.

### Oppfølgingstenestene (OT):

Det er stort sett 35-40 elevar inn eit OT-tiltak, men det er aldri så mange inne på skulen på same tid. Det bør vere rom for å kunne ha 20 ungdommar inne på ein gong. Det er ynskjeleg at OT er nær elevtenestene (romprogrammet tek utgangspunkt at OT nyttar rom i eksisterande Blokk A, men her vil det vere ein fordel om ein kan finne løysingar som er meir i samsvar med målsettinga). Rommet bør ikkje ha innsyn frå felles/eller gangområde for å ta omsyn til ungdommar med skulevegring.

### 12.22-23 Kontor

Stk. x Areal: 2 stk x 8m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Fast kontorarbeidsplass.  
Persontal: 1 tilsett + 1 besøkande.  
Lydkrav: Konfidensielle samtalar.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Nær elevtenesta (alternativt kan rom A213/-14 nyttast).  
Laust inventar og utstyr: Skrivebord 1800x800mm, avlastningsbord, kontorstol, besøkstol.

### 12.24 Gruppe / aktivitetsrom

Stk. x Areal: 1 stk x 40m<sup>2</sup>.  
Funksjon: Aktivitesrom / møterom / teorirom for tavleundervisning.  
Persontal: 20  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Sjå innleiande tekst OT, alternativt kan rom A213 nyttast.  
Fast inventar og utstyr: Kjøkeninnreiing med kjøleskap, koketopp med avtrekkshette, mikrobølgeovn, oppvaskmaskin, benkeskap med v/k vatn og vaskekum /utslag, benkeskap med hyller, skuffeseksjon med bestikkskuff, benkeplate med arbeidsplass og plass for kaffitraktar, overskap med plass til dekketøy for 20 personar. Servant for handvask, speil over servant.  
Spesialutrustning: Projektor med trådløs oppkobling. Whiteboardtavle 4 x 1,2 m.  
Laust inventar og utstyr: Møteromsoppsett med stolar og bord for 20 personar.  
Møteromsbord skal kunne delast opp og nyttast for klasseromsoppsett. Såpedispenser, tørkeppapirhaldar, søppelkorg.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC (både for elevar og lærarar).

## 5.13 Fellesområde

Dei vidaregåande skulane i Førde i dag er viktige institusjonar i kvar sin ende av sentrum av Førde. Den nye samla Førde vidaregåande skule vil difor bli ein viktig del av den nye bydelen «Indre Øyrane», som er planlagt utbygd med skule, næring og bustadområde. Nye Førde vidaregåande skule med 1000 elevar vil skape auka aktivitet i området og det er difor eit mål at skulen skal skape identitet for elevane og bydelen rundt. Skulen og skuleområdet skal vere ein stad for læring, sosial møtestad og aktivitet.



Den nye utbygginga for Førde vidaregåande skule skal ha ein klar arkitektonisk identitet og ein hovudinngang som ønskjer alle elevar, tilsette og besøkande velkomen. Når ein kjem inn hovudinngangen skal ein møte eit luftig og hyggeleg inngangsparti som skal vise veg inn til hjartet i skulen; som er kantine, bibliotek og sentrale vringleområde.

### **5.13.1 Hovudinngang og vestibyle**

Hovudinngangen til skulen skal vere tydeleg markert og henvende seg mot den sentrale gangvegaksen nord-sør i bydelen. Hovudinngang skal plasserast i nær tilknytning til eksisterande hovudinngang/sentralblokk, slik at denne vert kopla på eksisterande kantine og kommunikasjonslinjer. Innanfor bygget sin hovudinngang skal ein møte eit felles torg/vestibyle. Dette vestibyleområdet skal vere luftig med stor takhøgde og store glasflater med mykje dagslys. Det skal vere god kontakt mellom vestibyle og utvendig inngangsområde. Det gjerast merksam på at anlegget er sterkt utsett for austavind, noko som må takast omsyn til ved utforming av inngangsparti.

Vestibylearealet skal fungere som eit myldreområde og fysisk internt bindeledd mellom hovudfunksjonane kantine, skule og bibliotek. Her skal det leggjast til rette for møteplassar og opphaldssoner av ulik karakter og ulik grad av eksponering. Vestibyle skal ha plass for møteplass/sittegrupper, utstilling av elevarbeid og oppslagstavler. Utstillingsareal bør vere glassmonter monterte på vegg og golvmonter for andre modellutstillingar. Frå vestibyle og hovudinngang skal det vere lett tilkomst til administrasjon og elevtenester. Om mogeleg skal dette plasserast på Plan 1 eller lett tilgjengeleg og synleg på Plan 2. Frå vestibyle skal det vere tydeleg skilting til dei ulike funksjonane og avdelingane i anlegget. Frå vestibyle skal det vere ei sentral og stor hovudtrapp til Plan 2 og nær tilgang til heis. Hovudtrapp skal vere knutepunkt for fordeling til nye skulefløyar og samanbinding til eksisterande sentralbygg.

### **Digital service**

Ved hovudinngangen skal det etablerast ein interaktiv skjerm der besøkande kan søke informasjon om aktivitetar og plassering i anlegget. Informasjonssøylar skal ha løpande dagsaktuell informasjon plasserast i dette området og i sentralt i tilknytning til dei andre avdelingane/studiebasane.

### **Lager**

I nærleiken av vestibyle må det vere tilgang til lager for oppbevaring av teknisk utstyr og aktivitetsutstyr.

### **Besøksgarderobe**

I nærleiken av hovudinngang skal det settast av areal for garderobe for besøkande. Dette skal kunne nyttast i samband med besøk og større arrangement. Dette kan vere ein skjerna krok eller utvida korridorområde. Det skal vere plass til benk og oppheng av tøy på garderobeknagg over benk. Oppheng av tøy for ca. 100 personar. Utformast slik at arealet kan nyttast til oppheng av vått tøy for syklistar og mopedistar, og kunne kombinerast som sosial møtestad for elevane i skuletida.

### **Toalett**

I nær tilknytning til vestibyle skal det vere separate toalett for dame/herre med forrom og 4 ordinære toalett. Eitt HC-toalett. Eksisterande toalettanlegg ved kantine skal i utgangspunktet kunne nyttast vidare til denne funksjonen. Plassering av nye toalett vurderast og fordelast samla for nybyggdelen.

### **5.13.2 Trapp og heis**

Trapperom skal fordelast og plasserast på ein slik måte at ein får god logistikk i bygget og i samsvar med krav til sikker rømming. Det skal vere ei stor romsleg hovudtrapp frå hovudinngang/vestibyle. Her skal det og vere ei ny hovudheis – tilpassa båretransport og transport av større møblar, som for eksempel sjukehusseng. Trapp/heis inngår i brutto-nettofaktor. Talet på heisar samt plassering av heisar skal fastleggast med grunnlag i behovsvurdering og forskrifter.

### **5.13.3 Gangareal og sosiale møteplassar**

Gangarealet er ein del av den interne logistikken i bygget og skal planleggast på ein effektiv og god måte, spesielt med tanke på å binde saman nybygg med eksisterande sentralblokk

og kommunikasjon ut til dei andre undervisningsblokkene i skuleområdet. Gangarealet inngår i brutto-nettofaktoren.

Skulen skal planleggast med tre undervisningsbasar. Eksisterande bygg vart planlagt som ein paviljongskule i stjerneform. Den nye skulen skal bindast saman, slik at det vert innvendige kommunikasjonslinjer mellom nybygg og eksisterande paviljongbygg. Dette kan løysast med glasgårdar eller mellombygg. Desse glasgårdane skal fungere som vrimleareal og møteplass for elevane og også fungere som buffer for kantina. Vrimlearealet skal ha variert møblering, tilpassa sosial møtestad, spiseplass og lekseplass. Det skal vere gangbruer i minimum 2.etasje for å binde saman nybygg – eksisterande bygg.

I tilknytning til gangarealet ute i undervisningsfløyane skal det leggjast inn sosiale møteplassar fordelt på etasjar. I tillegg skal det etablerast vrimleareal i overgangane mellom undervisningsbasane. Dette skal vere elevane sin møtestad som kan nyttast til sosial aktivitet og pause mellom undervisningstimane. I desse sonene skal det møblerast med ulike sittegrupper og anna aktivitetsinnredning, f.eksempel bordtennis, sjakkspel på golv eller liknande.

#### **5.13.4 Elevskap og garderobe**

For dei yrkesfaglege studietilboda, der det er krav til omkledding, blir behov for garderobe beskrive spesielt under kvar studieretning. Den eksisterande skulen er ein yrkesfagleg skule og har i stor grad eksisterande garderober eller behov for fleire eller nye garderober. Garderobeskap skal vere låsbare.

Det skal settast av areal til plassering av elevskap (bokskap) for alle elevar – ca. 1000 elevar. Dette er skap for innlåsing av skulebøker, pc og andre verdisaker.

Elevskapa skal plasserast sentralt i tilknytning til dei ulike undervisningsbasane, helst i nærleiken av «basisklasserom». Elevskapa skal ikkje stå inne på klasserom, men plasserast integrert i nisjer i korridor eller anna lett tilgjengeleg areal. Elevskapa kan nyttast som romformande element, for å lage skjermende sittegrupper i delar av «vrimleareal». Plassering må ta omsyn til eventuelle brannkrav.

I tilknytning til undervisningsbasane, som ikkje har eigne garderober, skal det settast av areal for oppheng av yttertøy. Elevane flyttar seg mellom basar og innad i basane og det må difor vere mogeleg å henge opp yttertøy utanfor alle klasserom. Dette kan etablerast på veggfaste knaggrekker eller garderobenisjer.

#### **5.13.5 Kantine**

Dagens elevkantine i eksisterande bygg ligg i dag nær Restaurant og matfag og har synergjar og sambruk som ein ønskjer å vidareføre. Restaurant og matfag brukar å lage mat og servere for større arrangement, der ein opnar opp mellom restaurant og kantineareal og dekker på langbord. Det er ikkje ønskeleg å stenge for denne aktiviteten ved etablering av nytt kantinekjøkken og utvida kantineareal. Det er planlagt å etablere eit nytt større kantinekjøkken. Det skal utformast og utstyrast som eit produksjonskjøkken for kald og enkel varm mat.

#### **Spiseareal**

Spisearealet i kantina skal dimensjonerast for samtidig bruk av om lag 460 personar. Vrimleareal som etablerast i mellombygg mellom undervisningsfløyar skal ha sittegrupper og fungere som buffer for spisearealet til kantina.

Kantina skal bestå av opphalds-/spiseområde, produksjonskjøkken, serverings-/salssone og nødvendige støttefunksjonar. Kantina skal tilfredsstillere mattilsynet sine hygienekrav til utforming og arbeidstilsynet sine krav til utforming av arbeidsplass. Spisearealet kan med fordel inndelast i ulike soner med variert møblering for fleksibel bruk og triveleg atmosfære. Innreiinga kan vere ein kombinasjon av sitte- og ståmøblar. Kantina er ein del av huset sitt «hjarte» og skal innby til opphald og som sosial møteplass.

Ein ser føre seg at delar av eksisterande areal nær spisearealet til kantina i A-blokka vert teke i bruk til utvida spiseareal. I tillegg må ein planlegge nytt spiseareal i nybygg, i nær tilknytning til eksisterande kantine. Dette arealet bør ligge ut mot felles uteanlegg mot sør,

med supplerande uteplass med spisemøblering for utandørs bruk. Den nye kantinedelen bør kunne lukkast og nyttast til andre føremål, for eksempel som møterom for større grupper.

Dagens administrasjon på Plan 1 i A-blokka skal flyttast til nybygg. Administrasjonsarealet kan ombyggast til kantine /pauserom for personalet, eventuell anna gjenbruk.

### **Sal og servering**

Sal og serveringsområdet må utformast slik at ein får logisk og effektiv kundestrøm gjennom kantina. Det skal settast av areal til to betalingskasser/-terminalar. Ein vil og ha vurdert andre enklare betalingsformer, som for eksempel vipps eller anna kontaklaus betaling. Kantineområdet sine salsdiskar og kasser skal saman med kjøkkendelen kunne stengast av når salet i kantina er stengt.

Utlevering/servering skal tilretteleggast for servering av kalde og enkle varme rettar, sal av kioskvarer, frukt og grønt, meierivarer og varme og kalde drikker. I sals- og serveringsdelen må det settast av areal til sjølvbeteningsdisk for kald mat og kalde produkt, sjølvbeteningsdisk for påsmurt mat, salatbar og stasjonar for varm og kald drikke. Det skal vere mogeleg å fylle på kald mat og drikke frå kjøkkensida i bakkant av sjølvbeteningsdiskane. I serveringsområdet skal det settast av areal for lagring av servise i glas og porselen, stålbestikk etc. I sal/serveringsområdet skal det være minimum to stasjonar for handhygiene, ein der brukarane kjem inn i kantina og ein plassert etter betalingsstasjonane.

Andre funksjoner i kantinearealet:

- Mat-/ drikkeautomat.
- Vask med varmt og kaldt vatn for skylling/vask av termokoppar.
- Tappestad for drikkevatt med varmt og kaldt vatn.
- Stasjonar som er tilrettelagt med strøm og avtrekk for bl.a. mikrobølgeomnar og toast-jern.
- Miljøstasjon for håndtering av oppvask og restavfall.
- Luke/dør for innlevering til oppvasksona i kjøkkenet.
- Utslagsvask med silspann i tilknytning til miljøstasjonen.
- Stasjonar for handhygiene ved inngangen til kantina.
- Tilrettelagt for bruk av prosjektor og lerret.
- Sonedeling av arealet slik at enkelte sittegrupper er skjerma for visuell støy.
- Gode lademulighet for PC/telefonar.
- Informasjonsskjermer som viser vekemeny, tilbod og andre nyhende frå kantina.

### **5.13.6 Kantinekjøkken**

Kantinekjøkkenet skal bestå av soner/rom for produksjon, skrubb/oppvask, anretning og utstyrsstasjon. Det skal leggast vekt på oversiktlege, opne løysingar og logisk organisering av produksjonslinjer og plassering av lager. Lokala skal vere organisert og innreia slik at det er mogeleg å halde god driftshygiene og gjennomføre eit effektivt reinhald.

Kjøkkenet skal utstyrt for anretning og servering av kalde og enkle varme rettar, med ei sone for smøring og tilberedning av kald mat og ei sone for oppvarming/produksjon av varm mat. Begge sonene må være hensiktsmessig plassert i forhold til serveringsdisk. Frå den skitne delen av kjøkkenet (skrubb/oppvask) skal det vere direkte inn- og utgang frå spisearealet, slik at skittent bestikk og service kan leverast direkte til oppvask.

Det må vere enkel og godkjent transport av varer frå sentralt varemottak til kantinekjøkken. Likeeins må det vere forsvarleg handtering av avfall frå kjøkkenet til avfallsrom. Lokalt varemottak må ha plass til utpakking og plass for emballasje/vogn/paller frå leverandør.

### **Lager**

Lagerrom skal utstyrt med reolar til lagring av forbruksmateriell og matvarar. Kjøle- og fryselager skal vere prefabrikerte element godkjent for lagring av næringsmiddel som krev lågare temperatur. Desse romma plasserast ilag. Det skal vere lett tilgang frå produksjon til lagerrom.

Det skal vere kjølelager med sjølvbetjent salsskap ut mot salsareal, med påfyll frå kjøkkensida. Det skal vere plass for kjølereolar til anna drikke og meieriprodukt for sjølvbetjening ute i salarealet.

### **Kantinekontor**

Det skal vere kontorarbeidsplass for administrative oppgåver knytt til kantinedrifta. Dette kan vere ein skjermad del av kjøkkenet eller eige rom. Rommet skal ha PC-arbeidsplass og hylleseksjon. Kontoret vert ikkje rekna som fast arbeidsplass og treng difor ikkje direkte dagslys.

### **Garderobe for kantinetilsette**

Kantinepersonalet skal ha felles garderobe med toalett. Garderobene skal ha plass til eit låsbart skap til kvar tilsett – totalt 4 personar. I garderoben skal det vere eige avlukke for omkledding. Garderobene skal ha tilkomst frå urein sone og inngang til produksjonssona. Det skal vere tilgang til HC-toalett og dusj i felles personalgarderobe.

### **Varemottak, avfallshandtering og reinhald**

Varemottak kantine – utforming og tilrettelegging skal vere i samsvar med mattilsynet sine gjeldande krav. Varemottaksdelen må ligge slik at det er enkel tilkomst frå anlegget sitt nye felles varemottak. I mottaket skal det vere plass til å pakke opp varer i skitten del av kjøkkensona. Kantinekjøkkenet skal ikkje ha eige avfallsrom, men alt avfall frå kantina skal leverast til skulen sitt nye felles avfallsrom kvar dag.

Reinhalsrommet i kantinekjøkkenet utstyrast med utslagsvask og plass for reinhaldstralle og hyller til oppbevaring av reingjeringsmiddel. Det skal vere sluk i golv og veggmontert skumleggingsanlegg, slik at alle rom i kjøkkenet kan skumleggast og spylast i samband med reinhald. Golva skal vere slitesterke og sklisikre.

## **5.13.7 Bibliotek**

Biblioteket skal ivareta oppgåver som er knytt til eit skulebibliotek. Eit moderne skulebibliotek skal dekke fleire funksjonar enn den tradisjonelle boksamlinga med lærebøker, skjønnlitteratur, faglitteratur og tidsskrifter. Skulebiblioteket skal støtte den faglege opplæringa og vere ein viktig ressurs for å realisere målsettingane i læreplanane. Biblioteket skal gi læringsstøtte til elevane ved å vere ein stad for informasjonssøking og utlån av bøker og anna informasjonsmateriell. Skulebiblioteket skal stimulere elevane til eigeninnsats, samarbeid og lesing. Skulebiblioteket skal også omfatte skulen sitt lærarbibliotek og dekke nødvendige bibliotektenester for lærarane.

Det er eit mål at biblioteket skal vere ope og inkluderande og ein naturleg stad for elevane å bruke. Ein kan vurdere om biblioteket skal gå over to etasjar (med opa internttrapp), slik at det vert enda lettare tilgjengeleg for elevane. Biblioteket, eller avgrensa del av det, skal kunne lukkast på kveldstid, eventuelt tilgang utanom opningstid med elevkort.

Biblioteket skal ha soner og rom som er tilrettelagt for ulike aktivitetar og behov og vere eit attraktivt myldreområde for elevane. Det skal leggast til rette for utstillingsplass for elevarbeid og eventuelt eit utsal/servicesenter for låne/hente ut foto/filmutstyr og kjøp av kunstmateriell. Bibliotekfunksjonen skal ha utvida sambruk for interaktiv læring, fotostudio/språklab, studierom/lekseplass m.v.

Biblioteket må få ei sentral plassering i anlegget, nær vestibyle og kantine. Biblioteket / delar av biblioteket bør vere tilgjengeleg på kveldstid. Biblioteket skal vere ope og transparent, vere romsleg og ha god takhøgde. Biblioteket skal vere inspirerande og det skal leggast vekt på inviterande møblering og friske fargar.

Biblioteket sine areal må tilpassast følgjande hovudoppgåver:

- Litteratur- og kulturformidling.
- Utlån/ innlevering av lærebøker.
- Lager for lærebøker.
- Grupperom.
- Område for stille arbeid, studie.
- Arbeidsplassar for elevsamarbeid (møteplass, gruppearbeid).
- Elevane sitt behov for informasjonssøk og -innhenting.

- Kontorarbeidsplass for bibliotekar.
- Magasin/lager.

### **Hovudrom**

Hovudrommet må vere romsleg, oversiktleg og ha godt med dagslys. Det skal leggjast vekt på god romklang som er tilpassa dei aktivitetane som skjer i biblioteket. Det skal vere ulike soner for samarbeidsaktivitet og stille soner. For heilt stille arbeid kan ein nytte grupperom/lesesal. Hovudrommet skal ha boksamling plassert i hyllesystem på hjul, slik at ein lett kan ominnrede ved behov. Ved skuleslutt og skulestart skal hovudrommet i biblioteket nyttast for inn- og utlevering av skulebøker. Rommet kan då nyttast som lager i skuleferien. Ute i rommet skal bokhyllene vere låge slik at ein kan sjå over dei, medan hyllene langs vegg kan vere høge.

Det skal vere plass til ca. 470 hyllemeter for skjønnlitteratur og fagbøker. (1 hyllemeter = 90 cm reolbredde). Reolar kan ha 4 eller 5 hyller i høgda og stå mot vegg eller på golv. Det bør vere min 1,7 m mellom reolane for å sikre tilgang til rullestol. I tillegg skal det vere ekstra hyller til andre samlingar i hyllearrangement som t.d. lydbøker, oppslagsverk og tidsskrift.

Bokhyllene skal plasserast og organiserast slik at det kan kombinerast med sitjegrupper. Møbleringa skal ha stor variasjon, slik at elevane kan sitje og studere åleine eller i gruppe. Det skal vere sitjegrupper både for uformelt samarbeid og for lesing og konsentrasjon. Det skal setjast av areal for PC-stasjonar for informasjonssøk på nett og i biblioteksdatabasen.

### **Kontorarbeidsplassar**

Sentralt plassert i hovudrommet skal det vere ei utlånsskranke tilrettelagt for 1 arbeidsplass. I tillegg skal bibliotekar ha eige cellekontor med glasvegg/utsyn til hovudrommet. Arbeidsplassane innreiast med hev/senk skrivebord med PC-arbeidsplass, skuffeseksjon og kontorstol. Det skal vere god hylleplass ved utlånsskranke og på kontor. IKT-støtte skal inn i bibliotekfunksjonen og plassering bør vurderast tilknytt multimediarommet. Det skal setjast av plass til multifunksjonsskrivar i nær tilknytning til kontorarbeidsplassane og arbeidsstove/ printerrom.

### **Grupperom**

I tilknytning til biblioteket skal det vere 5 større grupperom med møtebord/stolar for 6-8 personar.

### **Lesesal**

Stille lesesal integrert i bibliotekfunksjonen.

### **Arbeidsstove/printerrom**

I tilknytning til biblioteket skal elevar ha tilgang til eit arbeidsrom der papirarbeid kan ferdigstillast og ein har tilgang til maskin som kan skanne og kopiere. Rommet skal innreiast og utstyrast slik at ein kan klippe, lime, laminere, kopiere, skrive ut og binde inn ferdige arbeid. Det skal og kunne utstyrast med fotoprinter, 3D-printer, VR og kuttemaskin. 3D-printer må stå i eige avlukke, delt frå med glass-skyvefelt. Rommet må også utstyrast med ein arbeidsbenk/arbeidsbord og innreiast med hyller/skap til kontorutstyr.

### **Multimediarom**

Førde vidaregåande vil ha fokus på digital læring og ønskjer at alle elevane skal kunne bruke / utvikle digitale hjelpemiddel som del av læring og produksjon. Multimediarom skal utstyrast med stasjonære PC for foto- lyd og filmredigering. Tilgang for alle elevar ved skulen som jobbar med foto- og videoprojekt. Rommet kan og nyttast til podcast-produksjon m.v. Både Arbeidsstove/printerrom og Multimediarom vil bli nytta av Media og kommunikasjon og Kunst, design og Arkitektur, men også av andre programområde. Dei bibliotektilsette skal administrere og ha tilsyn med bruken av romma. Romma skal kunne låsast av frå biblioteket og nyttast når biblioteket har stengt. Det skal difor vere tilkomst både frå biblioteket og vestibyle/korridor.

### **5.13.8 Toalett for elevar**

Dimensjonere for ca.1000 elevar. 1 klosett pr. 20 elevar (skole) – dvs totalt 50 toalett. I eks. bygg har vi ca. 26 toalett for elevar. Dersom eks. toalett vert flytta/bygd om til anna føremål må desse erstattast av nye toalett.

Det vert dimensjonert for 30 nye elevtoalett. I tillegg 4 HC-toalett (min. ein pr. etasje/lett tilgjengeleg). Toaletta skal fordelast i nybygg og fordelast i etasje/basar. Toalett for elevar kan vere sambruk D/H.

### 13.01 Vindfang

Stk. x Areal: 1 stk x 20 m2 (Nybygg).  
 Funksjon: Sluse for temperatur-regulering inngang til vestibyle.  
 Persontal: 8-10 personar.  
 Plassering i anlegget: Hovudinngang. Henvende seg mot den sentrale gangvegaksen nord-sør i bydelen.  
 Transportopningar: Dobbelfløya skyvedør.  
 Overflater: golv: slitesterk inngangsmatte/skrapematte tilpassa offentleg miljø.  
 Andre krav: Automatisk dobbelfløya skyvedør.

### 13.02 Vestibyle - skuleorg

Stk. x Areal: 1 stk x 250 m2 (Nybygg).  
 Funksjon: Inngangssone, vrimleareal, sitjegrupper, informasjon.  
 Persontal: 100-150 personar.  
 Lydkrav: Ja, støydempeande tiltak og akustikkregulering.  
 Dagslys / utsyn: Ja, det skal vere store glasflater og kontakt med inngangssone og utvendig torg.  
 Plassering i anlegget: Fysisk bindeledd mellom hovudfunksjonane kantine, skule og bibliotek. Lett tilkomst til administrasjon og elevtenester.  
 Spesialutrustning: Interaktiv skjerm som viser informasjon for besøkande. Informasjonssøyler.  
 Laust inventar og utstyr: Sittegrupper, utstillingar: golvmonter for ustilling, glassmonter montert på vegg. Oppslagstavler. Skilting mot resterande del av anlegg. Besøksgarderobe i nisje.  
 Andre krav: Luftig etasjehøgde. Store glasflater.

### 13.03 Lager

Stk. x Areal: 1 stk x 10m2 (Nybygg).  
 Funksjon: Lager for oppbevaring teknisk utstyr og aktivitetsutstyr.  
 Persontal: 1 person.  
 Laust inventar og utstyr: Hyller for teknisk utstyr, aktivitetsutstyr. Bord, stol.

### 13.04 Glasgård – vrimleareal og buffer kantine

Stk. x Areal: 1 stk x 350m2 (Nybygg).  
 Funksjon: Møbleringsareal som sosial møteplass/spiseareal.  
 Persontal: ca. 150 personar.  
 Lydkrav: Ja, støydempeande tiltak og akustikkregulering.  
 Dagslys / utsyn: Ikkje krav, men mest mogeleg dagslys/overlys.  
 Plassering i anlegget: som utvida del av kommunikasjonsareal for å binde saman eksisterande og nye undervisningsfløyar.  
 Laust inventar og utstyr: Variert møblering for sosialisering og spiseareal.

### 13.05 Sosiale møteplassar – del av gangareal

Stk. x Areal: 8 stk x 10m2 (Nybygg).  
 Funksjon: Møbleringsareal i tilknytning til undervisningsbasar/klasserom. Møtestad som nyttast til sosial aktivitet og pause mellom undervisningstimar.  
 Persontal: 10-15 elevar.  
 Lydkrav: Ja, støydempeande tiltak og akustikkregulering.  
 Dagslys / utsyn: Ikkje krav, men ønskjeleg.  
 Plassering i anlegget: I tilknytning til gangarealet/undervisningsbasar.  
 Laust inventar og utstyr: Møblerast ulike sittegrupper og anna aktivitetsinnredning, for eksempel sjakkspel på golv, bordtennis, eller liknande.

### 13.06 Elevskap –fordelt på etasjar/basar

Stk. x Areal: Ca. 10x10 m2 fordelt til basar/klasserom.  
 Funksjon: Skap for innlåsing av skulebøker, pc og andre verdisaker.  
 Plassering i anlegget: Kvar elev skal ha eige elevskap. Plasserast sentralt i tilknytning til dei ulike undervisningsbasane.  
 Laust inventar og utstyr: Ca. 1000 bokskap.

### 13.07 Miljøstasjonar – nisje i korridor

Stk. x Areal: 6 stk x 3m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Stasjonar for sortering og mottak av ulikt enkelt avfall/søppel.  
Fast inventar og utstyr: Benkeskap/hyller/veggløsning/frittstående element for søppel mottak, f.eks ulike søppel dunk sorterting avfall.

### Kantine

Nytt kantinekjøkken og ombygging/nybygg for utvida spiseareal. Ein viser til innleiande tekst for omtale av organisering av rom og funksjonar. Endeleg valt planløyning for ombygging/nybygg skal ivareta totalt areal og funksjonar for spiseareal.

### 13.09 Spiseareal utvida kantine – 240 p

Stk. x Areal: 1 stk x 290 m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Spiseareal i tilknytning til kantine.  
Persontal: 240 personar.  
Lydkrav: Ja, støydempende tiltak og akustikkregulering.  
Dagslys / utsyn: Ja, mest moglege glasflater og utsikt.  
Plassering i anlegget: I tilknytning til eks. spiseareal.  
Transportopningar: Transportopningar skal vere terskelfrie slik at det er lett å kjøre traller.  
Fast inventar: Drikkestasjon. Stasjonar for handhygiene.  
Laust inventar og utstyr: Variert møblering, sitte- og ståmøblar. Stasjonar for handhygiene.  
Andre krav: Gode lademoglegheiter for PC/telefonar. Sonedeling; opne og skjerma areal, visuell støy. Tilrettelagt for bruk av projektor og lerret.

### 13.10 Spiseareal utvida kantine ombygging – 90 p

Stk. x Areal: 1 stk x 110m<sup>2</sup> (Ombygging).  
Funksjon: Spiseareal i tilknytning til kantine.  
Persontal: 90 personar.  
Lydkrav: Ja, støydempende tiltak og akustikkregulering.  
Dagslys / utsyn: Ja, mest moglege glasflater og utsikt.  
Plassering i anlegget: I tilknytning til eks. spiseareal.  
Transportopningar: Transportopningar skal vere terskelfrie slik at det er lett å kjøre traller.  
Laust inventar og utstyr: Variert møblering, sitte- og ståmøblar.  
Andre krav: Gode lademoglegheiter for PC/telefonar. Tilrettelagt for bruk av projektor og lerret. Sonedeling; opne og skjerma areal, visuell støy.

### 13.11 Serveringsareal

Stk. x Areal: 1 stk x 30m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Salsareal og sjølvbeteningsareal kantine.  
Persontal: 30-50 elevar og tilsette i køordning.  
Lydkrav: I samsvar med NS 8175 støydempende tiltak og akustikkregulering.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Hensiktsmessig plassert mellom kjøkken og spiseareal.  
Fast inventar og utstyr: Ca 4 løpemeter miljøstasjon med system for sortering/levering avfall. Utvendig del med drikkestasjon og tappestad varmt/kaldt vatn. Utslagsvask, 2x stasjon for handhygiene. Storkjøkkenleveranse: ca.10 løpementar serveringsbenk/disk; Kjølt serveringsdisk med brønn; skyvedør på betjeningsside, vippeluke på kundeside. Kjølt underdel med dører. Underbenk fryseskap og underseksjon uten dør med hyller. Vannbad, varmeskap. Salatbar med kjøling.  
Laust inventar og utstyr: Serveringsside: Areal for oppstilling høgskap kjøleskap leverandør for drikke m.v, traller for reine spise/drikkeredskap. Informasjonskjermar. Sjølvbeteningsstasjon; mikrobølgeovn, toastjern. Kjøkkenside: 2x kasseapparat, kaffetrakter, tallerken  
Overflater: Slitesterke og skliskre golv.  
Teknisk: Rullegitter skal ha automatikk/brytarstyring.  
Andre krav: Opningar mellom spiseareal og serveringsareal skal kunne stengast av med låsbart rullegitter frå tak til golv.



### 13.12 Kjøkken – kaldmat og enkel varmmat

Stk. x Areal:	1 stk x 45m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Produksjonskjøkken: anretning, servering, tilberedning av kald og enkel varm mat for elevar og tilsette.
Persontal	4-5 kantinedarbeidarar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175.
Dagslys / utsyn:	Ja
Plassering i anlegget:	Kantinekjøkken.
Transportopningar:	Terskelfritt i produksjonsområde.
Fast inventar og utstyr:	Handvask. Storkjøkkenleveranse: Ca. 15 m løpemeter arbeidsbenk med underskap/avlastningsbord og delvis overskap, inkludert matkum og spesialutstyr. Maskiner: 2 stk kombidamper bordmodell (Rational), Geiderhyller for plassering av platå for kombidamberovner, dobbel frityr, steikebord, 4-6 plater gasstopp, mikser 10 l, ventilasjonshette, Arbeidsøy: 2 stk arbeidsbord på hjul. Oppheng i tak over arbeidssoner.
Overflater:	Slitesterke og glatte overflater vegg, sklisikre golv. Hygienehimling.
Teknisk:	Det må leggest opp ledige 16/32 Amp. for framtidig behov eller lån av ekstra maskiner/ utstyr. God tilgang på stikkontakter.
Andre krav:	Det skal leggest vekt på oversiktlege, opne løysingar og logisk organisering av produksjonslinjer og plassering av lager. Legge til rette for god driftshygiene og effektivt reinhald. Sluk med fettavskiljar. Utforming og tilrettelegging i samsvar med mattilsynet sine gjeldande krav.

### 13.13 Oppvask

Stk. x Areal:	1 stk x 15m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Skrubb og oppvask av spiseredskap og kjøkkenutstyr. Rein og skiten sone.
Persontal	1-2 persnar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175.
Dagslys / utsyn:	Ikkje krav, men gjerne indirekte dagslys.
Plassering i anlegget:	Direkte inn- og utgang frå spiseareal/miljøstasjon ved skitten sone.
Transportopningar:	Terskelfritt i produksjonsområde og ut i spiseareal
Fast inventar og utstyr:	Storkjøkkenleveranse: Transportrulleband/arbeidsbenk for skitten og rein sone. Handvask. 2x industrivaskemaskin.
Laust inventar og utstyr:	2x stablingshyller for vaskebrett.
Overflater:	Slitesterke og glatte overflater vegg, sklisikre golv. Hygienehimling.

### 13.14 Fryselager

Stk. x Areal:	1 stk x 5 m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Frysrom for matvarer.
Persontal	1 person.
Plassering i anlegget:	Saman med kjøle- og tørrvarelager, hensiktsmessig i forhold til kjøkken/produksjonsareal..
Transportopningar:	Dører skal har lysopning min. 800x1900 mm. Låsbar dører.
Fast inventar og utstyr:	Rustfrie vegghyller – bredde 300mm
Overflater:	Glatte flater med hygienekrav.
Teknisk:	Fotocellestyrt belysning. Utvendig display som viser temperatur i rommet, logging av temperatur.
Andre krav:	Prefabrikerte isolasjonspanel komplett for golv, vegg og tak, godkjent for lagring av næringsmiddel. Fryserom leverast med elementgolv, min 140mm gruve for å få golvet i same nivå som etasje. Inkludert klimadør. Temperatur skal tilfredsstillende Mattilsynet sine krav.

### 13.15 Kjølelager

Stk. x Areal:	1 stk x 5 m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Kjølerom for matvarer.
Persontal	1 person.
Plassering i anlegget:	Saman med fryse- og tørrvarelager, hensiktsmessig i forhold til kjøkken.

Transportopningar:	Dører skal ha lysopning min. 800x1900 mm. Låsbar dører.
Fast inventar og utstyr:	Rustfrie vegghyller – bredde 300mm.
Overflater:	Glatte flater med hygienekrav.
Teknisk:	Fotocellestyrt belysning. Utvendig display som viser temperatur i rommet, logging av temperatur.
Andre krav:	Prefabrikkerte isolasjonselement komplett for vegg og tak, godkjent for lagring av næringsmiddel. Inkludert klimadør. Temperatur skal tilfredsstille Mattilsynet sine krav.

### 13.16 Tørrvarelager

Stk. x Areal:	1 stk x 5 m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Lager for matvarer (tørrvarer).
Persontal	1 person.
Plassering i anlegget:	Saman med fryse- og kjølelager, hensiktsmessig i forhold til kjøkken.
Transportopningar:	Dører skal ha lysopning min. 800x1900mm. Låsbare dører.
Fast inventar og utstyr:	Rustfrie vegghyller – bredde 300mm.
Overflater:	Overflater som er lette å halde reine.

### 13.17 Garderobe tilsette

Stk. x Areal:	1 stk x 6m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Felles omkleddingsrom for tilsette, med oppbevaringsmoglegheit.
Persontal	4
Plassering i anlegget:	Tilkomst frå urein sone, og inngang til produksjonssone.
Fast inventar og utstyr:	Avlukke for omkledding.
Laust inventar og utstyr:	Låsbart skap for kvar tilsett.

### 13.18 WC

Stk. x Areal:	1 stk x 1,5m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	WC for kantinetilsette.
Persontal:	1
Plassering i anlegget:	Tilkomst til personalgarderobe for kantinetilsett.
Fast inventar og utstyr:	Vegghengt toalett, servant, speil over servant
Laust inventar og utstyr:	Garnityr for wc, vask og reinhald.

### 13.19 Varemottak

Stk. x Areal:	1 stk x 10 m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Mottak og oppakning av varer.
Persontal:	1-2 personar.
Plassering i anlegget:	Hensiktsmessig og enkel tilkomst frå/til anlegget sitt nye felles varemottak. Forsvarleg handtering av avfall frå kjøkken til avfallsrom.
Transportopningar:	Kan vere opa løysing frå mottak til kjøkkendel.
Fast inventar og utstyr:	Storkjøkkenleveranse: Arbeidsbenk ca. 2 lm med opne hyller og integrert vaskeikum. Overskap – hyller. Sluk i golv.
Laust inventar og utstyr:	Plass til oppstilling traller/vogn, emballasje. Avfallsstativ (levering til skulen sitt felles avfallsmottak).
Andre krav:	Utforming og tilrettelegging i samsvar med mattilsynet sine gjeldande krav.

### 13.20 Reinholdsrom kantine

Stk. x Areal:	1 stk x 1,5m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Rom for reinholdsførebuing og oppbevaring reinholdsutstyr kantine.
Plassering i anlegget:	Tilkomst til kantinekjøkken.
Fast inventar og utstyr:	Utslagsvask. Hyller til reingjeringsmiddel.
Spesialutrustning:	Veggmontert skumleggingsutstyr.
Laust inventar og utstyr:	Reingjeringsmaskin, ladestasjon.

### 13.21 Kantinekontor

Stk. x Areal:	1 stk x 6m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Kontorarbeidsplass for administrative oppgåver knytt til kantinedrift.
Persontal	1 personar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175.
Dagslys / utsyn:	Nei, ikkje fast arbeidsplass.
Plassering i anlegget:	Skjerma del av kjøkken, eller eige rom.
Fast inventar og utstyr:	Pc-arbeidsplass. Hylleseksjon.

Laust inventar og utstyr: Pc-arbeidsplass, kontorstol, hylleseksjon.

## Bibliotek

### 13.22 Hovudrom bibliotek - ekspedisjon

Stk. x Areal: 1 stk x 250m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Romsleg, oversiktleg rom for generelle bibliotekfunksjonar – utlån, oppbevaring av boksamling, lese-arbeidsplassar, ekspedisjon.  
Persontal 30 elevar + 2-3 tilsette.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Nærleik vestibyle. Kan gå over to etasjer.  
Kritiske rommål (bxlxh): Deler av hovudrom kan med fordel vere luftig og gå over to etasjer.  
Transportopningar: Dobbelføya inngangsdør – dørautomatikk.  
Fast inventar og utstyr: Ekspedisjonsmøblement. Utlånskranke for 1 arbeidsplass.  
Laust inventar og utstyr: Ulike sitjegrupper. Hyllesystem på hjul. Pc-stasjonar. Utlånskranke/ekspedisjon: hev/senk skrivebord med PC-plass, skuffeseksjon og kontorstol, hylleplass.  
Andre krav: Stor varisasjon for møblering – sitje og studere aleine eller gruppevis. Soner for samarbeidsaktivitet og stille soner. Uformelt samarbeid, og konsentrasjonsarbeid.

### 13.23-27 Møte/Grupperom

Stk. x Areal: 5 stk x 15m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Samlingsrom for større grupper.  
Persontal 6-8 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Ikkje krav, alternativ med indirekte dagslys/glassveggar.  
Plassering i anlegget: I tilknytning til hovudrom bibliotek.  
Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tommar på ein vegg.  
Laust inventar og utstyr: 8 elevbord 90x70 cm, 8 elevstolar. Persienner for skjerming.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC (både for elevar og lærarar).  
Andre krav: Delvis frosting av innvendig glassfelt.

### 13.28 Kontor

Stk. x Areal: 1 stk x 10m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Cellekontor for bibliotekar.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: I tilknytning til bibliotek, med glasvegg/utsyn til hovudrommet.  
Laust inventar og utstyr: Hylleplass. Hev senk skrivebord med pc-arbeidsplass, skuffeseksjon og kontorstol.  
Andre krav: Delvis frosting av innvneidg glassfelt.

### 13.29 Magasin/Lager

Stk. x Areal: 1 stk x 20m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Lager bøker, rekvisita m.v.  
Persontal 1-2 personar.  
Plassering i anlegget: Nær resepsjon.  
Laust inventar og utstyr: Hylleseksjonar på to veggjar.

### 13.30 Stille lesesal

Stk. x Areal: 1 stk x 75m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Rom for heilt stille studiearbeid. Fleksibel møblering.  
Persontal 30 elevar + 1-2 lærar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: I tilknytning til hovudrom/biblioteksfunksjonen.  
Laust inventar og utstyr: Trappeamfi med puter. Bord, stolar. Skjerma studieboksar.

### 13.31 Multimediarom

Stk. x Areal: 1 stk x 30m<sup>2</sup> (Nybygg).

Funksjon:	Rom for foto-, lyd- og filmredigering, ulike typar produksjon av multimedia.
Persontal	5-10 personar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – som for spesialrom musikk/lydstudio klasse C. Rommet må vere akustisk tilrettelagt med lyddemping og lydisolering for opptak av lyd.
Dagslys / utsyn:	Nei, men kan ha glasfelt mot bibliotek som kan blendast.
Plassering i anlegget:	Tilkomst både frå bibliotek og vestibyle/korridor.
Spesialutrustning:	TV montert på vegg med svingskinne. Rommet må vere utstyrt med bakgrunnsteppe frå tak og ha pantograf takskinnesystem med blitzoppsett. Lerret/bakgrunnar som skal takmonterast.
Laust inventar og utstyr:	2 stk arbeidsbord og 4 stk stolar med stasjonære pc-ar.
Teknisk:	Det må vere godt med straumuttak og nettilgang.

### 13.32 Arbeidsstove/printerrom/VR

Stk. x Areal:	1 stk x 50m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Ferdigstilling av papirarbeid, samt tilgang/bruk av maskiner for scan/print/kopi.
Persontal	10-15 personar.
Lydkrav:	Ja i samsvar med NS 8175.
Dagslys / utsyn:	Ikkje krav, men ønskjer indirekte belysning/glasfelt.
Plassering i anlegget:	Tilkomst både frå bibliotek og vestibyle/korridor.
Spesialutrustning:	3D printer i eige avlukke, delt frå med glass-skyvefelt.
Laust inventar og utstyr:	Fotoprinter, VR, kuttemaskin, arbeidsbenk/arbeidsbord, hyller/skap, kontorutstyr, avfallshandtering.

### Toalett for elevar

#### 13.30 Toalett

Stk. x Areal:	30 stk x 2m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	WC for publikum og elevar.
Persontal	1
Lydkrav:	Ja i samsvar med NS 8175.
Plassering i anlegget:	Fordelast i etasjar i tilknytning til undervisningsbasane.
Fast inventar og utstyr:	Vegghengt toalett, servant, speil over servant.
Laust inventar og utstyr:	Garnityr for wc, vask og reinhald.

#### 13.31 Toalett HC

Stk. x Areal:	4 stk x 6m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Universelt utforma toalett.
Persontal	1
Lydkrav:	Ja i samsvar med NS 8175.
Plassering i anlegget:	Fordelast i etasjar i tilknytning til undervisningsbasane.
Fast inventar og utstyr:	HC toalett, HC servant, speil over servant, toalettspapir, såpedispenser, tørkepapirhaldar.
Laust inventar og utstyr:	Garnityr for wc, vask og reinhald.

#### 13.32 Kvilerom

Stk. x Areal:	2 stk x 8m <sup>2</sup> (Nybygg).
Funksjon:	Rom for kvile for elevar.
Persontal	1
Lydkrav:	Ja i samsvar med NS 8175.
Dagslys / utsyn:	Nei, ikkje krav.
Plassering i anlegget:	Nær administrasjon/personal.
Laust inventar og utstyr:	Stol, seng/benk/sofa berekna for kvile.
Andre krav:	Glasfelt mot korridor som kan skjermast med persienne.

## 5.14 14 Skuleleing og personalfunksjonar

Ei av målsettingane for den nye Førde vgs er at lærarane skal vere tett på elevane. Dei skal vere lett tilgjengelege og då må dei også ha sin arbeidsplass nær undervisningsromma ute i basane. I tillegg ønskjer ein å legge til rette for meir samarbeid og fagleg utveksling mellom

studieretningane. Ein ønskjer difor at lærararbeidsplassane skal fordelast i basar/etasjar på ein slik måte at ein oppnår denne målsettinga. Nokre pedagogar er berre knytt til ei studieretning, medan andre underviser på tvers av studieretning/base.

Rom- og funksjonsprogrammet legg føringar med grunnlag i vedtekne hovudprinsipp. Organisasjonsmodellen er under utvikling, men endeleg justering av arbeidsplassar må ein ta i samspelefasen.

### **Skuleleiing**

Avdelingsleiarane skal ha sine kontorarbeidsplassar saman med lærarane ute i dei ulike avdelingane/ basane, medan rektor, studierektorar, administrasjonsleiar og andre overordna leiarar skal ha sine kontorarbeidsplassar i administrasjonen.

Leiinga skal ha cellekontor med krav til konfidensielle samtalar. Cellekontor tilretteleggast med standard kontorarbeidsplass med skrivebord, skuffeseksjon og kontorstol. For mindre kontor skal det vere møtestol for 1 besøkande. Større kontor skal ha plass til 2 besøkande. Leiinga skal ha nærleik til merkantile tenester/ekspedisjon, kopi og utskriftsrom og felles møterom.

### **Ekspedisjon og merkantile tenester**

Frå vestibyle skal det vere lett å finne skulen sin ekspedisjon. Ekspedisjonen skal vere felles for leiing og elevtenester og skal ligge i tilknytning til merkantile tenester. Ekspedisjonen er skulen sitt kontaktpunkt for elevar og besøkande.

I ekspedisjonen skal det vere tilrettelagt for 1-2 arbeidsplassar bak skranken. Arbeidsplassane i skranken vert vurdert som faste kontorarbeidsplassar og skal ha dagslys. Ekspedisjonen skal ligge skjerna for støy frå fellesareal og skranken utformast slik at arbeid på PC ikkje blir eksponert for besøkande. Ekspedisjonen skal ha møblar for plassering av kontorteknisk utstyr, frankeringsmaskin og handtering av post.

I tilknytning til ekspedisjon skal det vere ventesone for besøkande med sitteplass til 5 personar. Denne sona skal vere lys og triveleg med mest mogeleg dagslys/indirekte belysning.

Dei andre arbeidsplassane for merkantile tenester skal vere cellekontor, i nær tilknytning til ekspedisjon og leiing. Cellekontor tilretteleggast med standard kontorarbeidsplass med skrivebord, skuffeseksjon og kontorstol. Møtestol for 1 besøkande.

### **Kopi og utskriftsrom**

Ved ekspedisjonen skal det vere eit stort kopi- og utskriftsrom. Rommet skal ha plass til multifunksjonsmaskin, makuleringsmaskin og behaldar for papirgjenvinning. For handsaming av dokument, som for eksempel eksamensoppgåver o.l., skal rommet innreiast med ein stor arbeidsbenk. Utstyr som lamineringsmaskin, innbindingsmaskin m.m. skal oppbevarast i hyller og skap i rommet.

Kopi-/produksjonsrommet skal vere felles for leiing og merkantile tenester. Dei tilsette i elevtenestene kan også bruke det same rommet. I rommet skal det vere plass til hylle/skap der lærarane kan hente kontorrekvisita.

### **Lærararbeidsplassar**

Skulen vil ha behov for 142 kontorarbeidsplassar til lærarar på dei ulike programområda utifrå dagens tal tilsette. Det er eit mål at lærarane skal vere tett på og tilgjengeleg for elevane. Lærararbeidsplassane skal plasserast i tilknytning til kvar sin base. Ein ønskjer å samle lærararbeidsplassane i basen for at ein skal få eit fagleg og kollegialt fellesskap, med nær tilgang til felles møterom m.v. Verkstadkontora inne på verkstadane er felleskontor tilknytt verkstadane og er ikkje medrekna som kontorarbeidsplass i personalbasen.



Eksempel arbeidsplass lærar

Det er lagt til grunn at tilsette pedagogar disponerer ein fast kontorarbeidsplass. Tal tilsette kan variere frå år til år, og ein må difor ta høgde for ein fleksibilitet i høve sambruk av arbeidsplass og/eller teamrom tilpassa fleirbruk. Arbeidsromma dimensjonerast med 6-8 kontor plassar på kvart rom. Tal plassar på kvart felleskontor må tilpassast dei ulike basane. Arbeidsromma skal fordelast på følgjande måte i de ulike basane:

Utdanningsprogram	Lærarar	Anslag rom
<b>BASE 1 (nybygg)</b>	<b>52</b>	
Studiespesialisering, Kunst, design, arkitektur, Medier og kommunikasjon	49	8
Avdelingsleiarar i cellekontor min. 8 m2	3	
<b>BASE 2 (ombygging)</b>	<b>34</b>	
Restaurant og matfag, Helse og oppvekst, Service og samferdsle, Fellesfag (6)	32	6
Avdelingsleiarar i cellekontor min. 8 m2	2	
<b>BASE 3 (nybygg)</b>	<b>64</b>	
Bygg og anlegg, TIP, Elektro, Realfag, Fellesfag (16)	61	10
Avdelingsleiarar i cellekontor min. 8 m2	3	

I basar der undervisningsrom vert fordelt over fleire etasjar, må ein sjå om ein kan fordele lærararbeidsplassar på fleire etasjar. Dette ønskjer ein fordi lærarane skal vere «tett på» og tilgjengeleg for elevane. Samtidig så skal ein etablere fellesskap og møteplass for lærarane i basen. Det bør ligge felles grupperom i nærleiken av lærarrom i desse etasjane. Lærararbeidsplassane bør då ligge i nærleiken av trapp for rask og effektiv kommunikasjon mellom etasjane. Avdelingsleiarane bør ha sine kontor i «hovudbasen».

Andre arbeidsplassar knytt til IKT-støtte, e-pedagog, vaksenopplæring, arbeids- og kvardagstrening (AKT), oppfølgjingstenesta (OT) og elevteneste vert fordelt i anlegget i tilknytning til si avdeling. Ønska plassering for desse vert beskrive under eige kapittel.

### Møterom

Møterom skal nyttast på tvers av funksjon og avdeling/base og vere tilgjengeleg for alle. Rom som vert definert som møterom skal ha digital løysing for reservasjon og digital tavle ved rommet som viser ledig/oppteken og kven som har tinga rommet den dagen. Dei største møteromma skal plasserast nær leiinga og lett tilgjengeleg for avdelingane/basane. Mindre møterom skal plasserast i tilknytning til lærararbeidsplassar og eventuelt supplert med møterom med sentral plassering tilgjengeleg for alle. Det er føresett gjenbruk av nokre få møterom, jfr. romprogram.

Både administrasjon og pedagogane har stor intern møteaktivitet – både fag, team og fysisk organisering må planleggast i fellesskap. Det skal vere digital løysing for «booking» av både møterom og store grupperom.



*Eksempel på digital rom-booking.*

Dei store møterom skal ha plass til 10-15 personar. Mindre møterom skal ha plass til 5-8 personar. Alle møterom for 10 eller fleire personar skal utstyrt med fullt AV-oppsett. Mindre møterom skal ha høve til å henge opp skjerm som kan koblast til PC.

Møterom treng i utgangspunktet ikkje å ligge til yttervegg, men flest mogeleg skal ha dagslys. Innvendige møterom må ha godt indirekte dagslys og god ventilasjon, også på ettermiddag og kveld!. Møterom skal ha glassvegg mot korridor, men skjermast med frosting i sittehøgde, gardiner eller tilsvarende løysingar for å hindre/reducere direkte innsyn.

### **Personalrom**

Eit av hovudmåla for den nye skulen er å ha tilgjengelege og synlege lærarar. Det vert difor lagt opp til at lærarane og alle andre tilsette skal handle i felles kantine med elevane og at tilsette også skal kunne sitje i kantina dersom dei ønskjer. Det vil likevel vere slik at lærarane har behov for pause og skal kunne trekke seg tilbake i eige personalrom.

Skulen skal ha eit attraktivt personalrom for matpausar og møtestad for kollegaer. Personalrommet skal ha sitteplass til ca. 110 personar. Det er ønskeleg at personalrommet kan delast i to rom/soner vha. skyvedør i glass, slik at delar av rommet kan nyttast til eit større møterom. Denne delen av rommet skal utstyrt med projektor, lerret, digital tavle og lydanlegg for tale og PC for å kunne fungere som møterom.

Møbleringa i personalrommet skal vere variert for å dekke ulike funksjoner. Det skal vere mogeleg å kombinere sofagrupper, tradisjonelle møtebord/kantinebord og høge bord med barkrakkar. Rommet må ha god akustikk, slik at det er behageleg å opphalde seg der når mange personar er samla. Personalrommet må utformast slik at ein har rolege soner som er eigna for samtale. Det er og ynskje om at del av personalrommet kan delast av og nyttast som stillrom i samband med retting. Det må vere tilstrekkeleg med strømuttak og god nettilgang for alle samtidige brukarar.

Personalrommet utstyrt med eit enkelt kjøkken med vask, oppvaskmaskin, kjøleskap og microbølgeovn. Det skal vere plass til kaffetraktarar/kaffemaskin, vannkoker/vannautomat.

I personalrommet skal det vere plass til posthyller for tilsette, og det skal vere toalett i nærleiken. Rommet må ha adgangskontroll.

### Kvilerom

Skulen skal ha eitt kvilerom for tilsette. Sjå omtale av kvilerom for elevar for utforming i eige kapittel.

### **Personalgarderober**

Ved felles ekspedisjonen skal det plasserast ein enkel gjestegarderobe. Garderoben skal ha plass til oppheng av yttertøy og ha nærleik til toalett.

Ved alle kontorarbeidsplassane skal det vere garderobeplass i form av garderobestang eller knaggar til yttertøy. Dette kan gjerne plasserast som nisje i korridor. For faste arbeidsplassar skal det vere låsbar skuff ved kontorarbeidsplass. For supplering skal det vere små låsbare skap for innlåsing av verdisaker og i tilknytning til garderobe.

Dei tilsette ved skulen skal ha tilbod om dusj for begge kjønn. Dette er viktig for å fremje «Sykkelbyen Førde» og tilrettelegge for at flest mogeleg syklar til jobb. Det vil då vere behov



for å dusje og skifte. Det skal vere separate garderober for kvart kjønn. Dusjroma skal vere utforma og utstyrt med benk og knaggar til oppheng av tøy og plass til dusjnisse. Eit HC-WC kan tilretteleggast med dusj. Desse dusjløysingane kan kombinerast med tilrettelagt dusj for elevar i idrettsdelen.

Drifts- og reinhaldspersonale og tilsette ved kantinekjøkken skal ha eigne omkleddingsgarderober, omtalt i eigne kapittel. Desse skal ha tilgang til dusj i felles personalgarderobe.

### **Toalett tilsette**

Toalett for tilsette skal fordelast i anlegget, slik at tilsette har nærttoalett ute i undervisningsbasane og nær kontorarbeidsplass/personalrom. Ein skal ta utgangspunkt i ca. 225 tilsette. Det er tilrådd 16 toalett pr. 100 arbeidstakarar + 1 pr. 25 over 100.

I eks. bygg har vi ca. 10 toalett for tilsette, eks. HCWC. Desse er fordelt litt i dei ulike basane. Dersom eks. toalett vert rive/bygd om til anna føremål må desse erstattast av nye toalett. Det vert dimensjonert 12 nye toalett for tilsette i nybyggdel. Desse plasserast i tilknytning til administrasjon og lærararbeidsplassar. I tillegg vurderast fleire toalett i tilknytning til lærargarderobe på verkstadane for bygg og TIP. Min. 4 nye HC-toalett (ein pr. etasje). Totalkonsept for toalett skal godkjennast av Arbeidstilsynet. Toalett for tilsette skal vere adskilt mellom kjønn.

Drift og kantinepersonell har eigne garderobe/toalett. I tillegg er det eigne lærargarderobe/toalett i idrettshall for kroppsøvlingslærarar.

### **Leing:**

#### **14.01-03b Kontor - leing**

Stk. x Areal: 4 stk x 8m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Cellekontor - Arbeidsrom for skuleleing.  
 Persontal 2  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
 Dagslys / utsyn: Ja  
 Plassering i anlegget: Nærleik til merkantile tenester, kopi/utskriftsrom, felles møterom.  
 Laust inventar og utstyr: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Besøksstol x1.  
 Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **14.04-05 Kontor – rektor /ass. rektor**

Stk. x Areal: 2 stk x 12m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Cellekontor – arbeidsrom for leing.  
 Persontal 3  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
 Dagslys / utsyn: Ja  
 Plassering i anlegget: Nærleik til merkantile tenester, kopi/utskriftsrom, felles møterom.  
 Laust inventar og utstyr: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Besøksstol x2. Hyller.  
 Andre krav: Glasfelt mot korridor

#### **14.06 Teamrom/møterom**

Stk. x Areal: 1 stk x 18m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Teamrom/møterom– arbeidsrom for leing.  
 Persontal 10  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
 Dagslys / utsyn: Ja  
 Plassering i anlegget: Nærleik til leiarteam.  
 Laust inventar og utstyr: To kontorarbeidsplassar (clean desk). Lite møtebord for 4 personar.  
 Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **14.07-12 Kontor - Avdelingsleiarar**

Stk. x Areal: 6 stk x 8m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Cellekontor – arbeidsrom for avdelingsleing.  
 Persontal 2  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
 Dagslys / utsyn: Ja  
 Plassering i anlegget: Fordelt på dei tre lærarbasane.

Laust inventar og utstyr: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Besøksstol x1. Hyller.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **14.13-14 Kontor - Avdelingsleiarar**

Stk. x Areal: 2 stk x 8m<sup>2</sup> (Ombygging Blokk A 2.etg.).  
Funksjon: Cellekontor – arbeidsrom for avdelingsleiing.  
Persontal 2  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Base 2 - Helsebasen – eksisterande bygg.  
Laust inventar og utstyr: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Besøksstol x1. Hyller.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **Kontorstøtte leiing og pedagogar:**

##### **14.15 IKT Teamrom**

Stk. x Areal: 1 stk x 24m<sup>2</sup> (Ombygging).  
Funksjon: Teamrom/møterom– arbeidsrom for IKT-støtte og lærlingar.  
Persontal 4  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: I bibliotek. Lett tilgjengeleg for adm./personal.  
Laust inventar og utstyr: Fire kontorarbeidsplassar (clean desk). Lite møtebord for 4 personar.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor.

##### **4.16 IKT Lager**

Stk. x Areal: 1 stk x 7m<sup>2</sup> (Ombygging).  
Funksjon: Rom for lagring av IKT-utstyr.  
Persontal 2 personar.  
Dagslys / utsyn: Nei  
Plassering i anlegget: Direkte til IKT-Teamkontor.  
Laust inventar og utstyr: Vegghengte hyller.

##### **14.17 Teamkontor E-pedagog**

Stk. x Areal: 1 stk x 15m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Teamrom/møterom– arbeidsrom for IKT-støtte og lærlingar.  
Persontal 4  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Fleksibel m.o.t. plassering, men lett tilgjengeleg for adm./personal.  
Laust inventar og utstyr: To kontorarbeidsplassar (clean desk). Lite møtebord for 4 personar.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **Ekspedisjon og merkantile tenester:**

##### **14.19 Kontor/Ekspedisjon inkl. ventesone**

Stk. x Areal: 1 stk x 25m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Kontaktpunkt i skulen.  
Persontal 1-2 personar. Ventesone 5 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Nei, ikkje faste arbeidsplassar. Indirekte lys viktig.  
Plassering i anlegget: I tilknytning til merkantile tenester, samt lett tilgjengeleg å finne fram til. Skjerma for støy frå fellesareal.  
Fast inventar og utstyr: Enkel gjestegarderobe for besøkande; oppheng yttertøy.  
Laust inventar og utstyr: Arbeidsplass for 1-2 personar. Kontormøblar for kontorteknisk utstyr, frankeringsmaskin, og handtering av post.  
Sitjemøblar for besøkande - 5 personar.  
Andre krav: Utformast slik at PC skjerm/arbeid ikkje blir eksponert for besøkande.

##### **14.20-23 Kontor merkantil**

Stk. x Areal: 4 stk x 8m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Cellekontor – arbeidsrom for ansatte.

Persontal 2  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Nærleik til merkantile tenester, kopi/utskriftsrom, felles møterom.  
Laust inventar og utstyr: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Besøksstol x1. Hyller.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **14.24 Lærlingkontor**

Stk. x Areal: 1 stk x 8m2 (Nybygg).  
Funksjon: Kontorarbeidsplass for læring.  
Persontal 2  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Nærleik til merkantile tenester.  
Laust inventar og utstyr: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Besøksstol x1. Hyller  
Andre krav: Glasfelt mot korridor.

#### **14.25 Print/kopi**

Stk. x Areal: 1 stk x 25m2 (Nybygg).  
Funksjon: Rom for kopi og utskrift, og ferdigstilling av papirarbeid. Lager.  
Persontal 3-4 personar, Felles for leiing/merkantil. Elevtenesten. Lærarar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Nei, ikkje krav.  
Plassering i anlegget: Nær merkantile tenester/leiing.  
Laust inventar og utstyr: Multifunksjonsmaskin,, makuleringsmaskin, behaldar for papirgjenvinning. Stor arbeidsbenk. Hyller og skap for kontorteknisk utstyr.

#### **14.26 Lager/Rekvisita**

Stk. x Areal: 1 stk x 25m2 (Nybygg).  
Funksjon: Rom for lagring av kontorrekvisita.  
Persontal 2-3 personar.  
Dagslys / utsyn: Nei, ikkje krav.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av kontor, ekspedisjon.  
Laust inventar og utstyr: Hyller og skap for kontorrekvisita.

#### **14.27 Arkiv/Verdirom**

Stk. x Areal: 1 stk x 25m2 (Nybygg).  
Funksjon: Lagerrom for eksisterande rullearkiv.  
Persontal 2-3 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Nei, ikkje krav.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av kontor, ekspedisjon.  
Laust inventar og utstyr: Arbeidsbenk.

#### **Toalett og garderobe:**

##### **14.28 Forrom toalett**

Stk. x Areal: 1 stk x 8m2 (Nybygg).  
Funksjon: Forrom toalett dame/herre. Toalett for leiing/merkantil.  
Persontal 2-3 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av arbeidsplassar for merkantil/leiing/administrasjon.  
Fast inventar og utstyr: 2 stk vask, spegel over vaskane.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for vask og reinhald.  
Andre krav: Toalett løysing skal godkjennast av arbeidstilsynet.  
Adskilt toalett for kjønn Dame/Herre.

##### **14.29-30 wc - Dame**

Stk. x Areal: 2 stk x 2m2 (Nybygg).  
Funksjon: WC tilsette dame.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av administrasjon.

Fast inventar og utstyr: Vegghengt toalett, servant, speil over servant.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.

#### **14.31-32 wc - Herre**

Stk. x Areal: 2 stk x 2m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: WC for tilsette herre.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av arbeidsplassar for merkantil/leiving/administrasjon.  
Tilkomst forrom toalett.

Fast inventar og utstyr: Vegghengt toalett, vask, speil over vask.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.  
Andre krav: Toalettløysing skal godkjennast av arbeidstilsynet. Adskilt toalett for kjønn.

#### **14.33 HCWC**

Stk. x Areal: 1 stk x 6m<sup>2</sup> (Nybygg)  
Funksjon: Universelt utforma toalett.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av arbeidsplassar for merkantil/leiving/administrasjon.  
Fast inventar og utstyr: HC toalett, HC servant, spegel over vask.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.  
Andre krav: Toalett løysing skal vere i samsvar med Arbeidstilsynet sine krav.

#### **14.34-35 Garderobenisje i korridor**

Stk. x Areal: 2 stk x 2m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Garderobe for yttertøy, tilsette.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av arbeidsplassar for merkantil/leiving/administrasjon.  
Laust inventar og utstyr: Garderobe stang eller knaggar til yttertøy.

#### **Lærararbeidsplassar:**

#### **14.36-38 Kontorarbeidsplassar teamrom fordelt i 3 basar**

Stk. x Areal: 1 stk x 660m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Arbeidsrom for lærarar, 6-8 kontor plassar på kvart rom.  
(Lærararbeidsplassar i eks. bygg – Base 2 Blokk A kjem i tillegg)  
Persontal 110 (+ 32 i eks. bygg).  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: Plasserast ut på dei ulike undervisningsbasane. Rom for kontorarbeidsplassar i tilknytning til sin base. Nær tilgang til felles møterom.  
Laust inventar og utstyr: For kvar lærar: Skrivebord, skuffeseksjon, kontorstol. Halvparten av borda skal ha hev-senk-funksjon. Uttrekkbar hylleseksjon som romdelande element. Felles garderobestang/knaggrekke til yttertøy.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor. Frosting av glas.

#### **14.39-40 Uformelle møteplassar i tilknytning lærarbase**

Stk. x Areal: 2 stk x 10m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: I tilknytning til kontora til lærarane – uformell møtestad.  
Persontal 4-6 personar.  
Lydkrav: Nei  
Dagslys / utsyn: Ikkje krav, men gjerne indirekte belysning.  
Plassering i anlegget: I tilknytning til lærararbeidsplass/korridor.  
Laust inventar og utstyr: Variert møblering for stå og sitte møter.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.

#### **14.42 Stillerom**

Stk. x Areal: 3 stk x 4m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: For telefonsamtalar, private samtalar – i tilknytning til teamrom.  
Persontal 2  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontorarbeidsplass.

Dagslys / utsyn: Ikkje krav, men glasfelt for indirekte belysning.  
 Plassering i anlegget: Nær teamrom – lærararbeidsplassar.  
 Laust inventar og utstyr: Lite bord og to stolar.  
 Teknisk: Trådlaus oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.  
 Andre krav: Glasfelt mot korridor. Frosting av glas.

#### **14.43-50 Møterom ved lærararbeidsplassar**

Stk. x Areal: 8 stk x 15m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Møterom i tilknytning til lærararbeidsplassar.  
 Persontal: 8-10 personar.  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontor - møterom.  
 Dagslys / utsyn: Ønskeleg, men ikkje krav. Glasfelt mot korridor.  
 Plassering i anlegget: Nær lærararbeidsplassar, fordelt på basar og etasjar.  
 Kritiske rommål (b x l x h): Møteromma skal være nær kvadratiske (dvs. ikkje lange og smale).  
 Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tomnar på ein vegg.  
 Laust inventar og utstyr: Møtebord og stolar for 8-10 p. Persienner for skjerming.  
 Teknisk: Trådlaus oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.  
 Andre krav: Digital tavle på utside for rombooking. Delvis frosting glasfelt.

#### **14.53-55 Print/kopi**

Stk. x Areal: 3 stk x 5m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Rom for kopi og utskrift, og ferdigstilling av papirarbeid. Lager.  
 Persontal: 2 personar, Felles for lærarar.  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
 Dagslys / utsyn: Nei, ikkje krav.  
 Plassering i anlegget: Nær lærararbeidsplassar.  
 Laust inventar og utstyr: Multifunksjonsmaskin,, makuleringsmaskin, behaldar for papirgjenvinning. Hyller for kontorteknisk utstyr.

#### **Toalett og garderobe lærararbeidsplassar:**

##### **14.56-57 Garderobenisje korridor**

Stk. x Areal: 2 stk x 2m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Garderobe for yttertøy, lærar tilsette.  
 Plassering i anlegget: I nærleiken av lærararbeidsplassar. Nisje i korridor el.l.  
 Laust inventar og utstyr: Garderobestang eller knaggar til yttertøy.

##### **14.58-59 Forrom toalett**

Stk. x Areal: 2 stk x 8m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: Forrom toalett dame/herre. Toalett for lærarar.  
 Persontal: 2-3 personar.  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
 Plassering i anlegget: I tilknytning til arbeidsplassar for lærarar/fordelt på basar.  
 Fast inventar og utstyr: 2 stk vask, spegel over vaskane.  
 Laust inventar og utstyr: Garnityr for vask og reinhald.  
 Andre krav: Samla toalettløysing skal godkjennast av arbeidstilsynet.  
 Adskilt toalett for kjønn Dame/Herre.

##### **14.60-63 wc - Dame**

Stk. x Areal: 4 stk x 2m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: WC tilsette dame.  
 Persontal: 1  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 817.5  
 Plassering i anlegget: I tilknytning forrom lærararbeidsplassar.  
 Fast inventar og utstyr: Vegghengt toalett, servant, speil over servant.  
 Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.

##### **14.64-67 wc - Herre**

Stk. x Areal: 4 stk x 2m<sup>2</sup> (Nybygg).  
 Funksjon: WC tilsette herre.  
 Persontal: 1  
 Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
 Plassering i anlegget: I tilknytning forrom lærararbeidsplassar.

Fast inventar og utstyr: Vegghengt toalett, servant, speil over servant.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.

#### **14.68-69 HCWC**

Stk. x Areal: 2 stk x 6m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Universelt utforma toalett.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av lærararbeidsplassar.  
Fast inventar og utstyr: HC toalett, HC servant, spegel over vask.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.  
Andre krav: Toalettløysing skal vere i samsvar med Arbeidstilsynet sine krav.

#### **Felles møterom:**

Dei største møteromma skal vere lett tilgjengeleg for alle, både for administrativ leiding og for lærarar. Min. to store møterom skal ligge i nær tilknytning til administrativ leiding. Det er tenkt gjenbruk av eitt stort møterom i A-blokka – 2.etg. Det siste møterommet plasserast lett tilgjengeleg ved knutepunkt i nybygg (nær trapp/heis).

#### **14.74 Møterom til 12 p**

Stk. x Areal: 1 stk x 20m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Møterom i tilknytning til lærararbeidsplassar.  
Persontal 10-12 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontor - møterom.  
Dagslys / utsyn: Ønskeleg, men ikkje krav. Glasfelt mot korridor.  
Plassering i anlegget: Nær administrasjon, men også lett tilgjengeleg for andre basar.  
Kritiske rommål (b x l x h): Møteromma skal være nær kvadratiske (dvs. ikkje lange og smale).  
Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tomnar på ein vegg.  
Laust inventar og utstyr: Møtebord og stolar for 8-10 p. Persienner for skjerming.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.  
Andre krav: Digital tavle på utside for rombooking. Glasvegg mot korridor, med frosting i sitjehøgde, gardiner eller tilsvarande for å hindre direkte innsyn.

#### **14.76 Møterom til 12 p**

Stk. x Areal: 1 stk x 20m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Persontal 10-12 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontor - møterom.  
Dagslys / utsyn: Ønskeleg, men ikkje krav. Glasfelt mot korridor.  
Plassering i anlegget: Nær administrasjon, men også lett tilgjengeleg for andre basar.  
Kritiske rommål (b x l x h): Møteromma skal være nær kvadratiske (dvs. ikkje lange og smale).  
Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tomnar på ein vegg.  
Laust inventar og utstyr: Møtebord og stolar for 10-12 p. Persienner for skjerming.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.  
Andre krav: Digital tavle på utside for rombooking. Glasvegg mot korridor, med frosting i sitjehøgde, gardiner eller tilsvarande for å hindre direkte innsyn.

#### **14.77 Møterom til 12 p**

Stk. x Areal: 1 stk x 20m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Persontal 10-12 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175 – kontor - møterom.  
Dagslys / utsyn: Ønskeleg, men ikkje krav. Glasfelt mot korridor.  
Plassering i anlegget: Nær knutepunkt nybygg, lett tilgjengeleg for andre basar.  
Kritiske rommål (b x l x h): Møteromma skal være nær kvadratiske (dvs. ikkje lange og smale).  
Spesialutrustning: Whitebord tavle 2 x 1,2 m på ein vegg + skjerm minimum 65 tomnar på ein vegg.  
Laust inventar og utstyr: Møtebord og stolar for 8-10 p. Persienner for skjerming.  
Teknisk: Trådløs oppkobling av PC. Stikkontakt/lading.  
Andre krav: Digital tavle på utside for rombooking. Glasvegg mot korridor, med frosting i sitjehøgde, gardiner eller tilsvarande for å hindre direkte innsyn.

### **Personalrom:**

Personalrom for lærarar skal plasserast i tilknytning til spiseareal/ kantine. Det er tenkt at personalrom/ pauserom for lærarar skal kunne plasserast på Plan i A-blokka, der eksisterande administrasjon ligg i dag. Når personalrom ikkje er i bruk, skal delar av det kunne nyttast til møterom.

#### **14.78 Personal/ pauserom med sitjeplass til 110 p (1/2)**

Stk. x Areal: 1 stk x 150m<sup>2</sup> (Ombygging).  
Funksjon: Pauserom for tilsette/lærarar med enkel kjøkkeninnreiing.  
Persontal 110 personar.  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175. Gode akustikkdempende tiltak.  
Dagslys / utsyn: Ja  
Plassering i anlegget: I tilknytning til kantine – same etasjeplan.  
Fast inventar og utstyr: Kjøkken: vask, oppvaskmaskin, kjøkken benk ca. 3 lm.  
Posthyller for tilsette.  
Spesialutrustning: Møteromsone: Prosjektor og lerret. Digital tavle.  
Laust inventar og utstyr: Variert møblering; sofagrupper, tradisjonelle møtebord/kantinebord, høge bord-barkrakkar. PC. Kjøkken: microbølgeovn, kaffetraktar, kaffemaskin, vannkoker/ vannautomat.  
Andre krav: Tilstrekkeleg straumuttak, og god tilgang på nett for alle samtidige brukarar. Leggje til rette for utforming av rolege soner. Skyvedør i glass; rom kan delast av til møterom/stillerom.

#### **14.81 Kvilerom**

Stk. x Areal: 1 stk x 8m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Rom for kvile for tilsette/Amme-rom.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Dagslys / utsyn: Nei, ikkje krav.  
Plassering i anlegget: Nær administrasjon/personal.  
Laust inventar og utstyr: Stol, seng/benk/sofa berekna for kvile.  
Andre krav: Glasfelt mot korridor som kan skjermast med persienne.

#### **14.82 HC toalett/dusj/garderobe**

Stk. x Areal: 1 stk x 8m<sup>2</sup> (Nybygg).  
Funksjon: Universelt utforma toalett med dusjfunksjon.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja i samsvar med NS 8175.  
Plassering i anlegget: I nærleiken av skuleleing /personal.  
Fast inventar og utstyr: HC toalett, HC servant, spegel over vask. Dusj. Knaggrekke.  
Laust inventar og utstyr: Garnityr for wc, vask og reinhald.  
Andre krav: Toalett – og dusjløysing skal vere i samsvar med Arbeidstilsynet sine krav.

## **5.15 15 Kroppsøving / idrett inkl. uteområde**

### **Målsetting:**

Utbygging av nye kroppsøvingslokale må ta omsyn til nye læreplanar i faget. Undervisningslokala skal gje rom for variasjon og mangfald av aktivitetar. I framtida vil det bli krav om meir individuell tilpassing. Elevmassen som kjem inn har eit aukande behov for tilpassa opplæring i kroppsøving. Det er ikkje alle aktivitetar ein elev kan vere med på. Det vil derfor bli behov for fleire alternative lokale for gjennomføring av undervisninga.

Med oppføring av fleire mindre aktivitetssalar i tillegg til den ordinære idrettshallen, vil ein lettare kunne gjennomføre ulike aktivitetar med elevane/elevgrupper. Arealane vil lett kunne brukast til elevar med særskilde behov. Skulen har ei eiga avdeling for arbeids- og kvardagstrening som er aktuelle brukarar. I tillegg er det ei aukande målsetting og behov for at YFF-faget skal få meir fysisk trening som eit helsebringane tiltak.

Programfagstilbod innan idrett bør utviklast vidare. Skulen må kunne tilby fag som Breiddeidrett og Toppidrett. Per i dag har skulen ansvar for gjennomføring av «Spissa

idrettstilbod i volleyball» og tilrettelegging for «Potensielle toppidrettsutøvarar». Dette er tiltak som har ulike krav med omsyn til aktivitet.

Skulen vil ha behov for ei «storstove» for å samle store grupper eller alle elevar og/ eller tilsette. Både idrettshallen og den største aktivitetssalen vil kunne nyttast til ulike arrangement som:

- Samlingspunkt -Skulestart
- Minnestunder
- Kulturelle skulesekken
- Utdanningsval
- Større samlingar av elevgrupper td. russ, foreldremøter mm
- Personal møter
- Gjennomføring av eksamen (blir største eksamensskulen i regionen)

I tillegg kan ein tenke seg at idrettshall og sal kan bli nytta til større arrangement som:

- Utstillingar
- Messe næringsliv
- Messe utdanning
- LAN
- Konsertar (elevar og andre)

Plassering av idrettsdelen er tenkt i område aust for sentral gangvegakse, i tilknytning til felles parkområde for skule/nærområdet. Anlegget skal planleggast mest mogeleg kompakt, med fordeling av aktivitetssalar over to etasjar. Garderober skal vere på same etasjeplan som idrettshall. Det skal planleggast tribune/galleri for inntil 200 personar og uttrekksamfi med sitjeplass for 300 personar. For eventuell utvida tribunekapasitet, sjå punkt om eventuelt samarbeid med idretten.

#### Idrett og fysisk aktivitet for alle

Staten har eit overordna mål om at flest mogeleg skal kunne drive med idrett og fysisk aktivitet, der den viktigaste målgruppa for bruk av spelemidlar er barn og ungdom. Idrettshallen og aktivitetssalar skal, som ein del av spelemiddelordninga, legge til rette for den frivillige medlemsbaserte idretten og eigenorganisert fysisk aktivitet utanom skuletid.

#### Opsjonar – eventuelt samarbeid med idrettslag og Førde kommune

I planleggingsfasen har det vore møte med Førde kommune for å drøfte samarbeid om utvida behov frå idretten i Førde, som kan vere aktuelle i dette prosjektet. Førde kommune har spelt inn volleyball, handball og klatrehall som aktuelle idrettar som bør vurderast. Førde kommune hatt dialog med idretten for å drøfte deira behov. I hovudsak går dette på auka tribunekapasitet (1000 tilskodarar) og ekstra takhøgde (9 meter for volleyball). Klatregruppa har presentert ei projektskisse for ny klatrehall, men som kommunen no vil vurdere som ein funksjon knytt til Førdehuset. Ønske om auka tribunekapasitet frå idretten krev ekstern finansiering. Førde kommune har pr.dato ikkje vedtekne planar eller budsjett til å gå inn i eit samarbeid med Førde vgs for å realisere desse ønska.

Fylkeskommunen kan legge til rette for desse ønskja gjennom opsjonar i prosjektet, slik at ein kan jobbe vidare med ei eventuell finansiering.

#### **Nye romfunksjonar:**

Kroppsøving for Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs vert gjennomført i leigde lokaler i Førdehuset, inkludert elevane frå avdeling Mo. Rom for kroppsøving skal i sin heilskap flyttast til Øyrane. Ny idrettshall og aktivitetssalar skal dimensjonert for omlag 1000 elevar. Idrettsbasen skal skape eit aktivitetstilgjenglig miljø i tilknytning til skulen og nærmiljøet/bustadområdet. Det vert planlagt ein normalhall (Fleirbrukshall) og i tillegg fleire aktivitetssalar for meir fleksibel undervisning, som bl.a. ikkje er avhengig av stor takhøgde. I tillegg får ein meir fleksibilitet for samtidig bruk, for eksempel eksamen i aktivitetssal samtidig som ein har kroppsøving i idrettshall. Eit viktig moment er også at ein kan skilje grupper med støyande aktivitet / bruk av musikkanlegg.

Idrettshall med tribuneanlegg må kunne nyttast som samlingsplass for heile skulen (ca. 1300 personar). Det må då takast omsyn til sitjeplassar (tribune), lyd, lys, projektorar, scene mm. Ein planlegg fast tribune på galleri, 2.etasje, for om lag 200 personar. I tillegg er det lagt inn uttrekksamfi til 300 personar og nedfellbar scene, slik at halve salen kan nyttast som kultursal.



### Utandørs kroppsøving

Kroppsøvingstimane vert også lagt ute i periodar på året då dette er gunstig. Ein ønskjer at delar av det nye uteområdet for elevane også kan nyttast til aktivitetar i kroppsøving, for eksempel utandørs sandvolleyballbaner, bane/plen for ballspel og anna areal til fysisk aktivitet. Fylkeskommunen ser og føre seg at elevane kan nytte dei nye gangvegane i bustadområdet langs Løken til jogging og anna turaktivitet. Fylkeskommunen vil framleis ha ønske om å kunne nytte/leige Førde kommune/Førde idrettslag sine friidrettsbaner ved Førdehuset og fotballbaner i Hafstadparken ved høve. Det vil kunne vere grupper / elevar som har bruk for transport i denne samanhengen.

### Overordna funksjonskrav fleirbrukshall og aktivitetssalar:

Hallen og tilhøyrande aktivitetsrom, garderobar m.v. skal utformast i samsvar med krav i Kulturdepartementet sin rettleiing til idrettshallar og krav for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Idrettshallen skal kunne nyttast vekselvis til ulike idrettsaktivitetar. Det skal vere merka aktivitetsflate for dei ulike ballidrettane nemnt under funksjonskrav for idrettshall.

#### 15.1 Fleirbrukshall 25x45 m

Stk. x Areal:	1 stk x 1125m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Idrettshall for kroppsøving. Hallen skal kunne delast i to salar. Det skal tilretteleggast for:
Handball:	1 standard konkurransebane med belysningstyrke ihht NS-EN 12193 (ikkje tilrettelegging for internasjonale meisterskap) + 2 minihandballbaner.
Innebandy:	1 full hall. Gjeld kun oppmerking, dvs. at vant ikkje vere med i pris.
Badminton:	9 treningsbaner.
Basketball:	4 baner (1 for kvar «volleyballbane» + 1 konkurranse med belysningstyrke ihht NS-EN 12193.
Volleyball:	5 baner: 2 treningsbaner i kvar sal og 1 konkurransebane i full sal for nasjonale meisterskap elite / 1. div. med belysningstyrke ihht NS-EN 12193 og særskilde krav for målområdet i samsvar med krav frå idrettsavdeinga +.
Fussball:	Som handball.
Tennis:	1 bane i full sal for mosjon og mindre turneringar med belysningstyrke ihht NS-EN 12193.
Gymnastikkundervisning:	
Persontal	Normalbelastning inntil 60 + 2-3 lærarar.
Lydkrav:	Ved særskilde arrangement inntil 1300 personar samtidig. Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C. Skilleveggar i hall skal ha lydisolasjon min. 28 dB (A). Akustikkdemping i veggflater/takflater.
Dagslys / utsyn:	Nei
Plassering i anlegget:	Base for kroppsøving.
Kritiske rommål (b x l x h):	25 x 45 m. Min fri takhøgde 7m (Opsjon for å auke frå 7 til 9m).
Transportopningar:	Dører ihht. krav om røming. I yttervegg skal det vere stor portopning for å frakte utstyr inn/ut. Min. mål b x h = 3 x 4m, motordrift.. Frå idrettshall til lagerrom skal det vere mindre portopningar for transport idrettsutstyr.
Spesialutrustning:	<u>Sportsutstyr for montering tak/vegg og golv:</u> 5 x 2 sett holfundament i golv for volleyballstenger treningsbane/matchbane.

8 nedfellbare basketballmål med fast ring/plate på vegg (2 for kvar treningsbane) + 2 nedfellbare basketball ring/plate for konkurransebane med motordrift for takmontering.

30 stk ribbevegger, h/b = ca.2200/750mm, fordelt i hall

Uttrekkstribune med ca. 300 plassar, min 540x900mm pr. plass. Må kunne nyttast med alternativt 2 rader uttrekk, eller fullt uttrekk.

Nedfellbar scenedekke ca. 3,2 x12m (eventuelt kombinert med ribbevegg). Motordrift.

Hev / senk bjelke l= 12m for lysrigg til scene, med motordrift.

Laust inventar og utstyr: 2 stk Handballmål (med hjul) og golvfester. 4 Minihandballmål hjul og golvfester. 4 volleyballnett med 5 feste for 5 nett. 2 mål for innebandy.

Andre installasjonar: 1 stk nedfellbare dobbel lyd/skillevegg som deler hallen i to.

Overflater: Plan veggflate opp til 3 m over golv med akustikkdemping.  
Golv: Kombi-elastisk sportsgolv med punktelastisk sportsmatte.  
Bak scene skal det vere kvit plan veggflate for bilde/videovisning.

Teknisk: Vanleg klokke og resultat-tavle og matchur i to salar + storhall.  
Lydanlegg for speleflate og tribune for tale og musikk. Både kabla og trådlaus mikrofon. Teleslynge.

Prosjektor med motordrift (plan veggflate som skjerm). Høve for montering av storskjerm (eliteserienivå – Førde volleyballklubb). Viktig med ferdigstilt kabling opp mot videoproduksjon (ethernet-kabling frå «kontrollrom»). Innfelte kontakter og brytarar i alle salar.

Andre krav: Oppmerking sportsgolv for idrettar lista opp under funksjon.

### 15.2-3 Lager idrettsmateriell

Stk. x Areal: 2 stk x 100 m2 (Event. dele opp i fleire lagerrom).

Funksjon: Lagerrom til utstyr idrettshall. Inndeling av lagerrom i bur med dør og lås for skule og event. utleige til lag/organisasjonar.

Persontal 3-4 personar.

Plassering i anlegget: Base for kroppsøving - i direkte tilknytning til idrettshall/aktivitetssal.

Kritiske rommål (b x l x h): Takhøgde 4meter inkl. tekniske installasjonar, min. nettohøgde under installasjonar 3,5m.

Transportopningar: Rulleportar til store lagerrom - netto b x h = 2,2 x 3,4 m. Dører til mindre lagerrom - karmmål b x h = 2,2 x 2,1 m.

Andre krav: Veggjar tilrettelagt for oppheng av hyller, krokhar for oppheng utstyr.

### 15.4 Sekreteriat – teknisk rom

Stk. x Areal: 1 stk x 15 m2.

Funksjon: Speaker-rom/teknisk rom ved arrangement og liknande.  
Kan nyttast av MK i undervisningssituasjon.

Persontal maks 2-3 personar.

Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.

Dagslys / utsyn: Nei

Plassering i anlegget: Base for kroppsøving – i tilknytning til idrettssal.

Laust inventar og utstyr: Bord og stolar mot glasfelt/idrettshall. Skap/hylleseksjon for arrangement-utstyr. Plass til lita kopimaskin.

Teknisk: Nett-tilgang og tilknytning til lyd- og prosjektoranlegg i hall.

Andre krav: Store glasfelt med god oversikt mot idrettssal.

### 15.5 Skyveamfi/ scene

Stk. x Areal: 2 stk x 20 m2 (utvida del av idrettshall).

Funksjon: Arealnisje for oppstilling skyveamfi med sitteseter og scenearrangement i idrettshall. For bruk til forsamlingslokale og/eller del av tribune ved idrettsarrangement.

Persontal Skyveamfi for 300 sitteplassar. Scene ca. 10x3,6 m.

Plassering i anlegget: Base for kroppsøving- i idrettshall.

Spesialutrusting: Skyveamfi for 300 sitteplassar.

### 15.6 Styrkerom

Stk. x Areal: 1 stk x 150 m2.

Funksjon: Styrketreningsrom med treningsapparat, vekter, slyngetrening mv.

Persontal maks 15 elevar + 1-2 lærarar.

Lydkrav: Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom klasse C.

Akustikkdemping i veggflater/takflater.

Dagslys / utsyn:	Ja, men ikkje eit krav. Eventuell indirekte belysning/glasflater mot anna aktivitetsområde.
Plassering i anlegget:	Base for kroppsøving – same etasjeplan og i tilknytning til idrettshall
Kritiske rommål (b x l x h):	min fri takhøgde 4m.
Transportopningar:	Dobbelfløya dører for enkel transport av utstyr.
Fast inventar og utstyr:	Speil ca. b x h 5x2m av sikkerheitsglas. Handløpar/ballettstang l= 5m framfor speil. 2 stk. stabile fester / karbinkrokar montert under himling til bruk ved slyngetrening. 6 stk ribbevegger, h/b = ca.2200/750mm.
Laust inventar og utstyr:	Treningsapparat, vekt / slynger.
Overflater:	Golv: Gummimatter med høg slitestyrke. For område med tungt utstyr/frivekter skal det vere ekstra podium med lyddempande og skadeforebyggande golvbelegg.
Andre krav:	Glasveggar mot idrettshall og/eller vestibyle for innsyn/oversikt.

### 15.7 Spinningsal

Stk. x Areal:	1 stk x 60 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Sal for fleskibel bruk (spinning, yoga, uttøyning mm).
Persontal	maks 15 elevar + 1-2 lærarar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom/musikkanlegg klasse C. Akustikkdemping i veggflater/takflater.
Dagslys / utsyn:	Ja, men ikkje eit krav. Eventuell indirekte belysning/glasflater mot anna aktivitetsområde.
Plassering i anlegget:	Base for kroppsøving.
Kritiske rommål (b x l x h):	min fri takhøgde 4m.
Transportopningar:	Dobbelfløya dører for enkel transport av utstyr.
Fast inventar og utstyr:	4 stk ribbevegger, h/b = ca.2200/750mm
Laust inventar og utstyr:	spinning-syklar, matter mm.
Overflater:	Golv: Gummimatter med høg slitestyrke.
Andre krav:	Foldevegg til aktivitetssal 2.

### 15.8 Kondisjonssal

Stk. x Areal:	1 stk x 100 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Sal for stasjonar med kondisjonstrening (spinning, tredemøller, ro-maskin mm).
Persontal	maks 15 elevar + 1-2 lærarar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom/musikkanlegg klasse C. Akustikkdemping i veggflater/takflater.
Dagslys / utsyn:	Ja, men ikkje eit krav. Eventuell indirekte belysning/glasflater mot anna aktivitetsområde.
Plassering i anlegget:	Base for kroppsøving – med skyvevegg til aktivitetssal 1.
Kritiske rommål (b x l x h):	min fri takhøgde 4m.
Transportopningar:	Dobbelfløya dører for enkel transport av utstyr.
Fast inventar og utstyr:	6 stk ribbevegger, h/b = ca.2200/750mm
Overflater:	Golv: Gummimatter med høg slitestyrke.
Andre krav:	Foldevegg til aktivitetssal 1.

### 15.9 Aktivitetssal

Stk. x Areal:	1 stk x 500 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Sal for kondisjonstrening, dans, sirkeltrening. Eksamensrom og samlingsrom for større grupper.
Persontal:	maks 30 x 2 elevar + 2-4 lærarar. Forsamlingslokale inntil 250 personar.
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175 – undervisningsrom/musikkanlegg klasse C. Akustikkdemping i veggflater/takflater.
Dagslys / utsyn:	Ja, men ikkje eit krav. Eventuell indirekte belysning/ glasflater mot anna aktivitetsområde (t.d. idrettshall).
Plassering i anlegget:	Base for kroppsøving – i tilknytning til andre aktivitetssalar.
Kritiske rommål (b x l x h):	min fri takhøgde 4m.
Transportopningar:	Dobbelfløya dører for enkel transport av utstyr.
Fast inventar og utstyr:	10 stk ribbevegger, h/b = ca.2200/750mm. Speil ca. b x h 10x2 m av sikkerhetsglas. Handløpar/ballettstang l= 10m framfor speil.
Spesialutrustning:	1 stk Klatretau – tauskinne med 6 stk tau – takmontert.

1 stk Takhengte ringer – takmontert.  
 1 stk Bomkanalsett med bom i to høgder, l=ca. 5500mm,takmontert.  
 Laust inventar og utstyr: Matter, tau mv til sirkeltrening.  
 Overflater: Golv: Kombi-elastisk golv med sportsparkett.  
 Teknisk: Opplegg for musikk- og lydanlegg/rack for plassering.

#### 15.10-11 Lager aktivitetssaler

Stk. x Areal: 2 stk x 8 m2.  
 Funksjon: Lagerrom i tilknytning til aktivitetssalar.  
 Persontal 2-3 personar.  
 Plassering i anlegget: Base for kroppsøving- i tilknytning til Aktivitetssal 1, 2 og 3.  
 Transportopningar: Skyvedør fri lysopning med b=1,2m.  
 Andre krav: Veggjar tilrettelagt for oppheng av hyller, krokjar for oppheng utstyr.

#### 15.12 Lager bord/stolar

Stk. x Areal: 1 stk x 25 m2.  
 Funksjon: Lagerrom for stolar/bord til bruk i idrettshall/aktivitetssal. For bruk av idrettsdel til eksamenslokale, forsamlingslokale m.v.  
 Persontal 2-3 personar.  
 Plassering i anlegget: Totalt for anlegget, plassering i høve til planløsning.  
 Transportopningar: Dobbelfløyja dør for enkel transport av utstyr. Terskelfri.

#### 15.13 Tribunegalleri

Stk. x Areal: 1 stk x 150 m2.  
 Funksjon: Galleri med sitje-tribune for idrettshall.  
 Persontal 200 personar.  
 Lydkrav: Integrererast i delt lydvegg med lyddør, mellom to idrettssalar.  
 Plassering i anlegget: Base for kroppsøving –galleri langsida idrettshall, Plan 2.  
 Fast inventar og utstyr: Tribune med tresete. 4x200mm opptrinn/4x800mm inntrinn/sittesete.  
 Andre krav: Deler av tribunegolv skal ha tilkomst for oppstilling rullestol. Det skal nyttast rekkverk som gjer at det er lett å sjå ned på aktivitetsflate idrettshall.

#### Garderobedel:

Garderobedelen er dimensjonert utifrå samtidig bruk av idrettshall og aktivitetssalar.

#### 15.14-19 Garderober

Stk. x Areal: 6 stk x 25 m2.  
 Funksjon: Elevgarderober kroppsøving.  
 Persontal maks 30 elevar i kvar garderobe.  
 Lydkrav: Ja – mot korridor/idrettshall.  
 Plassering i anlegget: Base for kroppsøving- i tilknytning til idrettshall/aktivitetssalar.  
 Kritiske rommål (b x l x h): Fri høgde min 2,5m.  
 Fast inventar og utstyr: Veggmonterte sitjebenkar b=500mm (l=0,4m pr.elev), 30 doble kleknaggar og 1 vaskrenne med spegel pr. garderobe. Kontakter og hylle / speil for hårfønar.  
 Overflater: Enkelt reinhald.  
 Andre krav: Skjerming mot innsyn.

#### 15.20-25 Dusjrom

Stk. x Areal: 6 stk x 15 m2.  
 Funksjon: Dusjrom i tilknytning til garderober  
 Persontal 6 samtidig pr. dusjrom, inkl. 1 plass tilrettelagt UU.  
 Lydkrav: Ope mellom garderobe – dusjrom.  
 Plassering i anlegget: Tilkomst frå garderober.  
 Kritiske rommål (b x l x h): Fri høgde min 2,5m.  
 Fast inventar og utstyr: 6 dusjhoder og 1 handklehylle med 12 plassar pr. dusjrom. Hyller for sjampoflasker, montert ved dusjar.  
 Handtak og sete for UU i samsvar med rettleiar V-0511B frå Kulturdep.  
 Andre krav: Skjerming mot innsyn. Nb! Fall til sluk!

#### 15.26-29 WC

Stk. x Areal: 4 stk x 3 m2.

Funksjon: wc i tilknytning til garderober.  
Persontal 1  
Lydkrav: Ja  
Plassering i anlegget: Base for kroppsøving- i tilknytning til 4 garderober.  
Stk. x Areal:	1 stk 8 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Rom for sugemotor og filter, evt også kompressor . Kompressoren kan ligg i ein anna etasje enn klinikken.
Persontal	1
Lydkrav:	Ja, i samsvar med NS 8175, støy frå tekniske installasjonar, klasse C.
Plassering i anlegget:	I utkanten av klinikken pga. støy.
Transportopningar:	Vurderast spesielt.
Spesialutrustning:	Sugemotor, kompressor, vassfilter.
Andre krav:	Godt lydisolert, kjøling.

### **20.36 Lager til rullestol etc.**

Stk. x Areal:	1 stk 6 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Lager for rullestol/seng, evakueringsmatte og større gjenstandar.
Persontal	1
Plassering i anlegget:	Ved behandlingsrom med pasientheis.
Laust inventar og utstyr:	Rullestol, seng, matter.

### **20.37 Lager til dentale forbruksvarer**

Stk. x Areal:	1 stk 17 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Lager til forbruksvarer.
Persontal	1
Plassering i anlegget:	Praktisk i forhold til varelevering. Sentralt plassert for behandlingsromma.
Fast inventar og utstyr:	Opne hyller for større artiklar i lukka forpakning. Det er og ønskelig med skap og skuffeseksjon for lagring av mindre artiklar (blir og mindre støy).
Laust inventar og utstyr:	Kjøleskap til forbruksvarer som skal lagrast kjøleg.

### **20.38 Reinholdsrom (etasjelager)**

Stk. x Areal:	1 stk 6 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Oppbevaring av reinholdstralle og papir/såpe osv.
Persontal	1
Fast inventar og utstyr:	Utslagsvask.
Laust inventar og utstyr:	Hyller for reinholdsutstyr, toalettpapir m.v. Reinholdstralle.

### **20.39 Data/tavlerom**

Stk. x Areal:	1 stk 4 m <sup>2</sup> .
Funksjon:	Eige tavle/datarom for tannklinikken.
Persontal	1
Laust inventar og utstyr:	Datarack 800x800mm.
Teknisk:	Veggplass for el-tavle 1500x800mm. Eventuelt EI-tavle som nisje i korridor.

## **5.21 Utomhus**

### **Målsetting:ydelen**

Øyrane vidaregåande skule har eit spesielt flott opparbeida grøntområde og fekk i 2005 pris for «vakreste uteanlegg» frå Sogn og Fjordane haglelag. Det er ei overordna målsetting at kvalitetsnivået som ein i dag har ved Øyrane vg skule skal vidareførast i nye utomhusanlegg for nye Førde vidaregåande skule.

Utomhusplanen skal ha god logistikk og ei taltalande og heilskapeleg utforming. Det skal leggst vekt på utforming og materialbruk som er spennande og skapar identitet. Utforminga skal planleggast slik at ein kan forebygge mobbing og hærverk og det skal vere enkelt å halde oversikt over området. Uteområdet må belysast slik at det fremstår som lyst og trygt. Deler av uteområdet utformast for aktivitetar som kan nyttast til undervisning i kroppøving. Utearealet ved den vidaregåande skulen skal også ha ein viktig funksjon utanom skuletid og innby til bruk både for elevar på skulen og for barn og unge i bydelen.

Det skal leverast ein ny samla utomhusplan for heile skuleområdet som viser eksisterande og nye utomhusanlegg. Utomhusplanen skal danne grunnlag for detaljregulering.

Utomhusplanen skal omfatte heile entreprisearealet, inkludert offentleg park/leikeareal avsett som føremålsområde BAT i områdeplanen. Entreprenør skal oppgje separat pris for planlagt opparbeiding av offentleg park/leikeområde (BAT), då dette inngår som fellesareal for alle utbyggarane på Indre Øyrane. Pris og omfang av opparbeiding for føremålsområde BAT vert teke med som opsjon til prosjektet.

#### **5.21.1 Eksisterande uteområde**

Den vidaregåande skulen på Øyrane har eit spesielt flott opparbeida grøntområde, med høg kvalitet på utforming av parkanlegg, vasspegel og kunstnerisk utsmykking. Område som vert nytta som uteopphaldsareal er i hovudsak parkområde mot sør, mellom A- og B-blokka og Elektroblokka. Ytterkant av området har terrengvollar som lydvoll mot trafikk. Dagens kantine henvender seg til dette fine parkområdet mot sør. Her er etablert noko utvendig møblert areal direkte utanfor kantina. Supplerande kantineareal bør vende ut mot same uteområde.

Det er sett opp volleyballnett på plenen sommarstid, men skulen har elles lite opparbeida aktivitetstilbod på uteområdet.

Hovudtilkomsten i dag er i sør-austleg hjørne, der det er lagt inn sнопlass for buss og plass til oppstilling for to bussar. Vidare går det intern køyreveg rundt heile skuleområdet til vestsida av bygningsanlegget, til parkeringsområde og avdelingane for TIP, Bygg og Restaurant- og matfag. Alle desse programområda har vareleveransar med større køyretøy. Anna varelevering skjer inn dagens hovudinngang. På vestsida av Blokk B, ved Restaurant- og matfag, er det avfallsrom/ avfallshenting.

#### **5.21.2 Uteopphaldsareal:**


Skulen sitt uteopphaldsareal skal utformast slik at det inviterer til fysisk aktivitet og ulike typar sosialt samvær. Med uteopphaldsareal meiner ein park, plass/torg og eventuelle takterrasser. Krav til uteopphaldsareal er gitt i føresegnene til områdeplanen og skal i hovudsak løysast på eiga tomt/takterrasse og eventuelt ved bruk av område som i områdeplanen er sett av til park- og leikeområde for bydelen «Indre Øyrane». Dette parkområdet er avsett til felles offentleg leikeplass for målgruppa 0-18 år (BLK). Det er stilt krav om at dette fellesområdet skal sikrast ein blågrøn identitet med synleg vegetasjon og vasspegel. Dette området skal ha ei parkmessig utforming med plen for allsidig aktivitet, og i tillegg supplerast med område for aktivitetsapparat, sitjegrupper, terrengamfi m.v. Deler av området skal ha leikeapparat tilpassa den yngste målgruppa.

I område frå ny gangvegakse/ tilkomstveg til ny hovudinngang for skule- og idrettsdel skal ein etablere eit meir urbant tilkomstareal (plass/torg) med variasjon i dekke og kvalitet. Det skal etablerast soner for sosialisering med møbleringselement som toler hard bruk og kan stå ute. Den urbane delen skal ha innslag av grønt.

Ny bygningsdel som går over fleire etasjar bør ha tilbaktrekt etasjedel med tilrettelagt takterrasse, for at elevane skal ha kort veg til uteopphaldsareal i dei øverste etasjane. Denne/desse bør vere lett tilgjengeleg frå intern kommunikasjon og felles for elevar og tilsette.

#### **5.21.3 Tilkomst og trafikkløysingar**

«Førdepakken» er eit bompengeprojekt som omfattar 20 prosjekt i Førde sentrum. Vegprosjektet Indre Øyrane – Langebruvegen er del av «Førdepakken», og er ein ny veg som går på sørsida av Øyrane vgs. Dette vegprosjektet får sykkelveg og fortau som er planlagt som forlengelse av eksisterande tilkomstveg til Øyrane vgs. Her skal vegen gå vidare austover og med ny bru over «Løken» til området ved Førde Helsetun og vidare langs Langebruvegen. Målet for «Førdepakken» er betre trafikkkavvikling i Førde sentrum, urbant preg og gode kvalitetar og at talet på gåande og syklende skal auke. Normalprofilen forbi Øyrane vgs er planlagt som «Gate» som vist under:



Områdeplanen for Indre Øyrane og vegprosjektet i «Førdepakken» legg føringar for tilkomst og trafikkavvikling til nye Førde vgs. Ny tilkomst til Førde vgs skal skje frå nordsida, då ein har planlagt ny tilkomstveg frå eksisterande rundkjøring på Rv5 og inn til utbyggingsareal nord for skulen. Ein kan planlegge nye tilkomstvegar til skuleområdet frå denne nye tilkomstvegen.

Mellom eksisterande skuleanlegg og avsett areal til skule/barnehage og parkområde legg områdeplanen opp til ein gjennomgåande gangvegakse, frå nye bustadområde i nord og sørover til Førde sentrum. Delar av denne gangvegaksen kan vere køyrbar og det er opna opp for gjennomkøyring for buss og varelevering, men ikkje gjennomkøyring for vanleg bilkøyring. Det skal vere bom el.l. med adgangskontroll for gjennomkøyring.

Gangvegaksen vurderast som tilkomstareal til ny skule og idrettsdel. Tilkomstområde og inngangssoner/torg skal utformast på dei gåande sine premisser med ein urban karakter, og skal fungere som sosial myldre- og møteplass. Det skal vere mogeleg å køyre med mindre varebil/taxi heilt fram til hovudinngangar, for elevar med spesielle behov. Utforming av tilkomstveg og gangvegakse skal inngå i utomhusarealet. Likeeins så er det opna opp for at fylkeskommunen kan planlegge og bygge på areal avsett til undervisning/barnehage (BAT), på autsida av gangvegaksen. Område BAT og Parkområde BLK skal inngå i samla utomhusplan.

Det skal etablerast interne tilkomstvegar eller -soner til hovudinngang og andre inngangar for taxi, vareleveranse, avfallshenting og tilkomst for utrykkingskjøretøy, samt tilkomst for drift og vedlikehald og framtidig montering av stillas og tilkomst for lift langs bygning. Det skal etablerast oppstillingsplass for inntil 3 bussar i tilknytning til sentral gangvegakse gjennom området. Dette er oppstillingsplass for skulerute og for oppstilling buss ved skuleturar, idrettsarrangement eller liknande.

#### 5.21.4 Parkering

Det skal opparbeidast parkeringsplassar for tilsette og besøkande i samsvar med Førde kommune sin gjeldande parkeringsnorm. Førde vgs og Førde Tannklinikk har eit behov for min 200 p-plassar. I tillegg er det behov for parkering for sykkel og god p-plass til scooter/moped/MC. Endelege krav vert fastsett i detaljreguleringsplan.

Områdeplanen legg føringar for at mest mogeleg parkering skal plasserast under terreng. Fylkeskommunen ønskjer ei løysing der ein fordele krav til parkering om lag 50/50 % over og under terreng/bygning. Ein kan difor vurdere parkering under terreng både under nybygg skule og idrettsdel. Parkeringskjellarar skal kunne lukkast med port med adgangskontrollsystem.

Førde Tannklinikk vil ha kontinuerleg pasientbesøk og parkering må ligge lett tilgjengeleg til deira inngang. Det er krav om HC-parkering nær hovudinngang for skuledel, idrettsdel og Førde Tannklinikk.

Fylkeskommunen vil jobbe aktivt for at både tilsette og elevar skal sykle og gå meir til skulen. Sykkelparkering er til dels integrert i eksisterande uteområde, men må supplerast med fleire sykkeloppstillingsplassar. Mest mogeleg av sykkelparkeringa bør ha takoverbygg.

#### **5.21.5 Parkar og hagar**

Uteanlegga skal gjevast ei tiltalende utforming og bearbeiding som inviterer til aktivitet og sosialt samspel. Utomhusanlegget skal ha ei planding av parkmessig opparbeiding og torg/plass ved inngangssoner med meir urban karakter. Ein skal legge vekt på å bruke terrengforming og materiale som lagar variasjon og soner for ulik aktivitet, tilpassa elevgruppa på vidaregåande skule. Terrengforming kan og nyttast som støyskjerming mot veg og anna aktivitet. Parkeringsområde for bil/MC på terreng skal gjevast ei parkmessig innramming.

Uteopphaldsareal for elevane skal innehalde aktivitetsanlegg som er tilpassa opplæring i kroppsoving, for eksempel sandvolleyballbaner, parkområde for ball- og treningsaktivitet, utandørs stasjonstreningsapparat m.v. Aktivitetsanlegga kan plasserast innanfor byggeområde BU/BAT og fellesområde BLK (Leikeplass):

- Stor gras-slette (BLK).
- Mindre kunsgrasbane med merking for min. 5-ar fotballbane.
- 2 stk sandvolleyballbaner.
- Hinderløype med styrkeapparat for utandørs bruk – inntil 10 stasjonar.
- Mindre terrengamfi med «sceneplass».
- Utandørs møblering/sitjegrupper.

Lokal overvannshandtering:

Overvatn skal rensast, fordrøyast eller på andre måtar nyttast lokalt. Opne og naturlege fordrøyningsløysningar skal veljast framfor å la vatnet gå i kummar og sluk, for eksempel tørre fordrøyningsbasseng eller infiltrasjonsbasseng/regnbed. Aktuelle tiltak på bygning for open overvannshandtering er fråkobling av takrenner som vert leda ut på plen eller til regnbed, vegetasjon på tak (grønne tak), klatreplanter.

#### **5.21.6 Andre utomhusanlegg**

Øvrige område / overskytande areal som ikkje vert omfatta av ovanståande krav, skal opparbeidast som t.d.: grasareal, beplantning og fast belegg.

Det skal avsetjast plass for 3 stk øvingstolpar h=3m nær elektroavdeling / energimontørutstyr. Stolpane må stå på grasareal / plen.

Det skal etablerast miljøstasjon, sjå gruppe 16 Bygningsdrift.

## **6 Romprogram**

Skulen sine vurderingar i høve til læreplanar, referansar frå andre skular (Askøy, Åsane, Voss, Sogndal) og FEF-modellen, er lagt til grunn ved utarbeiding av romprogrammet.

Parkeringskjellar og miljøstasjon er ikkje lista i romprogrammet, men skal vere med i prosjektet.



# Romprogram ny skule

Dato: 2019-03-12

Rom nr. nybygg	Rom nr. eks. bygg	Romfunksjonar	Stk	M2 nto	M2 Sum
		<b>Teiknforklaring:</b> Eksisterande romfunksjonar, gjenbruk Eksisterande romfunksjonar, ombygging Nye romfunksjonar Riving Areal utan farge (bygg og tip) er areal som ikkje er egne grunna manglande funksjonalitet. Arealet er ikkje med i sum.			
		<b>Sum nettoareal FVS</b>			<b>20227</b>
		Samla nettoareal gjenbruk			5976
		Samla nettoareal ombygging			1001
		Samla nettoareal nybygg			13250
		Samla nettoareal riving			1240
		<b>01 Bygg og anleggsteknikk (BA)</b>			<b>1966,2</b>
			stk	m2	
		Sum nettoareal gjenbruk			1465,2
		Sum nettoareal ombygging			0
		Sum nettoareal nybygg			501
		Sum nettoareal riving			245,6
		<b>Terorirom</b>			
		<b>Blokk C Plan 1:</b>			
01.01	C102	Lærararbeidsplassar			59
01.02	C103	Klasserom 24 elevar (samf.fag)			57,5
01.03	C131	Klasserom			39,2
01.04	C132	Klasserom			39,2
01.05	C133	Klasserom			50,7
		<b>Nye rom:</b>			
01.06-10		Klasserom	5	50	250
01.11-13		Grupperom	3	12	36
		<b>Kaldt lager Plan 2:</b>			
01.14		Arbeidsplasser			28,2
01.15		Arbeidsplasser			27,6
01.16		Wc			1,8
		<b>Verkstadar</b>			
		<b>Blokk C Plan 1:</b>			
01.17	C108	Verkstad			298,4
01.18	C109	Lærer			8,5
01.19	C118	Verkstad			292,2
01.20	C119	Lærer			8,5
01.21	C120	Verktøy			18
01.22	C128	Verkstad			280,8
01.23	C129	Lærer			8,5

Revidert 08.03.19

01.24		Lager, verkstad			16,6
		<b>Blokk C Plan 2:</b>			
01.25	C220	Mezzanin. Øvingsrom/Grupperom			33,4
01.26		Verksted/undervisning, mezzanin			71,1
01.27		Bod, mezzanin			3,5
		<b>Kaldtlager Plan 1:</b>			
01.28		Verkstad mur / Puss			58,4
01.29		Verkstad/lager			34,5
01.30		Blanderom			30,9
01.31	110	Kaldtlager			294,9
01.32		Garasje/lager (50% av 24,3m2)			12
01.33		Lager forbruksmateriell (olje, dekk...)			15
01.34		Lager i telt			85
		<b>Nye rom:</b>			
01.35		Verkstad i teknologihall	1	200	200
		<b>Garderobes</b>			
		<b>Blokk C Plan 1:</b>			
01.36	C106	Garderobe			11,2
01.37	C107	HC WC			5
01.38	C111	Garderobe			9,9
01.39	C112	WC			1,3
01.40	C113	Garderobe			9,9
01.41	C114	WC			1,3
01.42	C117	Dusj			3,2
01.43	C121	Garderobe			9,9
01.44	C123	Garderobe			9,9
01.45	C124	WC			1,3
01.46	C125	WC			1,3
01.47	C126	Garderobe			10,5
01.48	C127	WC			1,8
01.49	C130	Garderobe			10
01.50	C134	Garderobe			10,9
01.51	C135	WC			1,3
01.52	C136	WC			1,3
		<b>Blokk C Plan 2:</b>			
01.53	C231	Garderobe			16,6
		<b>Nye rom:</b>			
01.54		Garderobe elevar	1	15	15

## 02 Teknikk og industriell produksjon (TIP)

1983,2

Revidert 08.03.19			stk	m2	
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			1391,2
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			12
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			580
		<b>Sum nettoareal riving</b>			252,4
		<b>Teorirom</b>			
		<b>Blokk D Plan 1:</b>			
02.01	D105	Klasserom			57,6
02.02	D106	Klasserom			40,1

02.03	D107	Klasserom			40,1
02.04	D108	Arbeidsplassar			28,5
02.05	D108a	Grupperom			28,5
02.06	D109	Klasserom / datarom			57,6
02.07	D131	Gruppe/el			20,7
		<b>Nye romfunksjonar</b>			
02.08		Klasserom køyretøy	1	75	75
02.09-11		Klasserom	3	50	150
02.12		Grupperom	1	12	12
02.13		Grupperom	1	12	12
02.14		Datarom	1	60	60
		<b>Verkstadar</b>			
		<b>Blokk D Plan 1:</b>			
02.15	D110	Mekaniker Grunnkurs			153,3
02.16	D111	Verktøy			9,3
02.17	D112	Lærar			9
02.18	D113	Lærar			8,8
02.19	D114	Verktøy			7,7
02.20	D115	Samanføyning			129,5
02.21	D116	Sliperom			22,8
02.22	D118	Lærar			9
02.23	D119	Mekanisk verkstad VKI			154,6
02.24	D120	Lager			24,3
02.25	D128	Lager			44,2
02.26	D130	Bilverkstad			411,7
02.27	D132	Modellrom/klasserom			89,7
02.28	D132B	Elektrolab			69,5
02.29	D133	Lærar			15,1
02.30	D134	Overhaling			34,9
02.31	D138	Lager			14,2
		<b>Blokk D Plan 2:</b>			
02.32	D219	Mezzanin (ikkje tenleg for undervisning)			39,7
		<b>Blokk F</b>			
02.33	104	Lager TIP (kaldtlager blokk F)			126
		<b>Nye romfunksjonar</b>			
02.34-35		Utgår	0	0	0
02.36		Verkstad plate / sveis i teknologihall	1	220	220
		<b>Garderober</b>			
		<b>Blokk D Plan 1:</b>			
02.37	D117	Elevgarderobe (tidl. Verktøy)			9,3
02.38	D122	HC WC/Dusj			6,3
02.39	D123	Gardeobe			12,2
02.40	D124	WC			1,7
02.41	D125	Garderobe			5,7
02.42	D126	WC			1,7
		<b>Blokk D Plan 2:</b>			
02.43	D205	Vaskerom			18,9
02.44	D206	Garderobe			7,3
02.45	D207	Garderobe			8,3
02.46	D208	Garderobe			8,3

02.47	D209	Garderobe			8,3
02.48	D210	Garderobe			7,3
02.49	D211	WC			1,4
02.50	D212	WC			1,4
02.51	D213	Dusj			1,9
02.52	D214	WC			1,4
02.53	D215	WC			1,4
		<b>Nye romfunksjonar</b>			
02.54-56		Garderobe elevar	3	15	45
02.57		Garderobe lærarar H	1	12	12
02.58		Garderobe lærarar D	1	6	6

### 03 Medier og kommunikasjon (ME)

584
-----

		stk	m2	Sum
Revidert 16.12.18	<b>Sum nettoareal nybygg ME</b>			<b>584</b>
	<b>Teorirom</b>			
03.01-3	Basisklasserom Vg1, Vg2, Vg3	3	85	255
03.04	Gruppe/samtalerom			12
	<b>Verkstad og lager</b>			
03.05	Fotostudio (stort)			80
03.06	Fotostudio (lite)			30
03.07	Filmstudio			95
03.08	Kontrollrom (regirom)			20
03.09	Lydrom (stort)			50
03.10	Lydrom (lite)			12
03.11	Utstysrom/lager			30

### 04 Kunst, design og arkitektur (KDA)

667
-----

		stk	m2	Sum
Revidert 28.01.19	<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>667</b>
	<b>Teorirom</b>			
04.01-2	Basisklasserom Vg1 og Vg2	2	85	170
04.03	Basisklasserom Vg3			110
04.04	Grupperom			12
	<b>Verkstad og lager</b>			
04.05	Verkstad tre og keramikk			55
04.06	Verkstad grafikk og trykk			45
04.07	Rom for keramikkovn			10
04.08	Verkstad formgjeving			100
04.09	Verkstad teskstil			65
04.10	Maskinrom			50
04.11	Lager/oppbevaring			25
04.12	Materiallager, modellrom			25

### 05 Spesialrom - realfag, naturfag, teknologi

670
-----

stk	m2	Sum
-----	----	-----

<b>Revidert 13.12.18</b>	<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>670</b>
05.01-2	Naturfagrom	2	100	200
05.03	Biologi lab			100
05.04	Fysikk lab			100
05.05	Kjemi lab			100
05.06-7	Førebuingsrom	2	45	90
05.08	Førebuingsrom			25
05.09	Kjemikalierom			10
05.10	Vekstrom			10
05.11	Utstyslager			15
05.12-13	Grupperom	2	10	20

## 06 Helse og oppvekst (HS)

<b>910</b>
------------

			stk	m2	Sum
<b>Revidert 13.12.18</b>	<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>				<b>509</b>
	<b>Sum nettoareal ombygging</b>				<b>402</b>
	<b>Sum nettoareal nybygg</b>				<b>0</b>
	<b>Teorirom</b>				
06.01	B218	VG1 Klasserom HO			60
06.02	B210	VG1 Klasserom HO			60,5
06.03	B220	VG1 Klasserom HO			56,5
06.04	A204	VG2 Klasserom Helsearbeiderfag			60,7
06.05	A207-8	VG2 Klasserom Helsearbeiderfag			61
06.06	B212	VG2 Klasserom Helse Service			33
06.07	B208-9	Grupperom	2	12	24
06.08	B208	Grupperom	1	15	15
06.09	A207	Grupperom	2	12	24
06.10	B211	Samtalerom	1	3,5	3,5
	<b>Praksisrom</b>				
06.11	B210	VG2 Verkstad HS Laboratorium			11,3
06.12	B215	VG2 Verkstad H Kjøken			77,3
06.13	A209	VG2 Verkstad HS Pleie	2	30	60
06.14	A210	Lintøy			10
06.15	A210	Skyllerom			10
06.16	A210-11	VG2 Verkstad H Praksisleilegheit	1	60	60
06.17	B216	Lager			10,3
06.18	B217	Lager			12,8
06.19	B221a	Lager			6,1
06.20	B221	Lager			9,3
	<b>VG2 Barne og ungdomsarbeidar</b>				
06.21	A313	Grupperom			12,8
06.22	A314	VG2 Klasserom BUA			122,2
06.23	A314a	Lager			6,4
06.24	A311	Garderobe felles - besøkande	1	12,8	12,8
06.25	A312	Grupperom	1	9,4	9,4
06.26	A309	Materiallager	1	6,4	6,4
	<b>VG2 Ambulansefag</b>				
06.27	A215	Klasserom AF	1	50	50
06.28	A215	Utstysrom	1	25	25

## 07 Restaurant og matfag (RM)

751
-----

			stk	m2	Sum
Revidert 26.02.19		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			<b>751</b>
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>0</b>
		<b>Teorirom</b>			
07.01	B213	Klasserom Vg1/Vg2			37,4
07.02	B214	Klasserom Vg1/Vg2			39,1
		<b>Praksisrom</b>			
07.03	A139	Restaurant			68,7
07.04	A145	Teknisk lager kjøkken			6,1
07.05	A146	Bod/utgang			2,3
07.06	A147	Bar			7,8
07.07	B108	Kontor			6,3
07.08	B109	Storkjøkken			125,6
07.09	B110	Storkjøkken			123,5
07.10	B111	Oppvask/skrubb			27,8
07.11	B112	Kontor			9,4
07.12	B113	Grovkjøkken			19,8
07.13	B114	Konditori			19,4
07.14	B115	Tørrvarelager			6,9
		Tørrvarelager			7
07.15	B116	Spiskammer			7,5
07.16	B117	Kjøkken			50
07.17	B118	Lager			5,8
07.18	B119	Vaskeri			25,6
07.19	B120	Kjøøl			7,9
07.20	B121	Frys			7,7
		Frys			5
07.21	B122	Tørkerom (tidl. Søppel)			7,7
07.22	B123	Kjøøl			6,1
07.23	B124	Kjøøl			7,2
07.24	B125	Kjøøl			6,5
		<b>Garderober</b>			
07.25	(B126)	Garderobe tilsette			7,1
07.26	B127	Elevgarderobe			25,8
07.27	B128	Dusj			2,8
07.28	B129	Vask			5
07.29	B130	WC			1,3
07.30	B131	WC			1,3
07.31	B132	WC			1,3
07.32	B133	Elevgarderobe			33,4
07.33	B134	Vask			5
07.34	B135	WC			1,3
07.35	B136	WC			1,3
07.36	B137	WC			1,3
07.37	B138	Dusj			2,8
07.38	B140	Garderobe tilsette			12

07.39	B141	WC			1,7
07.40	B142	Lager			3,1

## 08 Elektrofag (EL)

852
-----

Revidert 28.02.19			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal nybygg EL</b>			<b>852</b>
		<b>Sum nettoareal riving Blokk E</b>			<b>742</b>
		<b>Teorirom</b>			
08.01		Klasserom/verkstad - VG1			100
08.02		Klasserom/verkstad - VG1 EL			100
08.03		Klasserom/verkstad - VG1 EL			100
08.04		Klasserom/verkstad - VG2 Data og elektronikk			100
08.05		Klasserom/verkstad - VG2 EL			100
08.06-08		Grupperom	3	12	36
08.09-10		Gruppe/Samtalerom	2	8	16
		<b>Verkstad og lager</b>			
08.11		Verkstad i teknologihall			160
		Installasjonshus i to høgder, h= ca. 5,4m		25	
		Teorisone		45	
08.12		Lager		15	
08.13		Energimontør-utstyr		25	
08.14		Høgspenlab - trafo		25	
08.15		Nettverkslab			25
08.16		Teknisk rom			25
08.17		Etserom (kjemisk)			6
08.18		Datalab (VG2)			60
08.19		Serverrom			6
08.20-22		Lager v/ klasserom	3	6	18

## 09 Service og samferdsle (SS)

145,7
-------

Revidert 16.12.18			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			<b>121,7</b>
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			<b>24</b>
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>0</b>
		<b>Teorirom</b>			
09.01	A304	Klasserom			60,7
09.02	A305	Klasserom			61
09.03-4	A306a/-8	Grupperom	2	12	24

## 11 Fellesrom

1571
------

Revidert 07.02.19			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal eksisterende bygg</b>			<b>88</b>
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			<b>20</b>
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>1463</b>
		<b>Teorirom</b>			
11.01-13		Teorirom 30 elever	13	75	975

11.14-22		Gruppe/samtalerom - 4-6 personer	9	8	72
11.23-30		Grupperom - 8-10 personer	8	12	96
11.31-32	A211	Grupperom - 6-8 personer	2	10	20
11.33		Auditorium 200 plassar	1	220	220
11.34	A124	Auditorium			87,8
11.35		Prosjektrum i teknologihall	1	100	100

## 12 Elevtenester inkl. oppfølgingstenester

240
-----

Revidert 14.12.18			stk	m2	
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			0
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			56
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			184
		<b>Elevtenestene:</b>			
12.01-05		Kontor rådgjevar	5	8	40
12.06-07		Kontor miljøkoordinator	2	8	16
12.08-09		Kontor helsesøster	2	8	16
12.10		Kontor koordinator for nærversarbeid	1	8	8
12.11		Kontor NAV i skulen	1	8	8
12.12-14		Kontor PPT	3	8	24
12.15		Kontor ekstra for OT / BUP (sambruk)	1	8	8
12.16-17		Kvilerom / samtalerom	2	10	20
12.18		Venterom	1	10	10
12.19		Møterom	1	20	20
12.20		Lager utstyr	1	12	12
12.21		Toalett tilknytt helsesøster / venterom	1	2	2
		<b>Oppfølgingstenestene (OT)</b>			
12.22-23	A213/-14	Kontor	2	8	16
12.24	A213	Gruppe / aktivitetsrom	1	40	40

## 13 Fellesområde - "Hjarte i skulen"

2116
------

Revidert 26.02.19			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			200
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			110
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			1806
		<b>Vestibyle/torg/vrimleareal</b>			
13.01		Vindfang	1	20	20
13.02		Vestibyle - skuleborg	1	250	250
13.03		Eksepedisjon/lager	1	10	10
13.04		Glasgård - vrimleareal og buffer kantine	1	350	350
13.05		Sosiale møteplassar - del av gangareal	8	10	80
13.06		Elevskap - fordelt på etasjar/basar	1	100	100
13.07		Miljøstasjonar - nisje i korridor	6	3	18
		<b>Kantine</b>			
13.08		Spiseareal eksisterande kantine - 160 p	1	200	200
13.09		Spiseareal utvida kantine - 200 p			240
13.10		Spiseareal utvida kantine ombygging - 90 p			110
13.11		Serveringsareal			30
13.12		Kjøkken - kaldmat og enkel varmmat			45



13.13		Oppvask			15
13.14		Fryselager			5
13.15		Kjølelager			5
13.16		Tørrvarelager			5
13.17		Garderobe tilsette			6
13.18		WC			1,5
13.19		Varemottak			8
13.20		Reinhaldsrom kantine			1,5
13.21		Kantinekontor			6
		<b>Bibliotek</b>			
13.22		Hovudrom bibliotek - eksepedisjon	1	250	250
13.23-27		Møte/Grupperom	5	15	75
13.28		Kontor	1	10	10
13.29		Magasin/lager	1	20	20
13.30		Stille lesesal	1	75	75
13.31		Multimediarom	1	30	30
13.32		Arbeidsstove/printerrom/VR	1	50	50
		<b>Toalett for elever og publikum</b>			
13.33		Toalett	30	2	60
13.34		Toalett HC	4	6	24
13.35		Kvilerom	2	8	16

## 14 Adm. og personalfunksjonar

1749

Revidert 88.03.19			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			<b>298</b>
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			<b>197</b>
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>1254</b>
		<b>Leiing</b>			
14.01-03b		Kontor leiing	4	8	32
14.04-05		Kontor - ass. rektor	2	12	24
14.06		Teamrom/møte	1	18	18
14.07-12		Kontor - Avdelingsleiarar Base 1 og 3	6	8	48
14.13-14	A227	Kontor - Avdelingsleiarar Base 2	2	8	16
		Kontorstøtte mm:			
14.15		IKT Teamkontor	1	24	24
14.16		IKT Lager	1	7	7
14.17		E-pedagog Teamkontor	1	15	15
14.18	A113	Kontor - plasstillitsvald	1	8	8
		<b>Ekspedisjon og merkantile tenester</b>			
14.19		Kontor/Ekspedisjon inkl. ventesone	1	25	25
14.20-23		Kontor merkantil	4	8	32
14.24		Lærlingkontor	1	8	8
14.25		Print/kopi	1	25	25
14.26		Lager/rekvisita	1	25	25
14.27		Arkiv/Verdirom	1	25	25
		<b>Toalett og garderobe leiing/merkantil</b>			
14.28		Forrom toalett	1	8	8
14.29-30		wc - Dame	2	2	4
14.31-32		wc - Herre	2	2	4

14.33		HCWC	1	6	6
14.34-35		Garderobenisje i korridor	2	2	4
		<b>Lærararbeidsplassar</b>			
14.36-38		Kontorarbeidsplassar teamrom fordelt i 3 basar	1	852	660
		(Gjenbruk eks. lærararbeidsplassar i A-blokka)			173
14.39-40		Uformelle møteplassar i tilknytning lærarbase	2	10	20
14.41		Uformelle møteplassar i tilknytning lærarbase	1	10	10
14.42		Stillerom	3	4	12
14.43-50		Møte/grupperom ved lærararbeidsplassar	8	15	120
14.51	A223	Samtalerom	1	5	5
14.52	A224a	Møte / grupperom	1	20	20
14.53-55		Print/kopi	3	5	15
		<b>Toalett og garderobe lærararbeidsplassar</b>			
14.56-57		Garderobenisje korridor	2	2	4
14.58-59		Forrom toalett	2	8	16
14.60-63		wc - Dame	4	2	8
14.64-67		wc - Herre	4	2	8
14.68-69		HCWC	2	6	12
14.70	A219	Forrom toalett			15
14.71	A217	wc - Dame - 2 stk			9
14.72	A218	wc - Herre - 2 stk			9
14.73	A221	HCWC			8
		<b>Felles møterom</b>			
14.74		Møterom til 12 p	1	20	20
14.75	A233	Møterom til 15 p	1	35	35
14.76		Møterom til 12 p	1	20	20
14.77		Møterom til 12 p	1	20	20
		<b>Personalrom</b>			
14.78		Personal/pauserom med sitjeplass for 110 p (1/2)			150
14.79-80	A129-30	Toalett	2	3	6
14.81		Kvilerom	1	8	8
14.82		HC toalett/dusj/garderobe	1	8	8

## 15 Kroppsøving

2882

Revidert 26.02.19			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal ny bruk</b>			<b>2882</b>
		<b>Aktivitetssalar</b>			
15.01		Normalhall 25 x 45 m	1	1125	1125
15.02-03		Lager - idrettsmateriell	2	100	200
15.04		Sekreteriat/teknisk rom	1	15	15
15.05		Skyveamfi/scene	1	40	40
15.06		Styrkerom	1	150	150
15.07		Spinningsal	1	60	60
15.08		Kondisjonssal	1	100	100
15.09		Aktivitetssal	1	500	500
15.10-11		Lager aktivitetssalar	2	8	16
15.12		Lager bord/stolar	1	20	20
15.13		Tribune/galleri	1	150	150

		<b>Garderobedel</b>			
15.14-19		Garderober	6	25	150
15.20-25		Dusjrom	6	15	90
15.26-29		wc til 4 garderober	4	3	12
15.30-31		HCWC til 2 garderober	2	6	12
15.32		Grovgarderobe utegym	1	12	12
15.33		HCWC-garderobe/dusj/stellerom	1	15	15
15.34-37		Garderobe instruktør	4	10	40
15.38-39		Garderobe elev/tilsett	2	6	12
15.40		Tørke- og vaskerom	1	8	8
		<b>Publikumsdel</b>			
15.41		Vestibyle	1	50	50
15.42		Kiosk	1	20	20
15.43		Publikumstoalett Dame	1	15	15
15.44		Publikumstoalett Herre	1	15	15
15.45		HCWC	1	6	6
		<b>Drift</b>			
15.46		Reinhaldssentral	1	20	20
15.47		Etasjelager 2.etg.	1	4	4
		<b>Uteområde</b>			
15.48		Utelager	1	25	25

## 16 Bygningsdrift

1698
------

Revidert 26.02.19			stk	m2	
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			<b>1023</b>
		<b>Sum nettoareal ombygging</b>			<b>180</b>
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>495</b>
		<b>Drift og vedlikehold:</b>			
16.01	A109	Kontor driftsleiar			8
16.02	A106-108	Teamkontor			36
16.03	A105 m.fl.	Verkstad / lager			40
16.04	A127	Garderobe			12
16.05	A129	Wc			2
16.06	A134	Stollager (omdisp. eksist. rom?)			25
16.07		Varemottak			30
16.08		Bossrom			30
16.09	A 120	Lager / verkstad BET			5
16.10	A125	Stollager (teknisk / sprinkler)			23
16.11	Blokk G	Lager drift (slåtteutstyr + div) ventilasjonsrom			16
16.12	Blokk G	Garasje / Lager BET (lift, feiemaskin, fliskuttar + div)			20
16.13	Blokk G	Lager/verkstad drift (røyrløggar)			10,8
16.14	D 220	Lager drift			30,6
16.15	D 221	Lager kjemikalier drift / BET			3
16.16	A 216	Felleslager drift / reinhald			7,1
16.17	Blokk F	Lager, garasje, verkstad, malingsrom BET Sunnfjord			217
		<b>Reinhald:</b>			
16.18	A110	Kontor reinhaldsleiar			8
16.19	A111-112	Teamkontor			20
16.20	A135	Reinhaldsentral			40

16.21		Lager forbruksmaterieell (omdisp. eksist.rom?)			20
16.22-28		Reinhaldsrom	7	5	35
16.29	A126	Garderobe			12
16.30	A130	Wc			2
16.31	A 216	Felleslager reinhald/drift			7
16.32	A234	Bøttekott			5,5
16.33	A 317	Bøttekott			5,5
16.34	B 126	Bøttekott			5
16.35	B 139	Bøttekott/krigsventilasjon			10
16.36	B 203	Bøttekott			5,5
16.37	C 116	Bøttekott			3,5
16.38	D 127	Bøttekott			4
16.39	E 119	-			2,5
		<b>Tekniske rom:</b>			
16.40-50		Nye tekniske rom (sum m2, talet på rom tilpassast)			400
16.51	A 316	Teknisk rom ventilasjon / varmfordeling / tavlerom			181
16.52	B 106	Teknisk rom ventilasjon / varmfordeling / tavlerom			47,6
16.53	C 210	Teknisk rom ventilasjon / varmfordeling / tavlerom			61,5
16.54	C 230	Teknisk rom ventilasjon			12,7
16.55		Sponavsug/støvsugar			20
16.56	D 137	Hovudtavle			11,7
16.57	D 220	Lager drift			30,6
16.58	D 221	Lager kjemikalier			3
16.59	D 222	Teknisk rom varmesentraler / tavlerom			99,1
16.60	D 222 a	Teknisk rom ventilasjon / tavlerom			99,8
16.61	E 104	Teknisk rom ventilasjon / varmfordeling / tavlerom			30

## 17 Vaksenopplæring

532
-----

Revidert 14.12.18			stk	m2	
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			79
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			453
		<b>Vaksenopplæring</b>			
17.01-05		Klasserom fellesfag (+kveldstid frå Hafstad).	5	75	375
17.06-09		Grupperom / samtalerom	4	12	48
17.10-11		Garderober elevar	2	15	30
		<b>GMU</b>			
17.12	B223	Klasserom			42,8
17.13	B206	Grupperom / samtalerom			36,2

## 18 Arbeids og kvardagstrening

298,8
-------

Revidert 14.12.18			stk	m2	
		<b>Sum nettoareal gjenbruk</b>			50,8
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			248
18.01		Klasserom	1	40	40
18.02	B207	Klaserom ved RM / HO	1	30	30
18.03		Grupperom	1	12	12
18.04		Grupperom	1	10	10

18.05		Opphald kjøken	1	50	50
18.06		Kvilerom /sanserom	1	10	10
18.07		Garderobe elevar	1	24	24
18.08		Kontor (6 arb.pl.)	1	36	36
18.09-10		Garderobe tilsette	2	10	20
18.11-12		Dusj tilsette	2	2	4
18.13-14		Toalett	2	2	4
18.15		Toalett hc	1	6	6
18.16		Stellerom	1	15	15
18.17		Lager	1	12	12
18.18		Lager	1	5	5
18.19	C110	Arbeids og kvardagstrening /drift (tidl. Overflate)			20,8

## 19 Fagskule

0
---

## 20 Tannklinikk

611
-----

Revidert 06.02.19			stk	m2	Sum
		<b>Sum nettoareal nybygg</b>			<b>611</b>
		<b>Inngangsparti</b>			
20.01		Venterom	1		45
20.02		Resepsjon	1		12
20.03		Kopiroom	1		12
20.04-05		Pasienttoalett	2	4	8
20.06		Pasienttoalett HC	1		6
		<b>Behandlingsone</b>			
20.07-18		Behandlingsrom	12	20	240
20.19		Oppvåkningsrom	1		8
20.20-21		Sterilrom	2	25	50
20.22		OPG rom	1		9
20.23-24		Røntgen skanner rom	2	8	16
20.25		Labratorium	1		7
20.26		Teamrom kontor	1		15
		<b>Personalsone</b>			
20.27		Personalrom/møterom	1		50
20.28		Kontor klinikkleiar	1		18
20.29		Kontor spesialist etc.	1		18
20.30		Personalgarderobe med dusj/toalett H	1		12
20.31		Personalgarderobe med dusj/toalett D	1		30
20.32		Personaltoalett	1		4
20.33		Personaltoalett HC	1		6
20.34		Hentestasjon for arbeidstøy	1		4
		<b>Tekniske rom og lager</b>			
20.35		Teknisk rom for kompressor, sugemotor	1		8
20.36		Lager til personløfter, rullestol etc.	1		6
20.37		Lager til dentale forbruksvarer	1		17
20.38		Etasjelager	1		6
20.39		Data/tavlerom	1		4

## 7 Arealvurderingar

Vurderingane av areal i ny skule i høve til eksisterande skule er gjort med grunnlag i samanlikning av nettoareal (m<sup>2</sup> NTA). Det vert gjort særskilt merksam på at ulike areal og funksjonar i eksisterande og ny skule i varierende grad er mogleg å samanlikne. Rom- og sambruk endrar seg mellom skuleåra og i registrerings- og berekningsmetodane vil samanlikning av arealbruk mellom nokre av brukargruppene vere vanskeleg. Til dømes gjeld dette teorirom, grupperom, naturfagrom mv. Dette gjeld dei fleste gruppene, og i særskild grad gruppe 03, 04, 05, 11, 13, 15, 17, 18 og 20.

Ved utarbeidng av romprogrammet er det nytta FEF-tal saman med referanseskular i Hordaland og Sogn og Fjordane (Askøy, Åsane, Voss, Sogndal), og skulen sine vurderingar i høve til læreplanar. FEF-tala er ikkje direkte samanliknbare på alle områder. Både eksisterande og ny skule har meir areal enn FEF-modellen, og dagens paviljongskule legg vesentlege føringar for kva som er mogleg å oppnå. Føresetnaden for å bygge «ein skule» krev samanbygging av dagens funksjonar og nye funksjonar. Ansvar som eksamensskule, behov for særskilt tilrettelegging og vaksenopplæring på yrkesfag gir ekstra arealbehov. I tillegg medfører krav til grupperom, auka arealkrav til lærararbeidsplassar og krav til universell utforming arealauke i høve til dagens skule.

Netto arealbehov i ny skule er i romprogrammet summert til **20 227 m<sup>2</sup> NTA**. Eksisterande skule disponerer i dag **18 540 m<sup>2</sup> NTA**:

Øyrane vidaregåande skule	8586	m <sup>2</sup>
Concordbygget, ca.	400	m <sup>2</sup>
Begobygget	932	m <sup>2</sup>
Elvegården	246	m <sup>2</sup>
Hafstad vidaregåande skule	4809	m <sup>2</sup>
Førdehuset KDA, ca.	474	m <sup>2</sup>
Førdehuset kroppsøving, ca.	<u>3093</u>	<u>m<sup>2</sup></u>
Sum eksisterande skule	<u>18540</u>	<u>m<sup>2</sup> NTA</u>

Differansen mellom ny skule og eksisterande skule er 20227 – 18540 = **1687m<sup>2</sup> NTA**. Arealauken til pedagogisk formål er om lag 1200 m<sup>2</sup>, resterande auke er knytt til bygningsdrift og tannklinikk.

Skulen har 4 hovedbasar rundt Hjartet i skulen og har følgjande hovedfunksjonar:

### «Hjartet i skulen»:

For å oppfylle «Mål for den framtidige skulen» og skape «ein skule» skal nybygg etablerast i ei samla og kompakt løysing saman med eksisterande bygg. Heile skulen, med unntak av nybygg for kroppsøving, lager for driftsavdelinga og kaldlager for byggavdelinga, skal bindast saman med innvendig vrimleareal med korte gangavstandar organisert kring eit sentralt område: «Hjartet i skulen». Området må ligge nær hovudinngangen og skal vere senter for orientering og kommunikasjon. Hjartet i skulen skal signalisere openheit og legge til rette for samarbeid mellom lærarar og elevar, og samhandling mellom grupper av elevar. I Hjartet i skulen må det vere vrimleareal med sosiale møteplassar og område for kulturformidling (utstilling). Det må vere direkte tilgang til servicesenter/ resepsjon, kantine, bibliotek, samlingsrom m.v. Realisering av planane om å binde saman heile skulen krev integrering av fellesområde og innvendig vrimle- og kommunikasjonsareal.

Romprogrammet for «Hjartet i skulen» omfattar vestibyle/ torg/ vrimelareal, kantine og bibliotek, tilsaman 2116 m<sup>2</sup> nettoareal. Av dette er ca. 300m<sup>2</sup> gjenbruk / ombygging for kantineformål, det øvrige er nybygg. Basert på berekningsmetoden er arealet auka med om lag 280 m<sup>2</sup> i høve til eksisterande skule.

### Base 1, Studieførebuingsbasen:

Basen inneheld Medier og kommunikasjon, Kunst, design og arkitektur, Fellesrom for studiespesialisering, og Arbeids- og kvardagstrening.

Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur plassert med nær tilknytning til bibliotek vil vere ein ressurs for basen og for heile skulen, og vil vere eit viktig tilskot til utvikling av Hjartet i skulen.

Vaksenopplæring kan leggest til studieførebuingsbasen, det same gjeld elevtenester, OT og skuleleiing/personal. Elevtenester og skuleleiing / personal skal ha felles resepsjon. Tannklinikk kan evt. leggest til toppetasjen i basen.

Plassering av studieførebuingsbasen på sørsida av eksisterande hovedbygning vil skape ein trafikkstraum mellom basane gjennom Hjartet i skulen. Løysinga vil legge til rette for integrasjon mot eksisterande skule og utvikling av ein felles skulekultur.

Areal er omfordelt mellom brukargruppene. Dei vesentlegaste endringane er styrking av areal til gruppe- og samtalerom (lovpålagde elevsamtaler), skuleleiing og personalarbeidsplassar (jmf. forskrifter). Basert på berekningsmetoden er arealet auka med om lag 330 m<sup>2</sup>.

### **Base 2, Helsebasen:**

Eksisterande blokk A og B vert base for Helse og oppvekst, Restaurant og matfag, og Service og samferdsle. På Helse og oppvekst er det føresett ombygging for etablering av grupperom, og ombygging for å styrke praksislæringa på Helse og oppvekst. Det er medteke ombygging for etablering av grupperom på Service og samferdsle. I kalkylesamanheng er medteke ombygging for pauserom (ved kantine), bygningsdrift og lærarkontor. Elles er det føresett at basen kan gjenbrukast med minst mogleg grad av ombygging.

Hovedendringa i basen er at Helse og oppvekst har fått styrka praksisopplæringa med om lag 200m<sup>2</sup>.

### **Base 3, Teknologibasen:**

For styrke fagmiljøet og auke rekrutteringa til real- og teknologifaga skal avdeling for bygg, tip, elektro og spesialrom for realfag, naturfag og teknologi samlast i base nord: Teknologibasen. Basen vert etablert ved å bygge saman eksisterande avdelingar for Bygg og Tip med nybygg som inneheld teorirom, gruppe- og samtalerom, spesialrom, lab-rom, teknologihall med vekstadar, og prosjektrum. For å auke fleksibiliteten mellom avdellingane skal teknologihallen utformast som ein generell hall på 680 m<sup>2</sup> med høgde tilsvarande 2 etasjar. Hallen etablerer moglegheiter for tverrfagleg undervisning, gjennomføring av undervisning med stor fagleg bredde på vg1, styrking av praksislæring på vg2, undervisning i støttefag, og særskild tilrettelegging. Avdeling for kunst, design og arkitektur skal ha høve til å nytte verkstadane i teknologibasen i samband med prosjektarbeid. Gruppe 01 Bygg, 02 Tip, 05 Spesialrom og gruppe 08 Elektro og felles prosjektrum får omlag 100m<sup>2</sup> NTA meir enn dei har i dag.

### **Kroppsøvningsbasen:**

Undervisning i kroppsøving omfattar nye Førde vgs inkl. avdelinga på Mo. Ein har tidlegare nytta to store idrettshallar i Førdehuset, men planlegg no ein idrettshall (fleirbrukshall) og fleire mindre aktivitetssalar. Dette er i tråd med læreplanane i faget, som ønskjer å ha meir variasjon og mangfald i undervisninga, og auka behov for tilpassa opplæring. Førde vgs ønskjer å vidareføre programfag for breiddeidrett og tilrettelegging for toppidrett. Både idrettshallen og den største aktivitetssalen er tenkt brukt som skulen si «storstove», der ein kan samle alle eller ei større gruppe elevar til ulike arrangement og eksamen. Med oppdeling i fleire salar har ein større fleksibilitet til samtidig bruk, for eksempel gjennomføring av eksamen samtidig med undervisning kroppsøving.

For å oppfylle krav i spelemiddelordninga skal idrettshall og aktivitetssalar vere tilgjengeleg for lokale idrettslag og eigenorganisert aktivitet utanom skuletid. I tillegg er det forventningar om å ha noko tribunekapasitet slik at det også kan nyttast til arrangement.

Flytting av kroppsøvningsfaget til Indre Øyrane gir ikkje like gode føresetnader for utandørs aktivitet, då det er avstand til stadion og baner ved Førdehuset og Hafstadparken. Ein er difor avhengig av å etablere meir utandørs aktivitetsområde i tilknytning til skule og på felles offentleg parkområde på Indre Øyrane, slik at ein framleis kan gjennomføre utandørs kroppsøving i tilknytning til eigen idrettshall.

Kroppsøving disponerer i dag 3093 m<sup>2</sup> i Førdehuset. Nytt romprogram er 2882 m<sup>2</sup>. Direkte samanlikning av areal har mindre verdi.

■  
■  
**Bygningsdrift og andre funksjonar:**

Gruppe 16 Bygningsdrift omfattar rom som er naudsynt for drifta av skulen. Ny miljøstasjon inngår i prosjektet.

Gruppe 20 Tannklinikk har auka arealet med ca. 350 m<sup>2</sup> til 611 m<sup>2</sup>. Endra organisering av tannhelsetenesta ligg til grunn for endra arealbehov, og klinikken er dimensjonert med 12 behandlingsrom.

Parkeringskjellar er ikkje med i nytt romprogram, men den er med i budsjett med 100 plassar / 2000 m<sup>2</sup> NTA.